

# *Mange vegar til målet*

Sluttrapport

**Tiltaksplan 2009-2013**

**Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**



Foto: Nynorsksenteret/kib&morits

Del I

Del II

**Del III**



**NYNORSKSENTERET**  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



## NYNORSKSENTERET

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA | Høgskulen i Volda | Postboks 500 | 6101 Volda  
TELEFON: 7007 5197 | FAKS: 7007 5051 | VEBSITE: [www.nynorsksenteret.no](http://www.nynorsksenteret.no) | E-POST: [nynorsksenteret@hivolda.no](mailto:nynorsksenteret@hivolda.no)

# Informasjonsside

<b>TITTEL</b> <i>Mange vegar til målet</i> Sluttrapport Del 3	<b>RAPPORTNUMMER</b> 2/2013	<b>DATO</b> 6. september 2013
<b>PROSJEKTTITTEL</b> Tiltaksplan 2009-2013 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa	<b>TILGJENGE</b> Fritt	<b>TAL SIDER</b> 73
<b>FORFATTARAR</b> Torgeir Dimmen, Hjalmar Eiksund (red.), Gudrun Kløve Juuhl, Ingrid Slettevoll, Janne Karin Støylen, Marit Wadsten, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	<b>PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG</b> Torgeir Dimmen (senterleiar)	
<b>OPPDAGSGIVAR</b> Utdanningsdirektoratet	<b>EMNEORD</b> Nynorsk, hovudmål, sidemål, grunnleggjande ferdigheiter, skuleprosjekt, utviklingsprosjekt	
<b>SAMANDRAG</b> Del 1 av rapporten presenterer bakgrunnen for dei seks satsingsområda i tiltaksplanen. Del 2 oppsummerer erfaringane frå dei gjennomførte prosjekta. Del 1 og 2 er tilgjengeleg i eit eige dokument. For vidare lesnad, sjå nettstaden til Nynorskcenteret ( <a href="http://www.nynorsksenteret.no">www.nynorsksenteret.no</a> ). Del 3 inneholder ein detaljert gjennomgang av dei ulike samarbeidsprosjekta.		
<b>PRIS</b> Gratis	<b>ISBN</b> 978-82-7661-309-4	

# Innhald

Del III Kommenterte prosjektomtalar .....	1
Forord .....	2
Nynorsk i barnehagen.....	3
Innleiring.....	3
Tennfjord Barnehage, Haram kommune, Møre og Romsdal.....	3
Vegen vidare .....	6
Bergetippen barnehage, Aukra kommune, Møre og Romsdal.....	7
Bringedalsbygda barnehage, Kvinnherad kommune, Hordaland.....	8
Uskedalen barnehage, Kvinnherad kommune, Hordaland .....	9
Stranda Barnehage, Sund kommune, Hordaland.....	10
Olden barnehagen, Stryn kommune, Sogn og Fjordane.....	11
Røysmarka barnehage, Volda kommune, Møre og Romsdal.....	12
Vegen vidare .....	12
Nynorsk frå skulestart .....	14
Om prosjektet.....	14
Vikedal skule, Vindafjord kommune, Rogaland .....	15
Halsnøy skule, Kvinnherad kommune, Hordaland .....	16
Hystad skule, Stord kommune, Hordaland .....	17
Uskedalen skule, Kvinnherad kommune, Hordaland.....	18
Søfteland skule, Os kommune, Hordaland .....	19
Dingemoen skule, Fjaler kommune, Sogn og Fjordane .....	21
Tjødnalio skule, Stord kommune, Hordaland .....	22
Søre Fusa oppvekstsenter, Fusa kommune, Hordaland .....	23
Vegen vidare .....	24
Tidleg start med skriving på «den andre målforma».....	25
Våland skole, Stavanger kommunue, Rogaland.....	27
Hjortsberg skole, Halden kommune, Østfold .....	28
Brattholmen skule, Fjell konnmune, Hordaland.....	29
Kontaktpersonar: Vegen vidare .....	32
Liste over publikasjonar med utspring i prosjekt «Tidleg start» .....	34

Læreboeker og lærermiddel på nynorsk i andre fag enn norsk .....	35
Om prosjektet.....	35
Stavanger katedralskole, Stavanger kommune, Rogaland.....	38
Kolvikbakken ungdomsskole, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.....	39
Brandbu ungdomsskole, Gran kommune, Oppland.....	40
Vegen vidare .....	41
 Skriveopplæring i alle fag.....	43
Om prosjektet.....	43
Føringer i tildelingsbrevet til skulane.....	44
Firda vgs, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane og Valdres vgs, Nord-Arudal kommune, Oppland .....	45
Nesset kommune, Møre og Romsdal .....	48
Straumen skule, Tysvær kommune, Rogaland .....	52
Os barneskule, Os kommune, Hordaland.....	55
Seljord ungdomsskule, Seljord kommune, Telemark .....	57
Volda ungdomsskule, Volda kommune, Møre og Romsdal.....	61
Sund ungdomsskule, Sund kommune, Hordaland .....	63
Bø ungdomsskule, Bø kommune, Telemark .....	66
Bratteberg skule, Volda kommune, Møre og Romsdal .....	68
Oppsummering av erfaringar etter prosjektperioden.....	70
 Andre samarbeidsprosjekt.....	71
Kommunale prosjekt .....	71
Einskildskular .....	72
 Litteraturliste .....	73

## **Del III**

# **Kommenterte prosjektomtalar**

## **Forord**

Denne delen av sluttrapporten frå *Tiltaksplan 2009-2013* inneheld ein omtale av alle barnehage- og skuleprosjekta. Desse presentasjonane er tenkt som eit vedlegg til dei overordna oppsummeringane i del I og II. Omtalane er i hovudsak skrivne av kontaktpersonane/rettleiarane ved Nynorsksenteret, men dei inneheld også utdrag frå sluttrapportane frå dei lokale prosjektleiarane. Desse avsnitta er markerte med innrykk.

Alle prosjekta som har fått støtte er tatt med, men omtalane varierer ein god del både i omfang og oppbygging. Det er flest omtalar av prosjekt ved enkelte barnehagar og skular, med tilhøyrande merknader. I tillegg er det nokre presentasjoner av større kommunale eller regionale tiltak der fleire prosjektskular har samarbeidd om felles mål.

Oppfølginga frå Nynorsksenteret i prosjektpериодen er også kommentert fleire stader. Kompetanseutvikling har skjedd ved deltaking på kurs og konferansar og gjennom direkte kontakt mellom prosjektsbarnehagen/-skulen og fagpersonar ved senteret.

Hovuddelen av sluttrapporten frå tiltaksplanen (del I og II) vart sendt til Utanningsdirektoratet i juli 2013. Dette dokumentet vil bli trykt opp og distribuert i eit avgrensa opplag. Del III vil ligge føre berre i elektronisk versjon.

Det er også laga eit samandrag på 5-6 sider.

Frå september 2013 vil både samandraget og alle delane av rapporten vere tilgjengeleg på Nynorsksenteret sine nettsider: [www.nynorsksenteret.no](http://www.nynorsksenteret.no).

Volda, 6.9.2013

Torgeir Dimmen

Leiar, Nynorsksenteret

# Nynorsk i barnehagen



Liv Kristin Bjørlykke Øvereng  
Nynorsksenteret

## Innleiing

Bakgrunnen for prosjektet er at ein ønskjer å styrke nynorsk i kvardagen for barn og unge. I Barnehagemeldinga St. meld. nr 41 (2008-2009) står det at regeringa:

*[...] har som mål at alle barn bør beherske norsk språk før de begynner på skolen. Det er også et mål å styrke norsk språk generelt og nynorsk spesielt. En grunnleggende forutsetning for dette er utvikling av positive holdninger til eget språk hos barn og ungdom (...) Barnehagen har derfor en viktig rolle i å bygge opp og stimulere positive holdninger til språk og den språkdelte kulturen i Norge*

(St.meld.nr. 41 Kvalitet i barnehagen 9.4).

Målet med prosjektet er at barnehagane som tar del skal kunne skape eit rikare språkmiljø i barnehagen ved å bruke nynorsk aktivt og medvite. Barnehagane får tilgang til og tar i bruk nyare nynorsk barnelitteratur, både bildebøker, songar, eventyr, rim og regler. I tillegg brukar dei nettsidene "Nynorsk for dei minste" aktivt. På desse nettsidene er det mellom anna tips om gode språkaktivitetar, bokmeldingar og ei aktivitetsside, «Berte og Iver», der barna mellom anna kan leike med ord og bokstavar, lytte til lydklipp og sjå nynorske animasjonsfilmar. Målet er å vidareutvikle desse i samarbeid med barnehagane. Dei ulike barnehagane som er med på prosjektet arbeider alle ulikt, men alle har eit felles mål om å skape eit språkmiljø der både vaksne og barn bruker nynorsk med glede.

## Tennfjord Barnehage, Haram kommune, Møre og Romsdal

### *Språkstimulering og leseglede i Tennfjord barnehage*

Utvikling av bibliotek i barnehagen

#### ***Om prosjektet***

Språkstimulering er ei av dei viktigaste oppgåvene til barnehagen. I Tennfjord barnehage ønskte dei kompetansehevande tiltak på språkutvikling og språkstimulering.

Dei såg at:

- Språklege utfordringar var ein del av kvardagen og at tidleg innsats og førebygging er viktig.
- Det var behov for bevisstgjering av betydinga av språkstimulering ved ulike aldrar.
- Borna sin medverknad er eit fokusområde hjå barnehagen, der det er viktig at borna kan uttrykkje seg også språkleg.

- Det var behov for fysisk tilrettelegging, mellom anna få eit godt system på barnebøkene.
- Barnehagen hadde ønskje om å få til eit samarbeid med Folkebiblioteket i Haram.
- I Haram kommune er nynorsk hovudmålet. Barnehagen ønskte difor å formidle meir nynorsk litteratur.

## ***Mål***

Å styrke fokus på språkleg medvitsgjering og lesestimulering for barnehageborn og forankre det i barnehagen.

Delmål for borna, personalet og foreldra:

- Borna:
  - "Pirre" nysgjerrigkeit for bøker / vekkje interesse for bøker.
  - Stimulere borna til å nytte språk for å uttrykkje seg
- Personalet:
  - Bevisstgjere personalet på samanhengen mellom språk og bruk av litteratur.
  - Auke kompetansen på generell språkutvikling og språkstimulering.
  - Lage bibliotek i barnehagen med fokus på nynorske bøker, til nytte i kvar dagen og foreldresamarbeid.
- Foreldra:
  - Vekkje interessa for bøker slik at dei kan følgje opp interessa til borna heime.
  - Bevisstgjere foreldra til lesestimulering og kva betydning det har.

## ***Ipraksis***

Dei starta opp hausten 2010 med ei "språkgruppe" av fire personar. To pedagogar og to assistenter, ein person frå kvar base slik at det skulle vere lettare å involvere heile personalgruppa i prosjektet. Dei laga milepælsplanar og fordelede ansvar for å involvere heile personalgruppa.

Dei tilsette i barnehagen har i løpet av prosjektperioden vore med på ulike seminar og kurs. Alle tilsette var på eit kurs om språkutvikling og språkstimulering i regi av Haram kommune. Vidare har dei nytta personalmøta til formidling og vidare arbeid med prosjektet.

## ***Barnehagen si vurdering***

### Bibliotek

Barnehagen trengte eit betre system på barnebøkene og bruken av desse. Bøkene låg overalt i barnehagen og det var lite medvite bruk av bøker. Vi valte eit rom vi tenkte ville passe som bibliotek. Rommet er over to etasjar og vert kalla "tårnrommet", sidan det ser ut som eit tårn utanfrå. Vi laga til bokhyller og sitjepllassar, og plass til datamaskin. Det vart eit triveleg rom, men bruken av dette rommet vart ikkje så stor som vi håpa på. Det kan vere fleire ting som har verka inn på bruken av dette. Rommet ligg litt vekkgøymt, og vi såg tidleg at rommet ikkje vart nytta av foreldra. Vi skaffa oss difor ei bokkasse som vi plasserte nær garderobane og då vart utlånet større. Dette har resultert i at vi etter ein gong har bøker «overalt» i barnehagen, og vi har no starta ein prosess

med å få flytta biblioteket. Vi vil då tenkje meir på å legge det i «hjartet» av barnehagen, slik at det vert brukarvennleg for heile barnegruppa, personalet og foreldra. Barmehagen har oppretta eit samarbeid med Folkebiblioteket, og slik får vi tilgang på ny litteratur. Vi laga eit enkelt utlånssystem for bibliotekbøkene våre slik at foreldre sjølv registrerer dei bøkene som dei låner med seg heim. Biblioteket har same opningstid som barnehagen og foreldra er hjartelag velkomne inn.

#### Bokpresentasjon

For å synleggjere nye bøker, presenterer vi bøker i personalgruppa. Nye bøker vert stilt ut på personalrommet og omtalt. Dette for at vi skal få kjennskap til bøker som vi kanskje ikkje hadde plukka fram sjølve. Det er lettare å bruke dei bøkene ein har kjennskap til. For å vise fram bøkene til borna arrangerer vi bokbad. Då presenterer vi nye og gamle bøker. Vi organiserer det slik at vi har fellessamling først der ei bok vert lest høgt eller attfortalt, gjerne med dramatisering anten frå personalet eller borna. Deretter er borna delt inn i lesegrupper med høgtlesing og samtale. Dette er svært populært og vi har minimum to bokbad i året. Vi har laga bokkoffertar med konkretar til ulike historier. Desse står utstilt og lett tilgjengeleg på biblioteket.

#### Foreldresamarbeid

Det var viktig for oss at foreldra fekk innblikk i betydinga av litteratur og lesing for språkutviklinga. Vi byrja med å informere om prosjektet på foreldremøte og oppmoda alle til å nytte biblioteket når det var klart. Etter innspel frå foreldre arrangerte vi temamøte for foreldra som vi kalla «Les for meg». Her hadde vi besøk av ei engasjert dame som fortalte om korleis ein kan formidle og lese bøker for barn i ulike aldrar og om samanhengen mellom bruk av litteratur og språkstimulering. For å synleggjere prosjektet har vi lagt ut informasjonsskriv om språkprosjektet på heimesida/bloggen vår: [www.tennfjordbarnehage.com](http://www.tennfjordbarnehage.com). Vi har lenka til «Nynorsk for dei minste» i årsplanen vår og vi oppmodar både personalet og foreldra til å bruke nettstaden.

#### Samarbeidspartar

Vi samarbeider med Haram Folkebibliotek med avtale om å få levert bokkasser til barnehagen nokre gongar i året. Vi har ein person i barnehagen som er bokansvarleg og som er kontaktperson. Dette for at det skal vere ein viss kontroll med utlån og innlevering.

#### Endring av praksis

#### Bibliotek og formidling

Den største synlege endringa i prosjektperioden vår var biblioteket. Bøker i barnehagen er meir tilgjengelige, både for barn og vaksne. Dei vaksne er blitt meir medvitne på korleis ein formidlar litteratur og historier i barnehagen. Vi veit at det er viktig å kjenne historia/boka før du presenterer den for borna. Når ein er førebudd er det lettare å fortelje boka og ikkje berre lese den. Vi har lært at vi kan stoppe undervegs i lesinga slik at borna får komme med innspel og stille spørsmål undervegs. Innleiving, stemmeleie, variasjon, kroppsspråk, konkretar og

liknande er med på å skape spenning rundt formidlinga og dermed vert interessa også større. Gjennom ei spørjeundersøking i personalgruppa kom det fram at dei har vorte meir medvitne på bruken av nynorsk i barnehagen. Dei kjenner seg tryggare på å formidle på nynorsk og å lese boka på den målforma den er skriven på. Vi nyttar mange høve til å bruke bøkene. Vi les til måltid, tek med bøker på tur og nyttar ofte bøker i prosjektarbeid med borna. Vi les for små grupper, og når vi les for større grupper kan vi ha illustrasjonane på skjerm slik at alle får sjå og det vert ro rundt formidlinga.

#### Kompetanseheving

Kompetansehevinga hjå dei tilsette gjer at kvaliteten på det barna møter i kvardagen er mykje betre. Gjennom å nytte personalmøta til jamleg bokpresentasjon og samtale om prosjektet, vert minna på målsetjingane. Vi ser på dette som ein del av barnehagen vår, i tillegg ønskjer vi stadig å gjere endringar som kan gi borna best mogleg høve til utvikling. Vi har fått kunnskap om korleis vi les bøker, til dømes å snakke om framsida på boka før ein byrjar å lese. Vi må bruke dette slik at dei nye i barnehagen får lære dette i praksis.

#### Samtale om språk

Å samtale om språk med borna var ei utfordring for oss. Vi fekk besøk av to representantar frå Noregs Mållag under Nynorskstafetten og det vart stilt eitt enkelt spørsmål til borna: «Kva er språk?» Då svara ein gut på 6 år: «Språk er slik vi snakkar». Dette gjorde at tankane byrja å gå litt. Den eldste barnegruppa heldt akkurat då på med eit prosjekt om ulike språk og ulike land som vi tilhøyrer. Dei hadde eit godt utgangspunkt til å fortsette med samtalar om språk ilag med borna. Ungane er veldig observante og dei høyrer at dei vaksne i barnehagen snakkar ulike dialektar. Dette gav rom for mange gode samtalar om språket. I samlingsstund legg vi ofte til rette for at borna skal få vere med å attfortelje opplevingar dei har hatt. På denne måten vert dei trygge på å bruke språket sitt og dette gjer også at dei lettare nyttar språket sitt i andre høve også, i til dømes konfliktsituasjoner. Nettstaden «Nynorsk for dei minste» gir rom for å snakke om, og å tulle med språket. «Kråkebollebilly» er ein populær karakter som vi vert inspirerte av. Det er spennande å setje saman forskjellige ord og lage nye tulleord.

## Vegen vidare

Barnehagen har utvikla eit funksjonelt biblioteket og har satsa på god formidling av litteratur til barn. Vi har utarbeida nokre grep som gjer bruk av litteratur variert og inspirerande, mellom anna bruk av bokbad i barnegruppa og bruk av bokpresentasjon i personalgruppa. Nynorsk språk har fått ein sentral plass i kvardagen, der det er naturleg å prate om ord og omgrep.

Barnehagen har i løpet av prosjektperioden gjort endringar som har utvikla prosjektet. Noko dei trudde var ei flott plassering av biblioteket viste seg å ikkje fungere i praksis. Dette førte til endringar og ny plassering. Alle tilsette i barnehagen har vore involverte,

noko som har vore ein styrke ved prosjektet. Alle i personalgruppa har kvar sin perm, og i den har dei laga eit skriv om språk og lesing. Dette får også nyttilsette. Slik sikrar dei at kunnskap vert overlevert vidare.

Dette prosjektet er eit døme på korleis ein kan gjere nynorsk synleg i barnehagen gjennom medviten bruk av litteratur, samtalar om språk og kompetasneheving av dei tilsette.

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 16/2012:

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering16?e=2891840/2015943>

## **Bergetippen barnehage, Aukra kommune, Møre og Romsdal**

### ***Nynorsk bok og animasjonsfilm***

#### ***Mål***

Aukra kommune er ein nynorskkommune, og dei ønska å nytte nynorsk i barnehagen for å styrke det språklege medvitnet hjå både barn og tilsette. Først og fremst ville dei styrke førskuleborna sitt språklege grunnlag før skulestart.

Mål: Bli meir medvitne på bruk av nynorsk i barnehagen. Ønske om at barn og vaksne skal bli betre kjende med nynorsk språk og litteratur.

#### ***Ipraksis***

Gjennom prosjektet har barnehagen jobba med tekstskaiping på ulike vis. Dei har laga avis, «Solsikkenytt», med utgangspunkt i månadens nynorskbok. Dei har laga bok med tekst og foto, som var utgangspunkt for å lage animasjonsfilm. Barnehagen har nytta nynorsk litteratur i lesetunder og som utgangspunkt for samtalar.

Barnehagen har jobba systematisk med utvikling av ordtilfanget til borna. Kvar veke har dei faste samlingar der nye ord vert presenterte og omtalt. Desse orda vert synlege og brukt gjennom heile veka fram til neste samling. Slik byggjer dei seg opp ein stor ordbank. Dei har utvikla historier og anna materiell til bruk i desse samlingane.

#### ***Endring av praksis***

Vurdering frå barnehagen:

«Vi ser at barna legg merke til nynorske ord og undrar seg over språket. Nynorsk vert sentralt i samtalar med barna. Personalet har fått auka kompetanse om nynorsk litteratur. Vi er meir medvitne om bruk av nynorsk litteratur og språk. Personalet har vorte tryggare på å lese nynorske tekstar i samlingar med barna. Utvalet av nynorskbøker har auka mykje. Nynorsk språkstimulering har vorte ein naturlig del av barnehagekvarden, og det vert vektlagt i årsplanen/månedsplan», seier leiar for prosjektet Solfrid Berild.

Det er laga praksisfilm frå prosjektet i Bergetippen barnehage:

<http://www.nynorsksenteret.no/bergetippen>

## **Bringedalsbygda barnehage, Kvinnherad kommune, Hordaland**

### ***Forteljingar i fokus***

#### ***Mål***

Bringedalsbygda barnehage har satsa på å gi dei tilsette kompetanse og eit verkty til formidling av litteratur, historier, fortellingar og eventyr. Dette ønskjer dei å vidareformidla til ungane på ein levande og engasjert måte som kan motivere og engasjere borna til å verte aktive deltagarar i samlingane. Bringedalsbygda barnehage har hatt eit samarbeid med Uskedalen barnehage der forteljing, formidling og nynorsk litteratur har vore utgangspunkt for ulike samlingar.

Mål: Gi barna gode opplevingar gjennom høgtlesing, song, rim og regler med utgangspunkt i nynorsk litteratur. Auke personalet sin formidlingskompetanse og språkkompetanse.

#### ***Ipraksis***

Barnehagen starta året med eit kurs der forteljing stod i fokus. Dette vart jobba vidare med på personalmøte gjennom hausten. Målet var at personalet skulle få lære metodar og teknikkar til å halde på ungane sitt fokus. Personalet skulle få heve kompetansen sin slik at dei kunne glede seg over å ha ansvar for språkopplæring i barnehagen.

Språkopplæringa i barnehagen skjer på tre ulike plan: samlingsstunder, lesestunder og språkstunder. Gjennom tre år har vi vore i ein prosess som har gjort heile personalgruppa tryggare på nynorsk, vi er blitt meir kresne til kva bøker vi vel å lese til ungane. Vi har oppdaga "nynorsken" på nyt. Vi ser at ungane våre er glade i dei nye bøkene våre, og dei vel nynorskbøker dei kjenner innhaldet i.

#### ***Endring av praksis***

Vurdering frå barnehagen:

Vi har gått frå "frivillige" lesestunder for borna til at alle må delta. Ungar vel oftare spontane lesestunder. Vi har fanga opp gutter som normalt berre vil «herja» til å bli glade i høgtlesing. Språkopplæringa har vore i fokus over lang tid der høgtlesing og samtalar er viktige språksituasjonar. Gjennom samtalar med borna badar vi ungane i språk, og dei får eit breiare ordforråd. Personalet har jobba målretta med språket over fleire år.

"Bokmålslesinga" er borte, då vi er kome fram til at vi skal jobbe med det språket ungane veks opp med i større grad enn tidlegare. Gjennom satsinga vår har vi laga oss hjelpemiddel som vi bruker i språkstunder/ lesestunder. Vi les ikkje berre for å lese, men for å gjere ungane rikare, gi dei eit godt kvardagsspråk, eit djupnespråk til å mestre kvardagssituasjonane ungane er i, både i barnehagen og i samfunnet elles. Vi kjem til å halde fram med språkarbeidet i same form som no. Dei endringane som har vore i vår barnehage har forbetra språket og språkforståinga til ungane. Skulen har meldt om at dei siste kulla som er begynt i skulen er flinke og kan mykje.

Personalet har vorte meir medvitne om bruk av nynorsk litteratur for ungane. I dag bruker vi nesten berre nynorske bøker. Songar, rim og reglar skal brukast på nynorsk så sant det er mogleg. Foreldra er også engasjerte i dette arbeidet!

Dette samarbeidet har vorte ein prosess der nynorsk litteratur og språkformidlinga har vorte sentralt i arbeidet vårt, for både personalet og ungane våre.

## **Uskedalen barnehage, Kvinnherad kommune, Hordaland**

### ***Forteljingar i fokus***

#### ***Mål***

Utgangspunktet for å ta del i prosjektet var eit felles prosjekt med skulen der vi hadde felles fokus på språkstimulering og lesing. Eit viktig verkemiddel i dette prosjektet var å styrke skulebiblioteket, slik at barnehagen og skulen kunne nytte dette. Nynorsk språkstimulering er eit av satsingsområda til barnehagen, og det har vore med å legge grunnlaget for barnehagen si pedagogiske plattform.

Mål: Lese nynorsk barnelitteratur og bruke rim, reglar og nynorske songar kvar dag. Bruke biblioteket på skulen fleire dagar i veka. Bruk av digitale verktøy saman med ungane i utvikling av forteljingar, fotoforteljing og film.

#### ***I praksis***

Prosjektleiar og styrar har utarbeidd ein handlingsplan der tiltaka er spesifisert med tidsfrist og ansvar. Den praktiske gjennomføringa av prosjektet har vore organisert slik at kvar avdeling har gjennomført sine prosjekt tilpassa alderen på gruppa. Gruppene er delt inn i "små grupper" som har arbeidd konkret med tiltak 1 – 3 gonger i veka i ein avgrensa periode. Litteratur har vore tema på personalmøte der personalet vel seg ei nynorsk bok og dramatiserer denne for kvarandre, som inspirasjon til bruk saman med barna.

#### ***Endring av praksis***

Vurdering frå barnehagen:

Vi ser vi er på veg til å nå den overordna målsettinga vår med å legge til rette for eit godt grunnlag for språkopplæring og leseopplæring. Vi ser stor forskjell på interessa for bokstavar og lesing hjå skulekameratane som no skal starte i første klasse, i forhold til dei som gjekk ut av vår barnehage for tre år sidan. Vi ser og at barna vel å bli lese for utan om dei tilrettelagte aktivitetane. Personalet har stadig spontane lesegrupper i løpet av ein dag.

Bruk av nynorsk er blitt ein naturleg del av barnehagen vår. Nynorske bøker, rim, reglar og songar er ein naturleg del av samlingsstunda saman med ungane. Bøkene har fått stor verdi i barnehagen og blir behandla med respekt. Vi bruker bokbussen fast, og vi er på skulebiblioteket jamt. Nynorsk språkstimulering er blitt ein integrert del av dei vaksne sin arbeidsmåte. Lesing, planlagde og spontane lesestunder, er ein del av kvardagen saman med ungane. Når vi skal presentere oss for foreldre og andre legg vi vekt på at nynorsk språkstimulering er ein viktig del av barnehagen. Vi vel alltid nynorske songar dersom vi skal opptrer eller presentere oss for foreldre eller andre. Haldningane i forhold til lesing av nynorsk litteratur har endra seg til det positive hjå personalet. Nynorsk språkstimulering "ligg i veggane" i Uskedalen barnehage. Prosjektet Nynorsk språkstimulering i barnehagen har gitt oss eit grunnlag for vår identitet. Prosjektet har leia vegen til nye prosjekt og vore ei viktig brikke i utviklinga av barnehagen sin pedagogikk.

## **Stranda Barnehage, Sund kommune, Hordaland**

### **Litteratur og digitale ressursar**

#### **Mål**

I Sund kommune er nynorsk opplæringsspråket. I barnehagen ønskjer dei å vektlegge samtalar om språk og dialekt og på den måten gjere borna medvitne om nynorsk og auke det språklege medvitnet. I prosjektet ønskjer barnehagen å knyte nærmare samarbeid med ungdomsskulen som ligg i nærmiljøet, Sund ungdomsskule. Dei har drive biletbokprosjektet «Kan biletboka nyttast på ungdomsseget?» Kvart år lagar ungdomsskuleelevarane biletbøker, og dette året vart dei utfordra til å lage biletbøker for barnehageborn. Vidare ønskjer barnehagen å jobbe med tekstsakning og lage digitale forteljingar der borna aktivt nyttar PC (Storyboard). Stranda barnehage ønskjer å utvikle bibliotek og system for utlån av bøker i barnehagen.

Mål: Auka språkstimulering ved bruk av nynorsk litteratur og digitale ressursar.

#### **Ipraksis**

Elevane ved Sund ungdomsskule har vinteren 2013 laga biletbøker som dei tok med seg i barnehagen og las for borna. Boka vart presentert på storskjerm. Barnehagen laga biletbøker og barna laga historier. Vi samtalte om karakterane og laga historiene på dialekt, og den vart ned skriven på nynorsk. Barn og vaksne samtalte om skilnaden på ulike dialektar og nynorsk/bokmål. Utgangspunktet var barna sin kjennskap til ulike dialektar knytt til familie i ulike delar av landet. Vi brukte dialektprøvar gjennom Norgeskartet og historia om sønnavinden og sola. Vi samtalte om talespråket og det skrivne nynorske språket.

Barnehagen har oppretta eit samarbeid med Sund Folkebibliotek som leverer bokkasser til barnehagen. Prosjektleiarane samla alle barnehagen sine bøker i biblioteket, sorterte og merka dei etter tema. Dei er i gang med å organisere eit bibliotek med utlån i barnehagen.

#### **Endring av praksis**

Vurdering frå barnehagen:

Vi les no bøker på nynorsk, leseopplevelingen er blitt svært mykje betre enn før. Med bøker på storskjerm kan barna no meir følje handlinga i bøkene. Samtalen om innhaldet i bøkene går lettare fordi alle kan ta del. I det skuleførebuande arbeidet har vi no endra omgrepa frå dialekt til nynorsk. Vi ser og kan høyre at barna er medvetne og nyttar ulike nynorske ord. Døme høgre, same mengd osb. 3 grupper med 4 barn har laga biletbøker, der dei har nytta det nynorske språket i teksten. I samtale med barna har vi undra oss over likskapar og skilnadar mellom dialekt og nynorsk. Til dømes «Auge og øye.» I det daglege har vi samtala om ulikskapar i språket. Til dømes i måltidet då nokre ville ha «mjølk» og andre ville ha «melk». Barna viser at dei er medvetne på begge målføre, men også kva som er dialekt. Pedagogane er blitt meir medvetne i høve til det nynorske språket og nyttar det meir aktivt i pedagogisk arbeid, særskilt i det skuleførebuande arbeidet.

Vi har laga bibliotek. Foreldre og barn låner ofte bøker frå bokkassa på avdelingane og dei tilsette trillar bokkassa rundt på avdelingane. Barnehagen har knytt kontakt med

bibliotektilsette i kommunen og vi har vorte kjende med biblioteket sine tenester. Vi ynskjer å vidareutvikle samarbeidet med Sund folkebibliotek.

Barnehagen har hatt eit givande samarbeid med Sund Ungdomsskule. Vi har erfart at dei kan tilby våre barn gode opplevelingar. Dette voner vi kan vidareførast.

Vi har oppnådd målet med å gje barna erfaringar med det nynorske språket via digitale hjelpemiddel og arbeidet med å lage biletbøker. Vi har oppdaga nettstader der vi kan finne eit stort utval av digitale biletbøker og idear til aktivitetar, for eksempel: Nynorsksenteret og Nasjonalbiblioteket.

Vi har fått syn for kor viktig tidlig start er for barna som skal ha nynorsk som sitt hovudmål i skulen. Vi bur i ein kommune med sterkt påverknad av bokmål grunna nærliek til Bergen og tilflytting. Det er difor viktig at barna møter det nynorske språket tidleg i barnehagen vår.

## **Olden barnehagen, Stryn kommune, Sogn og Fjordane**

### *Nynorsk i barnehagen ved bruk av digitale hjelpemiddel*

#### ***Mål***

Styrka språkstimulering i barnehagen ved bruk av nynorske tekstar og digitale verktøy.

#### ***Ipraksis***

Olden barnehage var med i prosjektet frå 2010-2012. Olden barnehage har jobba med digitale verktøy og eventyr. Arbeidsmåten har vore å la barna få høre og oppleve tekstar på nynorsk. I neste omgang får dei vere aktive og gjere seg eigne erfaringar, enten gjennom dramatisering eller språkaktivitetar. Dei har nytta bilet og power-point som utgangspunkt for språksamtalalar med borna. Denne kombinasjonen av inntrykk, eigen aktivitet og samtale legg til rette for at barna kan tilegne seg nye ord og omgrep, ved at dei får ta språket i bruk i meiningsfulle sosiale samanhengar.

Dette opplegget legg til rette for at barna får styrka både ordtilfang og forteljarkompetanse. Tekstane dei nytta var gjerne eventyr. Dei har gjerne eit rikare språk enn kvardagsspråket, og barna får her gjere seg erfaringar knytt til orda gjennom dramaaktivitet. Eventyr er i tillegg gode modellar for barns eigne forteljingar, fordi dei har ein fast struktur som barna lærer gjennom å lytte og sjølve vere med på å fortelje. Kombinasjonen lytting til nynorsk tekst og dramatisering av den same teksten legg til rette for at barna får eit større ordforråd på nynorsk, og i tillegg får dei ein kjennskap til den nynorske skriftkulturen.

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/nynorsk-for-dei-minste/opplegg-og-idéar/eventyr-med-digital-hjelp>

## **Røysmarka barnehage, Volda kommune, Møre og Romsdal**

### ***Nynorsk i barnehagen - litteratur og språksamtalar***

#### ***Mål***

Styrka språkstimulering ved bruk av litteratur og språksamtalar i barnehagen

#### ***Ipraksis***

Røysmarka barnehage var med i prosjektet i to år, 2010-2012. I prosjektet sette dei soknelyset på språk. Dei ulike dialektane danna grunnlag for samtalar om språket. Borna reflekterte over korleis ein seier ulike ord og dei tilsette i barnehagen framheva og samtalte med borna om skilnaden mellom bokmål og nynorsk. På denne måten blei borna meir medvitne om at det er skilnadar i ulike dialektar og dei vart kjende med begge målformene, bokmål og nynorsk. I dette prosjektet har barnehagen jobba med litteratur både som høgtlesing og som utgangspunkt for samtale. Ei av bøkene danna grunnlag for å laga si eiga bok. *Liten- på- jord- Tor* sette rammene for forteljinga og borna dikta vidare på si eiga historie. Dette opna for samtale om skriftspråket og samanhengen mellom tale og skrift. Ein seier ein ting, men skriv det kanskje annleis på nynorsk.

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering11?e=2891840/2015952>

## Vegen vidare

I desse prosjekta har nynorsk litteratur vore sentralt. Litteratur nyttta til høgtlesing, og som vidare utgangspunkt for samtale om språket, og også som utgangspunkt for skriftleg arbeid. Litteraturen som utgangspunkt for samtale kan gi borna eit metaspråk om språk, der dei vert kjende med ulike omgrep som bokmål og nynorsk, dialekt og språk.

I tillegg har det vore sentralt å gjere dei tilsette merksame og meir medvitne på å bruke nynorsk. Ved bruk av nynorsk litteratur, der ein les på nynorsk og samtalar om språk og omgrep. Barnehagane har også vore referansegruppe i samband med utvikling av nettstaden «Nynorsk for dei minste». Tilbakemelding frå praksisfeltet har vore nyttig i dette arbeidet.

Nokre erfaringar frå prosjekta:

- Gjere nynorsk naturleg i barnehagen

Det vert naturleg å lese på nynorsk og ikkje berre på dialekt, dette kan vere ein overgang for mange, men barnehagen fortel om gode erfaringar når ein tek steget og les på nynorsk.

- Naturleg å prate om språk

Det er vanleg å spørje om ord og omgrep, skape eit rom for språksamtalar. Ein etablerer ein kultur i barnehagen for samtale om språk, ord og omgrep.

- Bevisstgjering om bruk av nynorsk litteratur.

Dei tilsette får auka kunnskap og kompetanse, og dei vert meir medvitne om kva litteratur dei brukar.

Vi har i hovudsak hatt prosjekt i barnehagar i nynorskkommunar, der borna skal lære nynorsk når dei kjem på skulen. Mange kommunar ligg er randsonekommunar, der nynorsk er tenestespråket, men der bokmål står sterkt. Mange melder om at borna ikkje møter nynorsk skriftspråk i særleg grad før dei kjem på skulen. Dette gjer overgangen til skuleaktivitetar og skriving stor. Nokre kommunar har derfor ønska prosjekt i barnehagen for å gjere borna kjende med nynorsk før skulestart.

I tillegg ser vi at barnehagane legg vekt på verdien av den språklege identiteten. Språket er ein viktig faktor i utviklinga av identiteten. Det å samtale og verte medviten om språket og dialekten ser barnehagen som positivt for identiteten til nynorskbrukarane.

I samarbeid med barnehagane har vi utvikla nettstaden «Nynorsk for dei minste», til bruk både for barn og pedagogisk personale. Den er todelt, ein del for vaksne tilsette i barnehage og skule med praktiske opplegg, fagtekstar, songtips, praksisfilmar mm. og lesetips frå Nynorskbok.no. Den andre delen, Berte og Iver.no, er for barn i alderen 3-9 år, der det er aktivitetar med utgangspunkt i nynorsk skriftspråk. Leik med rim, bokstavar og ord, forskjellige spel, filmar, og aktivitetar.

For arbeid med nynorsk i barnehagen ser vi at litteraturen er sentral. Då vert det viktig å ha tilgang til nynorske bøker. Nokre av prosjekta har oppretta samarbeid med Folkebiblioteket i kommunen, og på den måten etablert god tilgang på ny litteratur. Dette gjer også biblioteket meir bevisst på å ta inn nynorsk litteratur.

# Nynorsk frå skulestart



Liv Kristin Bjørlykke Øvereng  
Nynorsksenteret

## Om prosjektet

Målet med prosjektet er at skuleelevar på første og andre klassesteg skal få eit positivt møte med nynorsk i skulen. Ved å møte nynorsk barnelitteratur og nynorske språkaktivitetar allereie frå skulestart, legg ein grunnlaget for språkleg dugleik og gode haldningar.

Jamfør Stortingsmeld. Nr.23, Språk bygger broer, 4.2.

*Departementet legger vekt på at bred språkkompetanse har verdi i seg selv. (...) Elever som mestrer både nynorsk og bokmål, kan veksle mellom målformene i forskjellige kommunikasjonssammenhenger. En forutsetning for å utvikle et språk muntlig og skriftlig er imidlertid at eleven møter språket i mange ulike sammenhenger. (...) Departementet ønsker derfor å legge til rette for at barn og unge skal få mulighet til å etablere en sikkere identitet, kulturelt og språklig, og at nynorsk skal bli en mer naturlig del av den språklige hverdagen for barn og unge i barnehage og skole.*

## Mål

Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet. (Tiltaksplan for nynorsksenteret 2009-2012)

Skulane skal ta i bruk nyare nynorsk barnelitteratur og nettsidene "Nynorsk for dei minste". På desse nettsidene er det mellom anna undervisnings tips og bokmeldingar av nynorske bøker og ei aktivitetsside, «Berte og Iver», der barna kan leike med ord og bokstavar. Prosjektet er relatert til kompetansemåla i norsk etter 4. årssteg: "... eleven skal kunne samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer" ( Jamfør Læreplanverket for kunnskapsløftet 06)

Dei ulike skulane formulerer sjølve sine delmål og relaterer dei til årsplanen dei arbeider etter.

## **Vikedal skule, Vindafjord kommune, Rogaland**

### **Nynorskbøker som inspirasjon til skriving**

#### **Mål**

Målet med dette prosjektet var at elevane skulle få møte skriftspråket sitt i nyare litteratur og bli glad i å lese bøker. Skulen ønskete å vektlegge lesing som inspirasjon til skriving og ønskete å motivere elevane til lesing både på skulen og på fritida.

#### **I praksis**

Prosjektet har vore organisert ulikt på ulike trinn, men med felles bokveke som eit opplegg for heile småskulen. På 2. trinn har dei hatt stasjonar tre gongar i veka, der ein i smågrupper skal bli betre lesarar ved å lytte, snakke, lese og skrive med utgangspunkt i *Zeppelin* sine nivådelte småbøker. Foreldra er involverte via leselogg. Elevane lagar tankekart og svarar på spørsmål og skriv eigne forteljingar på data. På 3.-4. trinn har ein nytta høgtlesing som utgangspunkt til undring og inspirasjon. I *Heavykatten og gitaren* teikna dei heavykatten, samt at dei fekk ei skriveoppgåve der dei sjølve skulle diktet opp kven som hadde stolte gitaren. *Harry og Ivar-* er nytta på same vis. Elevane har skrive vidare på historia, skrive personkarakteristikkar, og dei har teikna inspirert av til dei ulike oppfinningane til Toni Invento.

Innkjøpte Zeppelin-bøker har dei nytta til rettleia lesing. Elevane har vore inndelt i grupper, der dei har lest og jobba med ulike læringsstrategiar som VØL-skjema, tankekart og nøkkelord. Elevane har skrive sakprega tekstar om ulike tema frå bøkene. Dei har arbeidd i to veker med kvar bok. Dette viste seg å gi god effekt på leseferdigheiter, samt på leselysta.

#### **Bokveke**

Tema for veka våren 2013 var «ku». Skulen starta med felles opning på småskuletrinnet med høgtlesing frå boka *Kuvenninnene* av Annlaug Auestad og foredrag av invitert ku-ekspert. Elevane deltok på ulike aktivitetar gjennom veka. Elevane var innom tre ulike stasjonar, der elevane laga bok, bokmerke og handdukke av filt. Bøkene elevane laga inneholdt dikt, fakta og forteljingar om kyr, skrive på data. Elevane var både forfattarar og illustratørar, og bøkene vart rikt illustrerte. Handdukkene som vart laga på første og andre trinn vart brukte til å lage dukketeater, med framsyning for medelevar og fadrar. Produkta som vart laga vart utstilt slik at heile skulen fekk sjå.

Skulen supplerte skulebiblioteket med bokkassar frå Folkebiblioteket, og elevane skreiv bokmeldingar og fylte «lesekrukka» med isoporkuler. Dette for å synleggjere talet på leste bøker i løpet av veka. Elevane har lest flittig både heime og på skulen.

#### **Endring av praksis/ Vurdering frå skulen:**

Arbeidet med prosjektet og bokveka har styrka skulen si vektlegging av nynorsk litteratur. Arbeidsmåtar og innhald har endra seg etter kvart, og vi har blitt flinkare til å nytte nynorsk litteratur som utgangspunkt for lese- og skriveopplæringa. Kunnskapsløftet legg stor vekt på dei fem grunnleggjande ferdighetene, å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg, å kunne lese og rekne, samt å kunne bruke digitale

verktøy. Dette prosjektet dekkjer alle desse områda. Elevane er blitt glade i å lese, og dei les bøker regelmessig.

## **Halsnøy skule, Kvinnherad kommune, Hordaland**

### **Nynorsk språkmedvit**

#### **Mål**

Det overordna målet for prosjektet er å gjere elevane medvitne om det nynorske språket og å styrkja dei naturlege banda mellom talespråket og skriftspråket vårt. Skulen ønskjer å gje elevane gode leseopplevelingar gjennom nynorske bøker, og å lære dei å bli glade i språket sitt. Skulen vil lyfta fram rikdomen i det nynorske språket og gjere elevar og lærarar meir medvitne i å bruke nynorsk i det daglege arbeidet og bli glad i det.

#### **Ipraksis**

I 1. klasse innfører skulen metoden «Rettleia lesing» som fast aktivitet kvar veke. 2. klasse arbeider med «Forlag» og «Skattejakt i språket vårt». 3. klasse held fram med «Forlag».

«Rettleia lesing» går føre seg i smågrupper. Elevane får tilpassa lesinga etter nivået dei er på, og det er tett dialog mellom lærar og elevar under leseøkta. «Skattejakt i språket vårt» går ut på å samle nynorske ord, tekstar, songkort, rim og regler m.m. i ei skattekiste. Elevane har kvar si bok der dei limer inn, skriv, teiknar og fabulerer rundt språket. Dette går føre seg både felles i klassa og i smågrupper. I «Forlag» arbeider dei i større eller mindre grupper, alt etter tema. Dei produserer bøker innan ulike sjangrar og interesseområde. Dei har implementert fleire av metodane i skulen sin leseplan, der dei aktivt bruker nynorske bøker.

#### **Endringa av praksis/ Vurdering frå skulen:**

Gjennom prosjektet har skulen fått sett nynorsk på dagsorden, og vi er blitt flinkare til å bruke nynorske bøker og velje nynorsk i skulekvardagen vår. I klasseromma legg vi vekt på bruk av nynorske bøker og anna nynorsk materiell. Vi har også blitt betre kjende med nynorske forfattarar.

Elevane kjenner att sitt eige talemål i det nynorske språket. Elevane liker å lese nynorske bøker, og dei snakkar om dei. Vi har fått auka forståing for verdien av nynorsk som del av vår språklege identitet.

## **Hystad skule, Stord kommune, Hordaland**

### ***Lesestund med fadderbarna – skru på hovudet for lesing***

#### ***Mål***

Skulen har dei siste åra hatt lesestund der sjetteklassingane les for fadderbarna sine. Skulen hadde lyst til å vidareføre dette og leggja vekt på systematisk bruk av lesestrategiar. Prosjektet er lagt opp til at sjetteklassingane les for førsteklassingane som er fadderbarna deira. Elevane skal læra førlesingsstrategiar, og sjetteklassingane skal visa fadderbarna korleis dei skal «skru på hovudet for lesing».

#### ***Ipraksis***

6.-trinnet har laga kriterium for leseøkta i lag med lærar, og dei vurderer leseøkta i ein logg etterpå. Fadrane har vore organiserte i grupper som kvar gruppe har ansvar for ei gruppe fadderbarn.

6.klassingane vel ei bok dei skal lesa, og dei lagar ein plan for korleis dei skal gjennomføre lesestunda. I planen er det lagt vekt på korleis dei skal få 1.klassingane til å «skru på hovudet» for lesing. Dei skriv spørsmål frå teksten dei har lese og planlegg korleis dei skal oppsummere det dei har lese. Dei legg også merke til vanskelege ord og omgrep i teksten som dei skal forklare dei små.

#### ***Endringa av praksis/ Vurdering frå skulen:***

Hystad skule har lenge hatt som praksis at fadrane på 6.trinnet har lesestund for 1.klasse. Me trur at denne praksisen no har blitt meir målretta, slik at både sjetteklassingane og førsteklassingane får større læringsutbytte av lesestunda. Med dette prosjektet får ein fokus på lese- og læringsstrategiar på ein god måte. Elevane får variasjon i lesinga, og læringsutbytet vert større når dei lærer saman.

Elevane på 6.-trinnet har vore ivrige og motiverte for dette arbeidet. Dei har repetert og testa ut førlesingsstrategiar. Dei seier i loggen sin at dei trur 1.- klassingane veit kva det er å «skru på hovudet» for lesing. Dei har også reflektert rundt situasjonar der dei ikkje har lukkast med å få dei små til å sitje i ro og høyre på når dei les. Det er mange minoritetsspråklege i 1. klasse, noko som har vore ei utfordring for fadrane. Dei har sett at dersom desse elevane skal ha glede av teksten, må dei forklara ord og omgrep som er viktige for handlinga i boka.

Skulen har ein plan for lese- og læringsstrategiar. Erfaringane med prosjektet kan føra til at lesestund mellom fadrar og fadderbarna kan komma inn i planverket som eit fast tiltak.

Prosjektet har vektlagt gode lese- og læringsstrategiar, noko som er svært viktig for den grunnleggjande lesinga, både for leseforståinga og for lesing i faga. Dette prosjektet er såleis ein «vinn-vinn-situasjon» både for elevane på 1.- og 6. - trinnet. Dette er noko 6.-klasse har hatt god nytte av.

## **Uskedalen skule, Kvinnherad kommune, Hordaland**

### ***Talemål og skriftspråk – gjennom lesing og skriving***

#### ***Mål***

Målsetjinga for prosjektet var å auke lese- og skrivelysta hjå elevane ved å ta utgangspunkt i nynorsk litteratur.

#### ***Ipraksis***

Gjennom ulike aktivitetar har skulen veklagt samanhengen mellom talespråk og skriftspråk, der samtalar kring språket står sentralt. Fast bruk av biblioteket og å finne skjønnlitteratur og faktabøker til eiga lesing er viktig. Bruke datamaskin til tekstsakping. Arbeide kreativt med teikning og skriving i samband med lesing. Uttrykkja eigne tekstopplevingar.

Kvar klasse set av tid til høgtlesing og «Forlagsarbeid» kvar veke. Datamaskinene vart nytta frå tidleg i 1.klasse, der innføring i ulike funksjonar ved tekstbehandling og bruk av bilete vert veklagt. Produksjon av bøker i «Forlag» vert ein arbeidsmåte ein nyttar frå 1. klasse.

#### ***Endring av praksis/ Vurdering frå skulen***

Vi har hatt ein stor auke i produksjon av eigne bøker. Elevane er veldig ivrig med å lage eigne tekstar, og då spesielt på datamaskin. Elevane les mykje, og dei finn eit hefte/ei bok som passar til dei, både med omsyn til vanskegrad og innhald.

Biblioteket vårt har vorte meir attraktivt for alle elevane ved skulen vår, og det vert nytta i mykje større grad enn tidlegare. I tillegg har vi heile tida tilgang på mykje nynorsk litteratur i klasseromma, av ulik vanskegrad og med ulike emne. Elevane får nytte meir tid på data, og då ønskjer dei nesten alltid å skrive vidare på bøker som er starta på, eller begynne på nye. Tilgang på litteratur av ulik vanskegrad og med ulike emne gjer at fleire elevar finn lesing interessant, noko som også stimulerer til skriving. Det vert viktig å oppdatere tilfanget av litteratur oftare og jamnare.

## **Søfteland skule, Os kommune, Hordaland**

### ***Skattekista mi***

#### ***Mål***

Søfteland skule ønskjer gjennom prosjektet å setja fokus på nynorsk i opplæringa i overgangen frå barnehage til skule. Målsetjinga for prosjektet er å utvikla ei positiv haldning til nynorsk hos barn/elevar, barnehagertilsette/lærarar og føresette.

#### ***Omtale***

Denne skulen ligg tett opp mot grensa til Bergen, og bokmål påverkar både talemål og skriftspråk. Derfor ønskjer skulen å legge vekt på å styrke medvitet om bruk av nynorsk. Os kommune har ein overgangsplan som legg føringar for samarbeid mellom barnehage og skule. Gjennom Samba-prosjekt har skulen alt etablert eit samarbeid innan matematikk med dei aktuelle barnehagane. Det vil derfor vere naturleg å vidareføre dette samarbeidet til å gjelda språkopplæring og.

#### ***Ipraksis***

Søfteland skule har i samarbeid med barnehagane utarbeida ei skattekiste med bøker og songar til bruk i barnehagen. Ved skulestart har ein fått eit felles grunnlag til å byggja vidare på. Samarbeid med barnehagane er viktig og ansvaret for ulike oppgåver vart fordelt mellom skule og barnehage.

I barnehagen	I skulen
<ul style="list-style-type: none"><li>• Nyttar nynorsk litteratur og nynorske songar for barn i barnehagen</li><li>• Fast lesestund med nynorske bøker</li><li>• Songstunder med nynorske songar</li><li>• Samla litteratur og songar i skattekiste som dei har med til skulen</li><li>• Kvart barn lagar ei forteljing om seg sjølv, tekst og bilet</li><li>• Barna legg forteljingane i skattkista</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skulen vidarefører litteratur og songar frå barnehagen</li><li>• Nyttar det som ligg i skattekista frå barnehagen</li><li>• Legg ned ny litteratur og nye songar</li><li>• Saman med lærar presenterer barnet seg sjølv for klassen ved hjelp av forteljing som vart laga i barnehagen</li></ul>

Felles for skule og barnehage
Felles songstunder barnehage og skule
<ul style="list-style-type: none"><li>• 1 gong pr halvår</li></ul>
Felles lesestunder barnehage og skule på biblioteket
<ul style="list-style-type: none"><li>• 1 gong pr halvår</li></ul>
Auka nynorskkompetansen for barnehagertilsette og lærarar i 1.klasse
<ul style="list-style-type: none"><li>• Leiga inn personale som kan læra nye og gamle nynorske songar – Os kommune</li></ul>

har fleire aktuelle kurshaldarar

- Leiga inn personale som kan læra oss meir om formidling av litteratur til born
- Få oversikt over gode nynorskbøker for barn
- Kurs i bruk av aktuelle nettstader, t.d. nynorsksenteret sin nettstad

Laga arrangement som kan auka positiv haldning til nynorsk hos foreldre og føresette

- Felles foreldrekveld med opplesing, drama og songar
- Fast lesestund med nynorske bøker - ansvar: bhg
- Songstunder med nynorske songar - ansvar: bhg
- Samla litteratur og songar i skattekiste som dei har med til skulen: Ansvar: skulen

Etter 1.klasse går skattekista tilbake til barnehagen, slik at nye barn kan bruka henne.

Hovudansvaret for gjennomføring av tiltak innan barnehagen, ligg på førskulelærarane, men skulen står for all tilrettelegginga.

I skattekistene:

- Bøker som bibliotekar har kjøpt inn
- Ressursperm med kopioriginalar
- Elevbok som borna skal bruka til å presentera seg sjølv

Skulen har gitt tilbod om ope bibliotek der borna får lånekort.

### ***Endring av praksis***

1. Barnehagane har fått verkty til sitt arbeid med nynorsk
2. Gjennom besøk på bibliotek får elevane erfaring med nynorske bøker
3. Bibliotekar samarbeider tett med lærarar på alle trinn.

### ***Vurdering frå skulen:***

Aktivitetar har vore gjennomførte i samsvar med overgangsplanen til Os kommune sitt Samba-prosjekt. Det har vore ei utfordring i ein travel kvardag å halde tett samarbeid med barnehagane. Ein av barnehagane (den største) har vore særslig positive og har følgd opp intensjonen i prosjektet.

Vi veit at små born kan vera særslig språkmedvitne, og til hausten vil vi sjå om prosjektet har gitt resultat. Dette må gå over fleire år før vi kan seia noko konkret om resultat. Vi har informert foreldra i felles foreldremøte for å medverke til positiv haldning frå dei.

Sitat frå ein av barnehagane:

*De eldste barna syntes bøkene er fantastiske, underholdende, spennende og gøy. Det var litt uvant for barna å høre nynorsk tekst i begynnelsen, men nå er det ingen*

*som kommenterer dette lenger. Det er viktig for de eldste barna å få kjennskap til nynorsk, da flesteparten av dem vil møte det i skolen.*

Det er viktig å ha fokus på språk før skulestart. Gjennom prosjektet legg vi til rette for at born og vaksne får eit positivt tilhøve til språk generelt og nynorsk spesielt. Borna har fått ein god start på eit arbeid som dei skal halde fram med. Fokus på språk gir meir medvitne born! Os kommune er i gang med eit prosjekt for å betre læringsresultata, og på Søfteland skule vil arbeidet med Skattekista mi bli ein del av dette arbeidet.

## **Dingemoen skule, Fjaler kommune, Sogn og Fjordane**

### **Litteratur til språkleg og kulturell vekst**

#### ***Mål***

Språkleg og kulturell vekst gjennom høgtlesing og refleksjon. Elevane skal bli vane med skulebiblioteket som læringsarena ved at skulebiblioteket er ein aktiv del av læringsmiljøet og den pedagogiske verksemda. Tilføre ein meirverdi gjennom skulebibliotekaren si deltaking for å nå kompetansemåla spesifikt innan lesing og skriving. Vi vil utvikle ein modell for lese- og skriveopplæring der skulebiblioteket og skulebibliotekaren representerer ei «skattekiste» for tryggheit og tekst i fokus på 1.og 2. steg.

#### ***Ipraksis***

Utgangspunkt for arbeidet i 1. klasse er klassen sin heilskaplege årsplan. Denne dannar saman med arbeidsplanen kvar andre veke verkty for skulebibliotekaren i val av metodar og tekst. Det skal vere samsvar mellom det elevane har med lærarane og det dei får ta del i gjennom skulebibliotekaren sitt opplegg på hennar stasjon. For å sikre dette har skulebibliotekaren fast møte med kontaktlæraren i framkant av neste arbeidsplan.

Opplegg vert gjennomført kvar veke på 1. steg. Skulebibliotekaren deltek på stasjonsundervisninga i 1. klasse ein gong pr. veke der «Eventyr» er tema. Elevane skal oppdage at dei har forkunnskapar i høve teksten sitt innhald – ein vel i stor grad tekst ut frå arbeidsplanen sitt innhald. Vegen går frå å lese biletet til å lese ord og setningar. Ein les, reflekterer og repeterer - ser på teksten som multimodal tekst og trekjer ut meaning. Ein forsterkar ord og omgrep. Ein utviklar fortellingsstrukturar.

#### ***Endring av praksis/ Vurdering frå skulen***

Prosjektet er så langt vellukka. Vi ser at elevane tek med seg kompetansen inn i det vidare arbeidet. Vi ser at det arbeidet som vart gjort skuleåret 2011/12 i førsteklasse syner att i skrivekompetanse i 2. og 3. klasse i år. Å fokusere på det munnlege og forteljingsstruktur er ein aktiv og motiverande måte å lese på. Det appellerer spesielt til guitar og dei som strevar med sjølve «avkodinga». Gode økter med samtale, refleksjon og repetisjon tek tid, men er vel anvendt. Det er også nødvendig med tett samarbeid mellom lærarane og skulebibliotekaren.

Vi ser at denne metoden fungerer for å utvikle lese – og skrivekompetanse på småkulesteget og den gir meistringsoppleveling. Vi vil prøve å halde fram med å utvikle modellen med skulebibliotek som ein viktig læringsarena, slik at det vert ein synleg raud tråd i elevane sin tekstkompetanse gjennom skuletida på Dingemoen skule.

## **Tjødnalio skule, Stord kommune, Hordaland**

### ***Nynorsk litteratur for lærarar og elevar***

#### ***Mål***

Auke kompetansen hjå lærarane, slik at dei veit korleis dei skal auke elevane sin nynorskkompetanse. Målet for elevane er at dei skal velje å lese bøker på nynorsk.

#### ***Omtale***

Stord kommune har nynorsk som opplæringsmål. Men mykje av det elevane les er på bokmål, og elevane bruker mange bokmålsord i tale og skrift. Dette ville skulen gjere noko med. Dei ville auke tilgangen på nynorsk litteratur og auke medvitet hjå lærarane på kor viktig det er at elevane les bøker på nynorsk.

#### ***Ipraksis***

Kompetanseheving av personalet har vore sentralt i dette prosjektet. Lærarane har fått kurs i «rettleia lesing» og barn si leseutvikling. Heile kollegiet har fått del i Nynorskprosjekta, gjennom kursing, felles planleggingstid og tilbakemelding i plenum. Slik har prosjektet utvikla seg og blitt ein del av heile skulen sine satsingsområde, lesing, skriving og vurdering.

Presentasjon av nye bøker i personalgruppa har vore vektlagt slik at lærarane lettare kan ta i bruk bøkene.

Litteraturen har vore sentral i undervisninga. Elevar og lærarar har lese mykje nynorsk barnelitteratur. I arbeidet med elevane vert det vektlagt å samtale om og forklare nynorske ord i teksten. Gjennom systematisk arbeid med lesing og skriving og vurdering av lesing og skriving vil ein auke ordtilfanget på nynorsk og slik auke lese- og skrivekompetansen til elevane.

Elevane har arbeidd i smågrupper. Stasjonsarbeid har vore vektlagt, med lesing, skriving for hand, og skriving på data. Desse stasjonane har integrert ulike fag. Elevane les «småbøker» kvar veke der dei fortel og skriv om innhaldet. Elevar og lærarar brukar 2 stjerner og eit ønske i vurderinga av lesing og skriving.

#### ***Endringa av praksis/ Vurdering frå skulen***

Elevane har hatt stor framgang både i lesing og skriving, og me har fått svært gode resultat på dei nasjonale leseprøvene. Elevane vel bøker på nynorsk, dei spør meir om nynorske ord dei ikkje forstår og korleis dei skal skriva orda på nynorsk. Lærarane vel i større grad høgtlesingsbøker på nynorsk. Samarbeidet med Skrivesenteret i Trondheim, gjennom Normprosjektet, og prosjektet

«Vurdering for læring» har vore ein styrke for gjennomføringa av Nynorskprosjekta. Elevane kan vurdere eiga lesing, og gje «kvarandrevurdering». Lærarane kan vurdere elevane si lesing og skriving, for å auka lesekompesansen.

Vi har opparbeida eit godt utval av nynorske bøker på skulen.

Våre faste møter med rektor, der me snakkar om prosjektet, og legg planar for år, og korleis kollegiet skal få del i dette har vore sentrale for å få med heile kollegiet. «Rettleia lesing» vert brukt på alle klassesteg. Prosjektleiarane disponerer no skulen sitt bibliotekbudsjett, og desse pengane blir i hovudsak brukt til innkjøp av bøker på nynorsk. nynorsk.

Våre elevar les mykje bokmål, i bøker, på data og i media. Difor ser me at skulen må fokusere på og ha medvit om bruk av nynorsk. Skulen må prioritere innkjøp av bøker på nynorsk, presentere bøkene, og motivere elevane til å lese desse. Me ser at for å få ei god utvikling må me sjå lesing, skriving og vurdering i samanheng, og vi må bruke vurdering systematisk. Me må ha fokus på det munnlege språket, forklare omgrep og lære nye ord. Dette må me bruke mykje tid på.

## **Søre Fusa oppvekstsenter, Fusa kommune, Hordaland**

### **Poesisprell**

#### **Mål**

Auka skrivekompetanse for elevane ved bruk av poesi.

#### **Ontale**

Skulen nyttar poetiske tekstar som inspirasjon til tekstskaping. Gjennom arbeid med poetiske tekstar blir elevane meir medvitne det nynorske språket. Dei arbeider med tekstskaping i ulike sjangrar. Gjennom prosjektet «Poesisprell» arbeider elevane med poesi gjennom heile året. Elevane blir kjende med og får arbeida med eit nytt dikt kvar veke. Dei arbeider med diktet på ulike måtar - saman heile klassen, i smågrupper og individuelt.

Diktet vert fyrst presentert av læraren i samla klasse. Dette gjevelevane ei fellesoppleveling. Deretter nyttar dei diktet til bokstavinnlæring, lesetrening, rim og rytme og ordjakt. Dikt frå nynorske forfattarar som Olav H. Hauge, Jan Magnus Bruheim, Per Olav Kaldestad og Eva Jensen er nytta i prosjektet.

#### **Endring av praksis**

Elevane er vorte glade i å lese nynorske bøker og gjennom arbeidet med poesi har vi fått nytta fleire ulike sjangrar. Elevane har lært mange nynorske dikt. Gjennom dei har vi utforska språket og opparbeida språkleg medvit.

Prosjektet er omtala i kulturavisa Pirion n3/2012

[http://www.pirion.info/images/stories/pdf/3\\_Pirion\\_2012\\_L0.pdf](http://www.pirion.info/images/stories/pdf/3_Pirion_2012_L0.pdf)

## Vegen vidare

Elevar i barneskulen vert eksponerte for mykje bokmålstekst gjennom media, data, tilgjengeleg litteratur med meir. Skulane som har vore med i prosjekt løftar fram verdien av å bruke nynorsk språk og litteratur i mange samanhengar i skulen. Gjennom prosjekta vert det lagt til rette for at born og vaksne får eit positivt forhold til språk generelt og nynorsk spesielt. Borna får ein god start på eit arbeid som dei skal halde fram med.

Gjennom styrka medvit på bruk av nynorsk har skulane i større grad lagt vekt på nynorsk i songval, høgtlesing og litteratur som borna les sjølve. Ved å vektlegge det munnlege språket, forklare ord og omgrep utviklar ein språkkompetansen til elevane, og elevar og lærarar vert meir medvitne om språket. Bruk av nynorsk litteratur som utgangspunkt for lese- og skriveopplæringa vert løfta fram som eit viktig grunnlag for elevane si utvikling av lese- og skrivekompetanse frå prosjektskulane. Lærarane ser at elevane tek med seg kompetansen inn i det vidare arbeidet. I denne samanhengen er systematisk bruk av biblioteket eit viktig ledd. Tilrettelegging på biblioteket og opplæring i bruk av bibliotek har ved enkelte skular vore sentralt.

Erfaringar frå prosjekta viser at lærarar i kommunar der nynorsk er opplæringsmålet treng å verte minna på bruk av nynorsk litteratur, særleg i høve til høgtlesing til elevane og litteratur som elevane sjølve les. Då er det nødvendig å vite kva som finst og kvar ein finn det. Mange skular har utvikla gode opplegg knytt til nynorsk litteratur. Der vektlegging av lesing har vore sentralt, men lærarane gjev tilbakemelding om meir medvitne elevar som spør meir og er meir bevisste på korleis dei skriv.

I tillegg har skulane vore referansegruppe i samband med utvikling av nettstaden «Nynorsk for dei minste». Tilbakemelding frå praksisfeltet har vore nyttig i dette arbeidet.

Oppsummering av skulane sine erfaringar:

- Systematisk bruk av biblioteket og vektlegging av nynorsk litteratur
- Auka medvit om nynorsk litteratur, kva finst
- Auka tilfang, kvar finn ein god nynorsk litteratur
- Auka medvit om samtalar om språk, ord og omgrep

Samanhengen mellom talemålet og skriftspråket vert for mange elevar tydelegare. Elevane kjenner att sitt eige talemål i det nynorske språket. Ein har fått auka forståing for verdien av nynorsk som del av skulen sin språklege identitet.

## Tidleg start

*med skriving på «den andre målforma»*



Kontaktpersonar:

Benthe Kolberg Jansson (BKJ)  
førstelektor i norsk Høgskolen i Østfold

Hilde Traavik (HT)  
førstelektor i norsk Høgskolen i Bergen

«Tidleg start» er eit treårig prosjekt (2010 – 2013) knytt til tiltaksplanen til Nynorsksenteret. Seks klassar på barnesteget ved tre skolar, seks lærarar og to forskarar har deltatt i prosjektet. Det har både vore eit skolebasert utviklingsprosjekt som har vore planlagt og gjennomført av lærarane i klassane, og eit prosjekt der forskarane har tatt initiativet til og gjennomført aktivitetar i klassane. Forskarane har dokumentert prosjektet gjennom innsamling og analyse av elevtekster, klasseromsobservasjonar og intervju med lærarar og elevar. Vi vil understreke at motiverte og dyktige lærarar har vore ein føresetnad for at vi så langt kan oppsummere «Tidleg start» som eit vellykket prosjekt. Avsluttande analysar vil bli gjort hausten 2013, og ein endeleg rapport frå prosjektet vil ligge føre våren 2014.

### Bakgrunn

Tidleg start med å lære andre språk enn førstespråket er tilrådd med utgangspunkt i norsk og internasjonal forsking (sjå f.eks. Speitz m.fl.). Elevar på barnesteget (og også yngre barn) har eit stort potensial for å tilegne seg meir enn eitt språk, og det å møte og arbeide med fleire språk gjer barna språkleg medvitne. Det er all grunn til å tru at dette også gjeld arbeid med dei to norske skriftsspråka, bokmål og nynorsk. Resultata frå ein studie gjennomført av professor Mila Vulchanova ved NTNU, understøttar dette (Vulchanova, et al., 2013). Førebels konklusjon er at personar som skriv både nynorsk og bokmål, ser ut til raskare å kunne kjenne igjen ord på både bokmål og nynorsk. Dette kan vere ein indikasjon på ein større språkkompetanse, noko som blant anna kan styrke leseforståinga. Forskarane understrekar at skriftleg meistring er ein føresetnad. Lesing og skriving er jo to sider av skriftspråket, slik det blir slått fast i norskplanen i LK06/08:

*Lesing og skriving er parallelle prosesser i den enkeltes læringsforløp. Eleven utvikler skrivekompetanse gjennom å skrive og lese og lesekompotanse gjennom å lese og skrive. Dette skjer gjennom arbeid med ulike sjangere på bokmål og nynorsk med økende krav til forståelse for sammenhenger mellom tekstenes form og funksjon» (LK06, Skriftlige tekster).*

Kartleggingsstudiar har også vist at bokmålselever som begynner tidleg med nynorsk, har meir positive haldningar til denne målforma (Utdanningsdirektoratet 2006, Vibe 2005). Tidleg start med *lesing* på begge målformer har vore vanleg og læreplanfesta, men det er god grunn til å begynne tidleg også med *skriving*. At dagens skriftlege sidemålsopplæring først og fremst er lagt til ungdomstrinnet, skriv seg frå ein arv frå

realskolen, der det frå 1935 var krav om skriftleg kompetanse i begge målformer. Dette blei i sin tur overført til ungdomstrinnet med innføringa av niårig grunnskole på byrjinga av 1970-talet. Mykje talar mot å vente med skriving til ungdomstrinnet:

*(....) to begin teaching and learning a language at age 14 is ill-advised, (...). Students feel inhibitions, are frustrated by the limitations of beginner language, and do not apply themselves to developing a cumulative knowledge of a language. They may also feel frustration at the difference between their competence in English and in the Second Foreign language at an age – approximately 14–16 – when they wish to talk about significant issues in their lives, and in their own and other societies (LEPP<sup>1</sup> 2003, s. 20, her sitert etter Skjønig 2011)*

Noko av grunnen til negative haldingar til nynorsk som sidemål kan vere frustrasjon hos elevane over at dei ikkje meistrar nynorsk skriftspråk godt nok til å kunne bruke det til å uttrykke seg flytande i skriveprosjekta sine.

### ***Målsetting og tiltak***

Den viktigaste målsettinga for prosjektet har vore å få kunnskap om korleis bokmålselever kan arbeide med både lesing og skriving på nynorsk på barnesteget og korleis skriveferdigheitene deira, spesielt på nynorsk, utviklar seg. Denne målsettinga er forankra i tiltaksplanen til Nynorsksenteret, der eit av måla som gjeld barnetrinnet, er formulert slik:

*Setje i gang prosjekt for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål (Tiltaksplanen, s. 4)*

Ein klasse der elevane hadde nynorsk som hovudmål, har også vore involvert i prosjektet, og her har målsettinga vore å få kunnskap om i kva grad denne elevgruppa utviklar skriftleg kompetanse i bokmål utan eksplisitt opplæring. Erfaringane mange norsklærarar på ungdomsseget har, er at nynorskelevane meistrar sidemålet sitt ganske godt når dei kjem til ungdomsskolen. Spørsmålet er derfor når dei utviklar slik kompetanse, og om eksplisitt sidemålopsplæring også for denne gruppa bør begynne tidlegare. Elevane kan da dra nytte av fordelane som tidleg kontrastivt arbeid med begge målformer kan gi.

Tiltaka i prosjektet har vore mange og varierte, og dei har først og fremst vore knytt til ulike arbeidsmåtar i undervisninga. Når det gjeld dei fem prosjektklassane som har bokmål som hovudmål, har dei grunnleggande prinsippa vore variert tilnærming til nynorsk gjennom samtalar om språk, song, lesing og skriving på begge målformer og kontrastivt språkarbeid. Ein femteklasses har hatt lærebøker i samfunnsfag på nynorsk, så her er elevane både lese og skrive nynorsk i eit anna fag enn norsk.

I nynorskklassen var dei tiltaka som vart sett inn at elevane fekk høyre kvalitetslitteratur på bokmål lese høgt for dei av lærar eller forskar og at dei fekk delta i kontrastive samtalar om bokmål og nynorsk, i tillegg til at dei fekk i oppgåve å skrive ein del tekstar på bokmål.

---

<sup>1</sup> Language Education Policy Profile. 2003-2004. Language Policy Division Strasbourg. Council of Europe and Ministry of Education and Research. Norway.

## ***Organisering av prosjektet og korleis det fungerte i praksis***

### **Våland skole, Stavanger kommunue, Rogaland**

Prosjektet ved Våland skole i Stavanger starta som eit skoleprosjekt der dei tre lærarane Lise Lunde Nilsen, Anne Lise Sømme Kielland og Torunn Berge Gloppe samarbeidde om norskundervisninga på småskoletrinnet. Dei ville blant anna arbeide med tidleg start med nynorsk for elevane og fekk støtte til prosjektet frå Nynorsksenteret. Lærarane planla undervisninga saman og fungerte som eit team. Da elevane gjekk i tredje klasse (hausten 2010), blei Benthe Kolberg Jansson involvert i prosjektet, og ho skulle følgje og dokumentere det. I løpet av skoleåra 2010/2011 og 2011/2012 var BKJ på fleire skolebesøk og møtte både skoleleiinga, lærarar og elevar. På eit av besøka blei det også samla inn nynorsktekstar frå ein sjuaneklasse som hadde hatt nynorskprosjekt i andre og tredje klasse, men som seinare ikkje hadde hatt særskilt nynorskopplæring<sup>2</sup>.

Lærarane hadde frå første klasse av hatt ein bevisst strategi for å stimulere elevane til god skriftspråkleg utvikling. Dei la i liten grad opp til bruk av lærebokoppgåver, og dei la vekt på variert skriving i mange samanhengar, blant anna gjennom å gi elevane ulike typar skrivebøker der skriving hadde ulike formål. Eksempel på slike bøker er *Monsterboka*<sup>3</sup>, som var ei skrivebok med sjangerlæring som fremste formål, *Fortell, fortell*, som kan karakteriserast som ei dialogbok der elevane skreiv «kvardagsforteljingar», og *Nynorskboka*, der formålet var å prøve ut skriving på nynorsk. Elevane skreiv også enkelte av tekstene i *Monsterboka* på nynorsk. I bøkene blei det lagt vekt på at tekstene skulle sjå fine ut, og elevane teikna til og dekorerte ofte tekstene sine.

Tilnærminga til skriving på nynorsk i klassane var variert og utprøvande, men i hovudsak konsentrert om to hovudprinsipp: kontrastering mellom bokmål og nynorsk og sambandet mellom talespråk og skriftspråk. I tillegg kom naturlegvis det dynamiske forholdet mellom lesing og skriving. Sjølv om det i den første lese- og skriveopplæringa hadde vore fokus på bokmålet, hadde elevane frå første klasse også møtt tekstar på nynorsk, enten som høgtlesing, som lesetekster eller som songar. I tredje klasse begynte eit meir målretta arbeid med skriving også på nynorsk i periodar. Eit eksempel på tilnærminga er arbeidet med eventyret «Millionar kattar» (sjå illustrasjon).


Elevane fekk delt ut innleiinga til eventyret, og denne innleiinga limte dei inn i *Nynorskboka*. Dei skreiv av teksta og illustrerte ho. Etterpå gjekk dei gjennom teksten i klassen og snakka om kva ord som var skrive på same måte som på bokmål, og kva ord som var skrive ulikt. Orda som hadde ulike skrivemåtar, blei sett inn i ein tabell (sjå illustrasjon nedafor). Dei arbeidde med tre slike korte tekstuddrag som til saman utgjorde den første delen av eventyret. Til slutt skulle dei skrive si eiga avslutning på eventyret: «Korleis gjekk det?». Her skreiv alle ei sjølvstendig tekst på nynorsk og laga illustrasjon til. Gjennom avskrifta og teikninga gjorde dei teksta til si eiga, og dei fikk «modellert» nynorsk skrivemåte, slik illustrasjonen viser.

<sup>2</sup> Prosjektet er beskrive i denne artikkelen: Nilsen, Lise Lunde (2008). «Haugtussa som barnelitteratur». Norsklæraren nr. 3. Tilgjengeleg frå <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Haugtussa.pdf>

<sup>3</sup> Tittelen viser til at den som eigde boka, laga seg eit «monsternamn» med allitterasjon, f.eks. «Slemme Sam» eller «Grusomme Georg». Elevane teikna monstera i boka, og tekstene i boka handla enten om desse monstera, eller så var det dei som «skreiv». På denne måten opplevde elevane ei leikande tilnærming til sjangeropplæringa.

MILLIONAR KATTAR

Det var ein gong eit par gamle folk som budde i ei lita stove med blomar utover veggjen. Fint og koseleg hadde dei det, men likevel var dei ikkje heilt nøgde. Det var noko dei lengta etter, tykte dei.



Det var ein gong  
eit par gamle folk  
som budde i ei lita  
stove med blomar  
utover veggjen. Fint  
og koseleg hadde  
dei det, men likevel  
var dei ikkje heilt  
nøgde. Det var noko  
dei lengta etter, tykte dei.



Nynorsk

ein  
dei  
Stove  
koseleg  
blomar  
gang  
noko

Bokmål

en  
de  
stue  
koselig  
blomster  
gang  
noe

I den utprøvande skrivinga blei det i liten grad lagt vekt på korrekt rettskriving. Elevane skreiv nynorsk med utgangspunkt i den språkkjensla og den språkkompetansen dei hadde oppnådd gjennom å lytte til, lesa, synge og skrive av tekster på nynorsk, og dessutan snakke om og samanlikne bokmål, nynorsk og den lokale dialekten. Lærarane la vekt på å gi positive tilbakemeldingar på tekstene som elevane skreiv.

## Hjortsberg skole, Halden kommune, Østfold

Samarbeidet med Hjortsberg skole kom i stand hausten 2011, og det var oppstart med skolebesøk 8. desember. BKJ hadde samtale med rektor, som var svært positiv til prosjektet, og med læraren, Marthe Forsth-Svensson, som underviste to femteklassar i norsk. BKJ hadde deretter ein dobbeltime i kvar av dei to femteklassane. Timane opna med klasesamtalar om språk med utgangspunkt i elevane sine eigne språkerfaringar og kunnskap, og dette engasjerte elevane. Elevane lytta òg til høgtlesing på nynorsk, og dei arbeidde med vitsar på nynorsk. Etterpå samanlikna dei ord og skrivemåtar i nynorsk og bokmål med utgangspunkt i nokre av vitsane. Arbeidsmåtane såg ut til å engasjere elevane, og læraren skulle seinare følgje opp gjennom vidare undervisning. Ho fekk også del i erfaringane frå Våland skole. I ein reportasje om nynorskoplæring i Nationen 17. februar 2012 blei læraren, Marthe Forsth-Svensson, intervjuet, og i reportasjen kunne vi blant anna lesa dette:

«Femteklassingene til lærer Marthe Forsth-Svensson ved Hjortsberg skole i Halden er blant forsøkskaninene. Hun ser ikke bare læringsvilje, men til og med interesse for nynorsk hos elevene. Det er prestisje blant barna å kunne flere språk. – *De er rett og slett motiverte. Det har gitt meg en annen innfallsvinkel på skriveopplæringen*, sier hun.»

## **Brattholmen skule, Fjell konnmune, Hordaland**

To parallelklassar (ein med nynorsk, ein med bokmål som opplæringsmål) på Brattholmen skule utanfor Bergen har vore med i prosjektet sidan hausten 2010, då elevane byrja i 5. klasse. Samarbeidet mellom HT og elevane, kontaktlærarane og skoleleiinga har vore svært godt. Spesielt har samarbeidet med kontaktlæraren Sissel Aakre vore framifrå.

(Den eine klassen, nynorskklassen, deltok også i eit prosjekt på 4. trinn. Dette er omtalt i artikkelen "Då eg lerte å lese va det akurat som vera blei snud opp ned"<sup>4</sup>, og prosjektet dreidde seg om å undersøke om god tilgang på bøker og tid til lesing, hadde positiv innverknad på elevane si skriveutvikling - noko dokumentasjon frå prosjektet tydar på. Denne nynorskklassen, med sine 15 elevar, vart med vidare, og var ein del av "tidleg start"-prosjektet på 5. og 6. trinn. Det dreidde seg då om "tidleg start med det andre målet", bokmål. I denne klassen var kontaktlærar Gro-Anita Hindenes ein framifrå samarbeidspartner.)

HT besøkte både bokmåls- og nynorskklassen fire-fem gonger per skuleår. I nynorskklassen las ho alltid ein utvald tekst på bokmål høgt for klassen, og snakka med elevane om likskapar og skilnader mellom dei to målformene. Læraren dreiv også jamleg med slik kontrastiv undervisning. I løpet av dei to åra nynorskklassen var med på "Tidleg start med bokmål" skreiv elevane ei rekke tekstar til bruk i forskingsprosjektet, først og fremst på bokmål, men også nokre på nynorsk. I prosjektet vil vi mellom anna undersøke om elevane har ei parallel utvikling av skriveferdigheiter på bokmål og på nynorsk, eller om utviklinga i skriveferdigheiter på dei to målformene er ulik.

Då nynorskklassen hadde vore med i prosjektet gjennom 5. og 6. trinn, meinte vi å ha dokumentert at nynorskelever utviklar kompetanse i å skrive og lese på bokmål utan mykje særskilt tilrettelegging. Derfor bestemte vi å konsentrere oss om bokmålsklassen og "tidleg start med nynorsk" det tredje året i prosjektperioden, som altså var elevane sitt siste år på barnesteget.

I løpet av dei to åra nynorskklassen var med i prosjektet, fekk vi altså mykje skriftleg dokumentasjon på at elevar med nynorsk som opplæringsmål utviklar god kompetanse i "det andre målet". Truleg kjem dette av at nynorskelever, alle som ein, får tidleg start med "det andre skriftspråket", i og med at dei møter det hyppig og jamleg i kvardagen.

Bokmålsklassen, som fekk "tidleg start med nynorsk" frå og med 5. klassesteg, har deltatt i prosjektet i tre år. I denne klassen omfatta den tidelege starten først og fremst at elevane fekk fine, nye samfunnsfagsbøker på nynorsk på 5., 6. og 7. trinn. Tavleskrivinga i samfunnsfag har vore på nynorsk.

---

<sup>4</sup> Traavik, Hilde (2011): *Då eg lerte å lese va det akurat som vera blei snud opp ned*. Tilgjengeleg frå [http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU\\_rapport/HildeTraavik\\_VerdaSnudd.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/HildeTraavik_VerdaSnudd.pdf)

Foreldra til nokre av elevane reserverte seg mot at barna deira skulle vere med i prosjektet, men om lag 20 av dei 25 elevane var med. Dei som hadde reservert seg, fekk samfunnsfagsbøkene i bokmålsutgåve.

Elevane har vore oppfordra til å skrive på nynorsk når dei skulle svare på oppgåver i samfunnsfagsbøkene, og når dei skulle skrive tekstar som forskaren skulle analysere, fekk dei i oppgåve å skrive på nynorsk. Nedanfor kjem eit døme på ein tekst (utdrag) om slavehandelen, skriven av ei "tidleg start"- jente i mars på 7. trinn. Oppgåva ho har valt, lyder slik: "Tenk deg at du er matros om bord på eit slaveskip. Skriv ei dagbok der du fortel om reisa og arbeidet ditt". Teksten er skriven som eit førsteutkast. Nynorsken er sjølv sagt ikkje feilfri, men teksten framstår likevel som ganske bra når det gjeld rettskriving. Ho har brukt fleire nynorskformer, som til dømes *frå*, *mykje* og *veke*, og nokre former som kan karakteriserast som forsøk på å skrive nynorsk, til dømes *utnemt* og *frame*. Ordformer som er felles for dei to målformene er stort sett korrekte.

### Kjære dagbok

14.3.1783

J dag litt i anker og dro ifrå København.  
Kaptin Pedersen har ultiment Matros Casper  
til styrmann. Vi har veldig dårlig plass  
og vi far ikkje mykje mat. Om ta veke er  
vi fram i Vest-India for og hente 250 slavar.

30.3.1783

Det har hende mykje den riste tida.  
Selv om ikkje slavarne er komne ombord endå  
er det mykje jobb å gjøre. Kaptin Pedersen  
har sagt at innan ein veke skal vi få slavarne  
ombord. Matros Oygard blei tatt i å sove  
på vakkra og blei slatt 50 ganger imens  
alle vi på. Matros Nilsen blei tatt for å  
kjøle mat. Dietten vår ier hitt høpløs alt  
vi får er gryn, brennuin, tobakk, bønner og  
om vi er litt heldige millie og en ferkelkump  
å tyggja på.

3.4.1783

Det er tidlig morgon og det er i dag i  
okal herre slavarne. Vi matrosar og ledende  
stillingar har ein hengkøye og sova i,

På kvart klassebesøk har HT lese høgt for elevane frå ein god tekst på nynorsk, gjerne ein som læraren har lese vidare frå etterpå.

Tekstar som har falle i veldig god jord, er til dømes *Forteljingar om Jolver* (Belsvik 2009), *Villheks. Eldprøva* (Kaaberbøl 2012) og *Rosas buss* (Silei og Quarello, til norsk ved Guri Vesaas 2011). Den sistnemnde høvde godt til emnet dei for tida heldt på med i samfunnsfag, slavehandelen.

Elevane har skrive mange tekstar til bruk i forskingsprosjektet, for det meste om samfunnsfaglege emne som til dømes "Det gamle Egypt". Men i ein logg elevane skreiv, kom det fram at dei gjerne ville skrive tekstar om meir "spennande" emne, derfor fekk dei vinteren på 7. trinn skrive kvar sin sjølvbiografi, "Boka om meg sjølv" (skildra mellom anna i Traavik og Alver 2008). Instruksjonen gjekk ut på at elevane skulle skrive på nynorsk. Då HT tidleg våren 2013

fekk lese sjølvbiografiane, der tekstane var førsteutkast, vart ho litt skuffa over at elevane hadde skrive mykje mindre på nynorsk enn ho hadde venta. Derfor utfordra ho elevane til å velje seg ut ein tekst kvar frå "Boka om meg sjølv" og arbeide meir med, "slik profesjonelle forfattarar gjer", og bruke all kunnskapen om og ferdigheitene i nynorsk som dei hadde tileigna seg. I dei omskrivne versjonane posisjonerte elevane seg langt meir som nynorskskrivarar enn dei gjorde då dei skreiv førsteutkastet.

Tekstane elevane har skrive skal som sagt analyserast for å finne ut i kva grad elevane har utvikla kompetanse i å skrive på nynorsk. Vi vil som sagt også prøve å finne ut om skriveutviklinga på nynorsk og bokmål er parallel eller ikkje. Også i bokmålsklassen er det altså samla inn eit stort teksttilfang. Sjølv om ein god del av analysane står att å gjere, ser vi allereie klårt at fleirtalet av elevane har utvikla eit avslappa og positivt forhold til å skrive og lese på nynorsk. Vi ser også at dei – i ulik grad – posisjonerer seg som positive til å skrive tekstar på nynorsk. Teksten nedanfor, henta frå "Boka om meg sjølv", viser dette tydeleg. Teksten er eit førsteutkast, og bokmålseleven viser tydeleg at ho har tileigna seg nynorskkompetanse. I tillegg ser vi at det å skulle skrive på "det andre målet" ikkje ser ut til å legge nokon dempar på skrivegleda!

## Vennene mine

Vennene mine er utrolig snille og støttende for meg. De hjelper meg med ting jeg trenger hjelptil, og det ramme gjer meg. Det er aldri rånn at jeg går allein i priminuttet, og det er iglau glæs for meg. Tenker ofte på at jeg er så heldig, fordi eg har de besta vennene i verden. Eg har nokk aldri knapt vært myg som eg gjør med vennene mine men vi er vennar igjens nest dag. Vi er ofte uk og leikar i snøen når det er vinter. Vi soer og træler sammen når det er sommer. Når jeg tenker tillitahu på alle minnene tinker jeg altid på at livet varer er perfekt. Vennene mine gjør meg glæs!

## Etter 3 år med nynorsk

Eg har synest det har vore bra å ha nynorsk i tre år, fordi at eg har lært mange nye ord. Eg forstår mykje betre nynorsk no og eg viet betre korleis flere ord skrives.

Opgåvene har vore bra, men eg skulle ønske at vi kunne skrevet på data og prøvd det, om det var betre.

Eg trur at etter tre år med nynorsk i samfunnstag kjem eg til å bli betre enn dei som ikkje har hatt det.

Som nemnt har elevane jamleg skrive loggar om korleis dei opplever å vere med i "Tidleg start med nynorsk"-prosjektet. Den siste loggen, som vart skiven i april 2013, syner tydeleg at elevane har utvikla kompetanse i å skrive på nynorsk, og ikkje minst, at haldningane til å skrive og lese på nynorsk er positive. Teksten nedanfor viser oss ein elev som har tileigna seg temmeleg god kompetanse i å skrive på nynorsk i løpet av mellomsteget:

Ein sidegevinst som vi ikkje hadde sett på førehand, men som vi vart klar over mot slutten av prosjektperioden, var det som kjem fram i loggen under, skiven av ei jentene som ikkje har vore med på prosjektet:

Dei elevane som har hatt samfunnsfagsbøker på bokmål, som ikkje har hatt noko som helst press på seg for å skrive på nynorsk, og som heller ikkje sjølv har lese samfunnsfagstekstar på nynorsk, har altså tileigna seg kompetanse i nynorsk. Dette kjem truleg av at dei har høyrt medelelevane lese høgt på nynorsk frå samfunnsfagsbøkene sine, og dei har sjølvsagt vore med på dei kontrastive språksamtalane i klassen. Ein kan også tenke seg at prosjektelevane si positive haldning til nynorsk kan ha smitta over på dei elevane som ikkje var med i prosjektet.

Eg har merket at til og med eg har blitt bedre i nynorsk selvom eg har bokmål, fordi at eg har hørt på klassen lese nynorsk.

### **Evaluering – eigenevaluering**

Mot slutten av prosjektperioden kan vi ikkje anna enn å evaluere prosjektet som vellukka. Elevane har heilt klårt, i større og mindre grad, tileigna seg ferdigheiter i nynorsk og posisjonert seg som nynorskskrivarar, også dette i ulik grad.

Vi er fornøgde med måten prosjekta blei organisert og gjennomført på, og vi har samla eit stort forråd av elevtekstar som vi er godt i gang med å analysere. Skulle vi ha vore heilt fornøgde, hadde vi vore komne lenger med analysearbeidet, og vi kunne dermed ha trekt fleire konklusjonar. Dette skal vi arbeide med framover, og hausten 2013 vil det vere ei prioritert oppgåve for oss. Då skal også ein fyldig rapport frå prosjekta våre utarbeidast.

I prosjekta har vi erfart, både i samtalar med elevane og ut frå det dei har skrive i loggane sine, at dei i løpet av skoleåra på mellomsteget slett ikkje har utvikla negative haldningar til nynorsk. Tvert om har dei skrive i loggar, seinast våren 2013, at dei synest det har vore «kjekt» eller «heilt ok» å skrive og lese på nynorsk. Elevane uttrykte også, slik det går fram av ein av elevtekstane over, at dei trur dei vil kome til å ha nytte av sitt tidlege møte med å skrive og lese på nynorsk, når dei hausten 2013 begynner på ungdomsssteget.

### **Vegen vidare (ved kontaktpersonane)**

Det vi vurderer som viktige suksesskriterium, er først og fremst engasjerte og kompetente lærarar. Lærarane må ha kompetanse som set dei i stand til å gjennomføre gode samtalar om språk og språkvariasjon i klassane. Dei må også meistre både nynorsk og bokmål. Likevel meiner vi at svært mykje av det som har vore gjort i prosjektet, kan gjennomførast av «vanlege lærarar».

Ein annan viktig faktor er at nynorskopplæringa blir integrert i anna arbeid med faget – det vil seia at nynorsk får funksjon som bruksspråk. I klassen på Brattholmen skole blei nynorsk blant anna brukt til å utvikle fagkunnskap, og i klassane på Våland skole blei nynorsk brukt til å utvikle skrivekompetanse.

Vi vil også sterkt understreke det tette sambandet mellom lesing og skriving som ein viktig faktor for suksess. Eit variert utval av litteratur på nynorsk stimulerer til skriving. Lærebøker på nynorsk stimulerer til fagskriving.

Gleda over språk og språkkunnskap står også sentralt. I alle klassane var samtalane om språk – og ikkje minst samtalane der elevane sin eigen språkkompetanse blei verdsett – viktige som ein del av opplæringa i «det andre skriftspråket». Variasjon i arbeidsmåtar og tilnærming er også avgjerande.

Tekstene frå sjuandeklassen ved Våland skole indikerer at kontinuitet gjennom barnesteget er viktig. Denne klassen uttrykte at dei hadde hatt stor glede av prosjektet i andre og tredje klasse<sup>5</sup>, men den faktiske kompetansen som blei dokumentert fire år etter at prosjektet blei avslutta, var ikkje så god som han ville ha vore dersom dei hadde hatt kontinuitet i opplæringa.

At både skoleleiinga og foreldra speler på lag er viktig i denne samanhengen – som i dei fleste andre samanhengar i skolen.

Å få høre på opplese kvalitetslitteratur har også vore svært positivt. Etter å ha fått høre ei av forteljingane i *Forteljingar om Jolver*, bad elevane om å få høre meir frå den boka neste gong. At det er nær samanheng mellom utvikling av ferdigheiter i lesing og skriving er allment akseptert og kjem fram i til dømes norskplanen i *LK06*, hos Krashen (2004) og hos Traavik og Alver (2008). Vi trur at det å få høre på tekstar som høgtlesing og få lese kvalitetslitteratur på nynorsk sjølv, både skjønnlitterær og faglitterær (jf samfunnsbøker på nynorsk), kan ha verka med til at elevane generelt ser ut til å ha utvikla kompetanse i å skrive på nynorsk. Eit suksesskriterium meiner vi derfor må vere at ein syter for å gi elevane god tilgang på høveleg og interessevekkande litteratur på nynorsk.

Å snakke om likskapar og skilnader mellom dei to målformene har også fungert godt i klassane, og har utan tvil bidratt til å gi dei større språkleg medvit. Kontrastiv undervisning, der læraren samtalar med elevane om nynorsk og bokmål, kva som skil dei og kva som er likt, meiner vi også er eit kriterium for å lykkast med tidleg start med den andre målforma.

Vi meiner å kunne slå fast at det å la elevane møte det andre skriftspråket gjennom ikkje bare lesing, men også skriving, har vore ein suksess. Dei har fått venje seg til "lyden av" nynorsk, og ordbilda og setningsbygginga på eit tidspunkt i utdanninga då dei i større grad enn seinare har kapasitet til å tilegne seg språklege ferdigheiter på eit anna skriftspråk enn opplæringsmålet.

Det vi er aller mest nøgde med å ha oppnådd er nemnt tidlegare, men sidan ordtaket seier at "ein god ting ikkje kan gjerast for ofte", tar vi det opp att her: At elevane har utvikla eit positivt forhold til nynorsk, som av bokmålevar på ungdomssteget ofte blir møtt med negative haldningar, er eit svært viktig og gledeleg resultat av prosjektet "Tidleg start med nynorsk".

---

<sup>5</sup> Nilsen, Lise Lunde (2008). «Haugtussa som barnelitteratur». Norsklæraren nr. 3. Tilgjengeleg frå <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Haugtussa.pdf>

## **Liste over publikasjonar med utspring i prosjekt «Tidleg start»**

### **2013:**

Traavik, H. og Jansson, B.K. (red.). *Norskboka, bind 1 og 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1 – 7.* Oslo: Universitetsforlaget. (u. u.) (I desse bøkene, som blir gitt ut sommaren og hausten 2013, er vi i tillegg til å vere redaktørar, bidragsytarar med fleire kapittel kvar, og nokre som vi har skrive saman. Eitt av desse kapitla er «Tidleg start med skriving på nynorsk og bokmål».)

### **2012:**

Jansson, B. K. og Traavik, H. Tidleg start med nynorsk. *Nynorskopplæring nr. 14/2012*

Jansson, B.K. Tidlig start med skriving på begge målformer. I Matre, S. & Skaftun, A. (red.) *Skriv! Les! Artikler fra den første nordiske konferansen om skriving, lesing og literacy.* Trondheim: Akademika forlag (Dette er ein vitskapleg artikkkel som analyserer og drøftar elevtekster frå prosjektet «Tidleg start...»)

Traavik, H. Skriving og lesing hand i hand. Revisjon av fagplanen i norsk. Eit godt høve til å gi elevar ein tidleg start med «det andre skriftspråket». I: *Utdanning nr. 12/2012*

### **2011:**

Traavik, H. «Då eg lerte å lese va det akurat som vera blei snud opp ned».

[www.nynorskenteret.no](http://www.nynorskenteret.no)

# Lærebøker og læremiddel på nynorsk i andre fag enn norsk



Ingrid Slettevoll  
Nynorsksenteret

## Om prosjektet

**Tiltaksplanen 2009 -2012** gav Nynorsksenteret i oppdrag å gjere tiltak for å prøve ut undervisningsmetodar som kan fornye sidemålsopplæringa i nynorsk på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. I Tiltaksbrevet frå Utdanningsdirektoratet heiter det at Nynorsksenteret skal «Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.»

Etter utlysing av prosjektmidlar fekk vi fire skular som var interesserte i å ta del i utviklingsarbeidet. Prosjektet kom i gang hausten 2010 etter oppstartsseminar ved Høgskulen i Volda for prosjektleiarar og lærarar. Prosjektet omfatta då ein vidaregåande skule og tre skular med elevar på ungdomstrinnet. Av ulike grunnar trekte ein av ungdomsskulane og den vidaregåande skulen seg frå samarbeidet etter eitt år. Men i staden fekk vi ein ny vidaregåande skule med frå hausten 2011.

Nynorsksenteret formulerte overordna mål, og sette rammer for framdrift og forventningar til deltakarane i prosjektet. På oppstartsseminaret vart det lagt føringar som skulle hjelpe prosjektlærarane i planleggjingsarbeidet. Sidan dette ikkje hadde status som eit forsøk, men som eit utviklingsarbeid som skulle gjennomførast innanfor rammene til LK06, var det avgjerande at målet for prosjektet var knytt til kompetansemål og grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving i dei involverte faga. Nynorsk som sidemål er som vi veit ein del av norskfaget, og vi kan difor ikkje pålegge elevane å lese og skrive nynorsk i eit anna fag enn norsk. Praksiseksempla frå dei ulike skulane vil vise korleis denne utfordringa vart handsama.

## Mål med Foll-prosjektet:

Nynorsksenteret ønskjer å undersøkje korleis arbeid med nynorske tekstar i andre fag enn norsk kan vere med på å styrke grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. Vi ønskjer òg å undersøkje om arbeid med nynorsktekstar i andre fag enn norsk kan vere med å påverke språkkompetansen i norskfaget, jamfør kompetansemåla i norsk, der bokmål og nynorsk er likestilte.

*"(...) lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri"*

(LK06, Kompetansemål i norsk, etter 10.årstrinn)

## **Rammer for FoU-prosjektet**

- For å styrke dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing og skriving, er det viktig at lærebøkene på nynorsk i eit anna fag enn norsk vert nytta som grunnlag både når elevane skal tilegne seg strategiar for lesing og skriving for å lære, og når dei skal produsere eigne tekstar i faget.
- For å synleggjere læringsutbyttet av FoU-prosjektet, der eit av måla er å heve språkkompetansen i norskfaget (Jf. Kompetanse mål), er det ønskjeleg med samarbeid mellom desse faga.

## **Forventningar til FoU-skulen**

- Det er viktig at FoU-prosjektet blir ein del av dei lokale læreplanane ved skulen. Nynorsksenteret bed om at prosjektleiar saman med rektor sender oss utkast til ein årsplan for arbeidet med FoU- prosjektet ved skulen.
- FoU-prosjektet skal gi oss erfaringar og nye kunnskapar om nynorskoplæring og må difor dokumenterast og vurderast. Utviklingsarbeid er avhengig av kontinuerleg refleksjon og vurdering. Det er difor avgjerande at lærarane som har ansvar for FoU-prosjektet, skriv logg undervegs der dei kjem med vurdering av arbeidet og grunngjeving av vala dei til ei kvar tid gjer. Denne skriftlege dokumentasjonen blir utgangspunkt for utviklingssamtalar på webmøte og samlingar som Nynorsksenteret har ansvar for. I tillegg skriv prosjektleiarene ein årleg rapport som skal leverast Nynorsksenteret i slutten av kvart vårsemester og ein sluttrapport der FoU-prosjektet blir evaluert. Rapportskjema vil vere tilgjengeleg på nettsida vår.
- FoU-arbeidet er avhengig av at skulen legg til rette for at prosjektleiarene får tid til å organisere og drive prosjektet.

## **Kompetanseheving**

- Prosjektlærarane blir inviterte til årlege seminar med forelesingar, erfarringsdeling og oppretting av faglege tolkingsfellesskap
- Fagleg refleksjon i dialog med rettleiar frå Nynorsksenteret
- Prosjektlærarane blir inviterte til å delta på den årlege Nynorskkonferansen

**Stavanger katedralskole** kom først med i prosjektet hausten 2011 og har nytta lærebok på nynorsk i to klassar i samfunnsfag og to klassar i kjemi. I skuleåret 2012 - 2013 har elevane hatt lærebøker på nynorsk i tre studiespesialisande klassar i vg1 og ein klasse ved musikk, dans drama i vg2. Lærebøkene er innkjøpte av midlar frå Nynorsksenteret.

Skulen som institusjon ynskte å vere med på prosjektet fordi dei ser det som positivt å ta del i utviklingsarbeid som kan gjere undervisninga betre. I tillegg såg skuleleiinga dette prosjektet som ein nøkkel til å styrke nynorskoplæringa og skape positive haldningar til nynorsk. Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving var også eit område skulen ville løfte fram.

Mål: Å skape ei positiv haldningsendring til nynorsk gjennom å gje sidemålsopplæring på ein annan måte enn den som går føre seg i norskfaget.

**Kolvikbakken ungdomsskole** vart knytt til prosjektet under Tiltaksplanen hausten 2010. Då hadde dei alt mange års erfaring med lærebøker på nynorsk i RLE. I prosjektperioden har etter kvart alle årstrinna ved skulen nyttar lærebøker på nynorsk i samfunnsfag, i alt 15 klasser.

Skulen som institusjon ynskte å vere med på prosjektet fordi dei kunne bygge vidare på erfaringar frå tidlegare utviklingsarbeid og gi elevane høve til å møte nynorsk i større grad enn dei gjer i dei ordinære norsktimane.

Mål: Å skape positive haldningar til nynorsk og heve elevane sin kompetanse i å lese og skrive nynorsk og samstundes gjere dei i stand til å lese og skrive fagleg i samfunnsfag.

**Brandbu ungdomsskole** vart med på prosjektet frå hausten 2010. Dei starta med lærebøker på nynorsk i samfunnsfag på 8.årstrinn, heldt fram med 8. og 9.årstrinn i 2011 og involverte alle tre trinna frå 2012, til saman 10 klasser.

Elevar og føresette i distriktet har hatt ei negativ haldning til nynorsk, noko som vart opplevd som problematisk. For å prøve å snu denne utviklinga, ville skulen ta del i prosjektet med å bruke nynorsk i eit anna fag enn norsk og med utgangspunkt i dette utviklingsarbeidet starte tidlegare enn før med sidemålsopplæringa.

Mål: Å ufarleggjere nynorsk og auke motivasjonen hos elevane. Å styrke lese- og skriveferdigitetene i både nynorsk og bokmål ved å integrere sidemålet i andre fag enn norsk.

Bardufoss ungdomsskole, Finnsnes ungdomsskole og Lista ungdomsskole fekk alle tildelt midlar frå Nynorsksenteret til innkjøp av nynorske skulebøker og anna skulemateriell til opplæringa i andre fag enn norsk. Felles for alle tre er at samarbeidet har vore avslutta før støtteperioden har gått ut. Grunnen til det er samansette, men endringar i personalsituasjonen og administrative nyorienteringar frå skule- og kommuneleiing er noko av grunnen til at desse prosjekta vart avslutta.

## **Stavanger katedralskole, Stavanger kommune, Rogaland**

### **Lærebøker på nynorsk i kjemi**

Etter eitt år med lærebøker på nynorsk i kjemi, vurderte lærarane dette faget som mindre eigna for prosjektet enn samfunnsfag. Grunngjevinga deira var at tekstane og fagspråket i kjemi ikkje høvde så godt til å arbeide med nynorske omgrep. Dette var i samsvar med tilbakemeldinga frå elevane, som i hovudsak var positive til lærebøker på nynorsk, men heller i eit anna fag enn kjemi. Læraren fekk i samtale med elevane likevel kommentarar som desse:

«*I starten var det vanskeleg å lese, særleg fagord. Nå fell det meir naturleg.*»

«*Ein bør innføre dette i fleire fag!*»

«*Ein lærer mange ord og spesialuttrykk. Det er bra å kunna fleire variantar*»

### **Lærebøker på nynorsk i samfunnsfag**

Dei to lærarane som har undervist i samfunnsfag, har òg hatt elevane i norsk. Dette er eit godt utgangspunkt for å tenkje tverrfagleg undervisning. Sjølv om det ikkje i særleg grad har vore lagt vekt på tverrfaglege tema, har mange elevar skrive nynorsk i norskfaget også når dei ikkje har vore pålagde det. Nokre elevar har sjølve valt å ha foredrag og Power Point på nynorsk i norskfaget sjølv om det ikkje var ein del av opplegget i sidemålsundervisninga. Dette kan ein tolke slik at elevane truleg assosierer denne læraren som nynorskbrukar og difor skriv på nynorsk til henne. Ei anna forklaring kan vere at dei er blitt så vane til å lese og skrive på nynorsk i desse faga at det fell naturleg for dei. Ein kan kanskje seie at dei posisjonerer seg som nynorskbrukarar i visse skrivesituasjonar.

I prosjektklassene har både tavleundervisninga og skriftleg materiell vore på nynorsk. Elevane har blitt oppmoda om å skrive på nynorsk både ved innleveringar og Power Point. Lærarane har valt å ikkje presse elevane til å skrive nynorsk tekst i samfunnsfag, men heller la dei få prøve seg fram når dei er motiverte for det. På den måten har nynorsk blitt ufarleggjort og tileigninga av språk og fag har gått hand i hand. Å lære fagomgrep både på nynorsk og bokmål opplever mange elevar som ei fagleg fordjuping som utvidar forståinga. Når elevane blir spurde om kva dei har lært av å vere med på prosjektet, seier ein av dei at «eg får eit forhold til begrepa, eg får lyst til å lære dei på fleire språk for å kunne forklare det eine ordet. Det eg meiner er at eg forstår begrepa meir enn berre som ord».

Språk og omgrep blir løfta fram når læreboka er på nynorsk, og elevane får dermed eit større medvit om kravet til presisjon i fagterminologien. Arbeid med læreboktekst og nynorske omgrep i samfunnsfag gir rom for faglege diskusjonar der kvardagsspråk og fagspråk blir sett opp mott kvarandre og samanlikna med omgrep på nynorsk og bokmål. Elevane i samfunnsfag hugsar t.d. svært godt kva ordet *misferd* tyder fordi det skil seg frå bokmålsordet *forseelse*, men også fordi det er lett å fylle det nynorske omgrepet med innhald. Summen av innhaldet i dei to omgrepa gir dermed utvida fagleg forståing. Slik kontrastiv opplæring gjer også elevane merksame på at ulike omgrep ofte blir nytta upresist i samfunnet og gjer at dei lettare kan sjå konsekvensane av det.

Ein del av målsetjinga for prosjektet er å utvikle grunnleggjande ferdigheter i lesing og skriving i faget. Dette inneber mellom anna «å bruke definisjonar, omgrep og faguttrykk til å forklare årsaker og verknader knytte til samfunn og kultur» (LK06 s. 120). I klassene ved Stavanger katedralskole, der elevane har hatt nynorske lærebøker i samfunnsfag, har dei blitt motiverte til å setje lys på språket i bruk og har dermed tileigna seg eit utvida ordforråd og betre forståing i faget. I denne læringsprosessen har elevane arbeidd systematisk og målretta med ulike læringsstrategiar for å tilegne seg kunnskapar i lærebokteksten og har hatt læraren som god støtte når læreboka nyttar ukjende nynorske fagomgrep som må forklarast.

Sjølv om samfunnsfag er eit såkalla munnleg fag, er det å skrive tekstar i tilknyting til faget ein del av grunnleggjande ferdigheter i «å uttrykkje seg skriftleg» i samfunnsfag. Elevane har fått små skriveoppgåver der dei t.d. skulle drøfte ulike påstandar som handla om kjønnsroller og identitet og har blitt oppmoda om å skrive nynorsk både ved tenkjeskriving og presentasjonsskriving. Dei fleste elevane har laga Power Point til foredrag på nynorsk. I skrivesituasjonar der tekstane skulle vurderast med karakter, har dei fleste så langt likevel valt å skrive på hovudmålet sitt som dei er tryggast i.

Nynorsksenteret har fått laga ein praksisfilm som viser korleis dei arbeider i ein samfunnsfagtime ved Stavanger Katedralskole.

<http://www.skolepraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-laerebok/>

## **Kolvikbakken ungdomsskole, Ålesund kommune, Møre og Romsdal**

### **Lærebøker på nynorsk i samfunnsfag**

Ved Kolvikbakken ungdomsskole har dei lagt vekt på at både foreldre og elevar skulle vere informerte om prosjektet før skulestart. På den måten får skulen formulert sine forventningar og foreldre og elevar får høve til å kome med spørsmål og innspel frå starten av. Dette er med på å skape positive haldningar som gjer det til eit felles prosjekt.

I samfunnsfag har alt skriftleg materiale til elevane vore på nynorsk, både tavleundervisning, PP, oppgåver og prøver i faget. Saman med læreboka har dette gitt elevane ein dagleg tekstdose som har gjort dei fortrulege med nynorsk både når dei les og etter kvart så smått byrjar å skrive samanhengande tekstar på nynorsk.

Uskrivne reglar ved skulen har vore at elevane på 8.årstrinn *kan* skrive nynorsk i samfunnsfag, på 9.årstrinn *bør* dei gjere det, og på 10.årstrinn *må* dei skrive nynorsk i faget. Det har altså vore lagt opp til ein mjuk start der elevane står fritt til å velje, men med tydelege forventningar om progresjon.

Tverrfagleg samarbeid mellom norsk og samfunnsfag har vore vellykka fordi fleire av lærarane underviser i begge faga. Lærarane meiner at det har vore positivt å samarbeide om å skrive saktekst der elevane blir vurderte både i norsk og i samfunnsfag. Dei har observert at elevane som har lærebøker på nynorsk har ein annan arbeidsprosess enn dei andre når dei skal ta fatt på skriving av sakprega tekstar. Lærarane meiner å sjå at desse elevane har tileigna seg strategiar som gjer at dei lettare hentar informasjon og kan dra nytte av lærebokteksten når dei skal skrive sjølve. Norsklærarane seier også at elevane skriv betre fagtekstar på nynorsk når dei kan bruke læreboka på nynorsk som støtte. Ikkje minst har det systematiske arbeidet med fagomgrep gjort at dei har fått eit utvida ordtilfang, ein «ordbank» med omgrep både på nynorsk og bokmål.

Variasjon i undervisninga er ein avgjerande faktor for å skape motivasjon hos elevane. Når elevane ved Kolvikbakken ungdomsskole lærer om reklame ved å lage reklamen sjølv, er det eksempel på kreative og utforskande skriveoppgåver. På mjølkekartongar har dei skrive og utforma reklamen på nynorsk og deretter hatt utstilling og vurdert både eigne og andre sine produkt. (lenkje til Nynorskopplæring nr. 9, 2010) <http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering9?e=2891840/2015957>

Det tverrfaglege perspektivet har også blitt tydeleg når prosjektlæraren kvar haust samlar nye 8.klassingar og framfører den dramatiske språk- og kulturhistoria vår i løpet av ein undervisningstime. Denne dramatiseringa skal etter planen filmatiserast og gjerast tilgjengeleg på nettsida til Nynorsksenteret.

Utviklingsarbeidet ved Kolvikbakken ungdomsskole gir ikkje rom for å vurdere læringsutbyttet av å nytte lærebøker på nynorsk i samfunnsfag, men vi tillèt oss likevel å nemne at karaktersnittet i sidemål ved skulen har vore svært høgt samanlikna med andre skular med nynorsk som sidemål.

## **Brandbu ungdomsskole, Gran kommune, Oppland**

Føremålet med eit utviklingsarbeid er å setje i gang ein prosess som endrar haldningar og praksis. Slike endringsprosessar vil som oftast innebere frustrasjon og motvilje i nokre fasar, men vi veit at endring er ein føresetnad for utvikling. Ved Brandbu ungdomsskole har dei involverte lærarane saman med prosjektleiarane lagt ned mykje arbeid i å få til gjennomarbeidde, tverrfaglege planar for norsk og samfunnsfag. Til tider har prosjektleiarene opplevd frustrasjon ved at det har vore vanskeleg å få nok tid til samarbeid og møteverksemد med dei involverte lærarane i prosjektet. Etter kvart vart leiingsoppgåvene delt på fleire og prosjektet har etablert seg som ein modell som er forankra i læreplanar ved skulen. I sluttrapporten seier prosjektlærarar og skuleleiar at dei opplever at dei har nådd målet om å endre dei negative haldningane til nynorsk både blant elevar, føresette og lærarar ved skulen.

At undervisninga i periodar har vore strukturert tematisk på tvers av fag, gjer at dei i tillegg til læreboktekst også har nytta andre sjangrar som t.d. ungdomsromanar og gamle og nye songskattar på nynorsk. Elevane har sett stor pris på både høgtlesing og stillelesing av nynorsk litteratur, og dei framhevar fantasy-sjangeren og bøker som «Landet under isen» av Lars Mæhle som særleg fengande for målgruppa.

Også ved Brandbu ungdomsskole har det vore lagt stor vekt på å setje nynorskprosjektet inn i ei språkhistorisk ramme for at elevane skal forstå kvifor vi har to skriftlege målformer i Noreg. Etter ei grundig innføring i språkdebatten på 1800-talet, fekk elevane tildelt roller som Wergeland, Welhaven, Knudsen og Aasen og fekk sjølv vere deltagarar i debatten. Denne måten å arbeide på er motiverande og fremjar læring fordi elevane må ta i bruk (anvende) lærestoffet i ein aktuell situasjon og må reflektere og vurdere kva som er relevant å leggje vekt på når dei skal argumentere sakleg.

Elevane har også fått kreative oppgåver der dei kunne samarbeide og diskutere korleis dei skulle uttrykkje seg på nynorsk. Ei slik oppgåve var å lage plakatar på nynorsk om kva rettar forbrukaren har i samfunnet. Denne skrivesituasjonen var med på å ufarleggjere nynorskopplæringa fordi elevane kunne hjelpe kvarandre og skrive for eit formål som var meir motiverande enn å skrive for å bli retta på av læraren.

Eit av måla til Brandbu ungdomsskole var at elevane skulle styrke lese- og skriveferdigheitene sine i både nynorsk og bokmål ved at sidemålet vart integrert i norsk og samfunnsfag. Sjølv om vi ikkje har metodar for å kunne vurdere læringsutbyttet til elevane, har vi grunn til å tru at når skulen alt har lukkast i å ufarleggjere og skape positive haldningar til nynorsk, vil arbeid med nynorsk tekst på tvers av fag over tid også gi resultat som er synlege i elevtekstane. Mange av elevane som har vore med på prosjektet i tre år, seier at det går heilt greitt å bruke lærebok på nynorsk, ikkje minst når dei kan hente ord og uttrykk til notat frå læreboka. Skuleleiar og lærarar meiner at systematisk arbeid med læringsstrategiar har gjort undervisninga i samfunnsfag betre enn før. Dessutan er det positivt for læringsmiljøet ved skulen at det har blitt tettare samarbeid mellom lærarane i prosjektperioden.

Framleis har mange av elevane ei viss sperre for å skrive eigne tekstar på nynorsk. Vi veit at tradisjonell grammatikkundervisning ofte er lite funksjonell og dermed til lite hjelp for elevane i skriveprosessen. Når lærarane peikar på at elevane manglar metaspråk for å kunne snakke om språk og språklege fenomen, er det eit signal om at norskopplæringa må gi større rom for diskusjonar der elevane kan setje ord på kva grammatiske funksjonar som ligg til grunn for å kunne uttrykkje seg både skriftleg og munnleg, og på nynorsk og bokmål.

## Vegen vidare

Vi vurderer prosjektet med bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk som svært vellukka. Prosjektet har vore med på å utvikle god praksis og gitt elevar med nynorsk som sidemål eit breiare tekstgrunnlag enn dei møter elles. Lærarane som har teke del, seier at denne måten å undervise på har gjort dei meir medvitne om korleis dei kan arbeide målretta med fagspråk og grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. At lærebøker på nynorsk i eit anna fag enn norsk også gir ein bonus i norskfaget, blir framheva av både lærarar og elevar. Lærarane seier at dei ved at elevane har nytta nynorsk som bruksspråk i eit fag gjennom eit heilt skuleår opplever at det kjem stadig færre spørsmål om kva ord på nynorsk tyder. Dette kan tyde på at elevane er blitt tryggare i målforma og rett og slett forstår nynorsk betre etter kvart som dei blir vande til å bruke språket. Dei har i større eller mindre grad blitt sosialiserte inn i sidemålet sitt.

Tilbakemeldingane frå elevane har vore svært positive, særleg fordi dei opplever det avvæpnande å møte det nynorske språket i ein situasjon der målet ikkje først og fremst er å bli retta på. Ved fleire høve har elevane uttalt seg i media om korleis dei har opplevd å vere med på prosjektet: «Jeg skulle ønske de la inn mer nynorsk i flere fag», seier ein elev til Stavanger Aftenblad. Dei få elevane som har nynorsk som hovudmål har også blitt sett ved at dei endeleg har fått lærebok og undervisning på hovudmålet sitt, noko som truleg stimulerer dei til å halde fram med nynorsk som hovudmål. Som eit konkret resultat av haldningsendringar og styrking av nynorsk kan det også nemnast at der har vore tilfelle av skifte av hovudmål frå bokmål til nynorsk.

Desse erfaringane bør få konsekvensar for opplæringa i nynorsk som sidemål utover desse prosjekta. Vi veit at nøkkelen til læring er motivasjon og at vi må skape læringsituasjonar der elevane blir motiverte fordi dei opplever lærestoffet og føremålet med opplæringa som meiningsfullt. Nynorsksenteret har med hjelp av dyktige lærarar

skaffa seg erfaringar som viser at elevane blir meir motiverte til å lære nynorsk dersom opplæringa blir knytt til arbeid med læreboktekst også i andre fag enn norsk.

Lærebokprosjekta har vore organiserte på ulike måtar og har hatt ulikt omfang ved dei skulane som har vore involverte. Vi ser at det først og fremst har vore entusiastiske lærarar som har vore drivkraft, og dermed har prosjektet også vore sårbart. Ved to av skulane som var med i første omgang, gjekk prosjektlærarane over i annan jobb eller vart pensjonerte. Fordi utviklingsarbeidet ikkje var forankra i skulorganisasjonen vart prosjekta dermed avslutta ved desse skulane. Skuleorganisasjonen har likevel kome meir på bana etter kvart og leiinga ved dei tre skulane har vurdert prosjektet som så verdfullt at dei ynskjer å halde fram med å bruke lærebøker på nynorsk i eit anna fag enn norsk.

I følgje rapporten *Kunnskapssløftet – tung bør å bære*<sup>6</sup> er det behov for samarbeid på tvers av fag for å kunne lykkast i å utvikle dei grunnleggjande ferdighetene. Tiltaksplanen 2009 – 2013 har vore med på å stimulere til arbeid med grunnleggjandene ferdigheiter i lesing og skriving på tvers av fag. Vi ser likevel at skriving som grunnleggjande ferdighet til no ikkje har fått stor nok plass innanfor dette utviklingsarbeidet. Men lærarar og prosjektleiarar har gjennom deltaking på seminar, konferansar og gjennom fagleg refleksjon i dialog med fagpersonar ved Nynorsksenteret, tileigna seg kompetanse som gjer at dei ynskjer å legge meir vekt på skriving som grunnleggjande ferdighet det i neste omgang.

Nynorsksenteret ynskjer difor å vere med på å støtte og vidareutvikle prosjektet ved utvalde skular, først og fremst for å setje lys på grunnleggjande ferdigheiter i skriving på nynorsk på tvers av fag, særleg samfunnsfag og norsk. Vi har hatt kontakt med redaktøren i den nynorske nettavisa Framtida.no for få til eit samarbeid som kan gi elevane autentiske skrivesituasjonar der skriveoppgåvene er baserte på aktuelle saker i mediebiletet som er relevante for samfunnsfag og norsk. Avisa kan vere ein arena der elevane får skrive tekstar anten for eit reelt publikum eller i eit lukka forum.

---

<sup>6</sup> Rapport 42/209 frå NIFU STEP, Frøydis Hertzberg

# **Skriveopplæring i alle fag**



Marit Wadsten  
Nynorsksenteret

## **Om prosjektet**

Mål: Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk i alle sjangrar og tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.

Grunngjeving: Ifølgje rapporten *Kunnskapsløftet – tung bør å bære*, er det behov for samarbeid på tvers av fag for å kunne lykkast i å utvikle dei grunnleggjande ferdighetene. Frå Stortingsmelding nr. 23, Språk bygger broer, 4.2:

- «barn og unge skal få muligheter til å utvikle en sikkere identitet, kulturelt og språklig, og at nynorsk blir en naturlig del av den språklige hverdagen for barn og unge»
- «Det er derfor viktig med intensivert innsats og et bredt engasjement for å bedre nynorskopplæringen»

Tiltak: For elevar med bokmål som hovudmål:

Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.

For elevar med nynorsk som hovudmål:

Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.

Ansvarleg aktør: Nynorsksenteret

Samarbeidspartnarar: Nasjonale senter

Tidsplan: 2009–2012

På bakgrunn av føringane i Tiltaksplanen vart det hausten 2009 og våren 2010 funne fram til åtte prosjektskulalar som ville vere med på eit treårig utviklingsprosjekt i skriveopplæring. I utveljinga av dei skulane som skulle få vere med vart det lagt vekt på vilje til fagleg utvikling og på geografisk spreiing innanfor området der nynorsk er opplæringsspråk, og vi ønskte både å ha med både bynære skular med sterkt press frå bokmål og skular i område der nynorsken står sterkare. Dette meiner vi at vi har lykkast med. Skulane som har vore med dekkjer også heile det 13. årige opplæringsløpet, frå 1. klasse til og med 3. klasse på vgs.

Dei skulane som har vore med er Bø ungdomsskule og Seljord ungdomsskule i Telemark, Straumen skule i Tysvær kommune utanfor Haugesund i Rogaland, Sund ungdomsskule og Os skule utanfor Bergen i Hordaland, Volda ungdomsskule og Bratteberg skule i Volda kommune, Eidsvåg barne og ungdomsskule og Eresfjord barne og ungdomsskule i Nesset kommune, alle i Møre og Romsdal, Firda vg skule i Gloppe kommune, Sogn og Fjordane og Valdres vg skule i Oppland. Dei to vg skulane kom med i 2011, og har gjennomført to prosjektår. Alle dei andre skulane har vore med i minst tre år.

Alle skulane fekk i løpet av første halvdel av prosjektperioden besøk av rettleiar frå Nynorsksenteret, som har halde kurs i "Skriving som grunnleggjande ferdighet – og nynorsk". Det har også vore halde forelesingar for nokre av skulane i andre tema, og det har vore jamleg e-post og telefonkontakt, nokon meir enn andre alt etter behov og etterspørrelse frå skulane si side.

Alle skulane har delteke på FoU-seminara Nynorsksenteret har arrangert, og mange har også delteke på Nynorskkonferansane i prosjektperioden.

## **Føringar i tildelingsbrevet til skulane**

I løpet av våren 2010 vart prosjektplanar og søknadar om å få bli med levert inn til Nynorsksenteret frå skulane, og i tildelingsbrevet til skulane frå Nynorsksenteret heiter det mellom anna:

"Nynorsksenteret ønskjer å undersøkje korleis arbeid med skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål kan vere med på å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og skriving. Vi ønskjer å undersøkje om arbeid med skriveopplæring i alle fag kan vere med å påverke språkkompetansen i norskfaget, jamfør kompetanseområla i norsk (sjå vedlegg 3), der bokmål og nynorsk er likestilte. Vi ønskjer også å undersøkje om arbeid med nynorsk som fagspråk kan vere med og styrkje elevane sin generelle språkkompetanse og om dette kan føre til styrking av språkleg sjølvkjensle.

Granskning av kva vilkår som må oppfyllast for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunne halde fram å skrive nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa, er også eit område det finst lite kunnskap om og som det er stort behov for kartlegging av og forsking på.

## **Rammer, forventningar og ressursar**

Prosjektet startar opp hausten 2010.

### **Rammer for FoU-prosjektet (jf. bakgrunn og mål):**

- Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk i fleire fag gjennom aktiv bruk av nynorske læremiddel og læringsressursar.
- For å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene i skriving av nynorske tekstar i alle fag, er det viktig at det vert nytta gode nynorske modelltekstar som grunnlag både når elevane skal lese og skrive for å lære fag, og når dei skal produsere eigne tekstar i faget.
- Eitt av måla med prosjektet er å heve den skriftlege kompetansen i nynorsk i alle fag. For å synleggjere læringsutbyttet av FoU-prosjektet er det derfor ønskjeleg med samarbeid mellom to eller fleire fag.

### ***Forventningar til FoU-skulen:***

- Det er viktig at FoU-prosjektet blir ein del av dei lokale læreplanane ved skulen. Nynorsksenteret bed om at prosjektleiar saman med rektor sender oss utkast til ein årsplan for arbeidet med FoU-prosjektet ved skulen, dersom ein slik plan ikkje alt er med i søknaden.
- FoU-prosjektet skal gi oss erfaringar og nye kunnskapar om nynorskoplæring og må difor dokumenterast og vurderast. Utviklingsarbeid er avhengig av kontinuerleg refleksjon og vurdering. Det er difor avgjerande at lærarane som har ansvar for FoU-prosjektet, skriv logg undervegs der dei kjem med vurdering av arbeidet og grunngjeving av vala dei til ei kvar tid gjer. Denne skriftlege dokumentasjonen blir utgangspunkt for utviklingssamtalar på webmøte og samlingar som Nynorsksenteret har ansvar for. I tillegg skriv prosjektleiarene ein årleg rapport som skal leverast Nynorsksenteret i slutten av kvart årsemester og ein sluttrapport med rekneskap, der FoU-prosjektet blir evaluert. Rapportskjema vil vere tilgjengeleg på nettsida vår. Rapporten og rekneskapen skal skrivast under av rektor og fagansvarleg.
- FoU-arbeidet er avhengig av at skulen legg til rette for at prosjektleiarene får tid til å organisere og drive prosjektet.
- Vi gjer merksam på at de må sende inn søknad for kvart av dei tre prosjektåra.

### ***Ressursar frå Nynorsksenteret:***

- Nynorsksenteret dekkjer utgifter til innkjøp av lærebøker som er relevante for FoU-prosjektet.
- Nynorsksenteret kan halde kurs i bruk av nynorske læremiddel og læringsressursar
- Prosjektleiar får tilskot til frikjøp av tid til leiing.
- Prosjektleiar og lærarar som er med på FoU-prosjektet, får i prosjektperioden i tillegg tilbod om dekte utgifter til oppstartsseminar hausten 2010, og til kurs og samlingar i regi av Nynorsksenteret.

## **Firda vgs, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane og Valdres vgs, Nord-Arudal kommune, Oppland**

### **Målstreken**

**- eit samarbeidsprosjekt mellom Firda vgs og Valdres vgs**

*"Det ein fokuserer på, blir ein betre i. Nynorsk har gått frå å vere eit ikkje-tema til å bli noko vi har grundigare fagkunnskap om."*

### **Om prosjektet**

Prosjektet har omfatta Norsk i vg1, vg2 og vg3 ved Firda vgs og Valdres vgs. Om lag 25 klassar + 12 klassar.

### **Prosjektperiode: 2011-2013**

Våren 2009 vart det i regi av prosjektet Målstreken gjennomført ei undersøking om haldninga til og bruk av nynorsk blant elevane ved Valdres vidaregåande skule. Undersøkinga viste at 75 % av dei som hadde hatt nynorsk som opplæringsmål, hadde skifta til bokmål i løpet av det 13-årige skuleløpet. Den same undersøkinga vart gjennomført våren 2010 ved Firda vgs. Der viste det seg at 5 % av elevane skifta frå nynorsk til bokmål. Nynorskelevane ved Valdres vgs og Firda vgs har svært ulike språklege omgjevnader i skulekvardagen: ved Valdres vgs er dei i mindretal, medan dei ved Firda vgs er i soleklart fleirtal. Valdres ligg i det ein kan kalle randsona for nynorsken, eit område der nynorsken ikkje har det same rotfestet som f.eks. Nordfjord, der Firda vgs ligg. Sogn og Fjordane er eit av dei få områda i landet som har nynorsk som hegemonisk språk. Dette har mykje å seie for kor enkelt/ vanskeleg det er å halde på nynorsk som hovudmål. Målet med dette prosjektet har primært vore å skape trygge nynorskbrukarar som brukar nynorsk så mykje som mogeleg.

Med eit samarbeid mellom norskseksjonane ved dei to skulane, ynskte ein å auke elevane sin kompetanse innan dei grunnleggjande ferdighetene lesing og skriving med fokus på nynorsk, både som hovudmål og sidemål. Ein ville vidare styrke elevane sin språklege tryggleik, innhente kunnskap om korleis dei språklege omgjevnadene til elevane påverkar skriftspråket deira, utvikle undervisningsopplegg som har fokus på målbyte, språkleg sjølvtilleit og tryggleik i eigen kultur, styrke lærarkompetansen i språklege emne knytte til målbyte og språklege endringar og bidra til utvikling av norskfaget. Prosjektet har hatt som mål å resultere i undervisningsopplegg som er tilgjengelege for andre skular, og i faglege artiklar som presenterer ny kunnskap om samanhengen mellom språklege omgjevnader og vilkåra for språkleg tryggleik og læring.

### **I praksis**

Gjennom betre norskundervisning har nynorsk vore tematisert på nye måtar. Det har vore arrangert fagleg etterutdanning av lærarane gjennom tre seminar, der faglege kapasitetar frå høgskular og universitet har vore henta inn. Gode undervisningsopplegg i, på og om nynorsk var noko lærarane sakna i lærebøkene. På seminara vart det derfor

utarbeidd undervisningsopplegg tilpassa dei ulike elevgruppene. Undervisningsopplegg frå seminara kan lesast på [www.valdresfirda.blogspot.com](http://www.valdresfirda.blogspot.com)

### ***Vurdering frå skulane***

Vi har oppnådd meir medvit omkring målbyte og nynorsk som bruksspråk. Dei involverte lærarane har sett nye måtar å forstå nynorsken og den nynorske skriftkulturen si historie på. Det har vore ei fagleg oppdatering som vi har hatt godt utbyte av og som vi tek med oss vidare og formidlar til nye kollegaer i norskseksjonane.

Elevane har i mindre grad vore medvitne om at det har funnest eit prosjekt. Men dei har opplevd større fokus på denne problemstillinga, som tidlegare nesten ikkje var kommunisert i det heile. Dei møter faglegheit omkring følsomme tema som t.d. språkleg status.

Leiinga ved skulane er positiv til at norskseksjonane har hatt eit fagleg løft. På denne måten oppnår elevane ved skulane betre læring. Situasjonen på Firda og i Valdres er likevel ulik: Ved Firda er nynorsk eit sjølvsagt bruksspråk, medan det i Valdres er personavhengig kor mykje nynorsk som er brukt. Det er difor svært verdifullt, særleg for Valdres, at norskseksjonen har teke dette løftet.

### ***Endring av praksis***

Lærarane møter elevane med større tyngd og meir faglegheit. Målbyte og andre sensitive tema, som tidlegare ikkje vart tematisert, eller som vi ikkje visste korleis vi skulle møte, kan vi no setje inn i faglege samanhengar.

Ved begge skulane er det utarbeidd ein plan for korleis vi skal innarbeide resultatet frå prosjektet i det daglege arbeidet på skulen.

## **Nesset kommune, Møre og Romsdal**

### **"Skrive fagtekst"**

*"Men eg kan jo ikkje skrive fagtekst på bokmål!"*

(Elev med bokmål som hovudmål, 10. kl, eksamen)

*"Frekvensen av låneord på bokmål har gått veldig ned i elevtekstane. Vi har arbeidd mykje med nynorske fagomgrep og nøkkelord, og med primærtrekk på ordnivå. Elevane internaliserer og tek dei nynorske fagomgrepa i bruk både i skrift og tale på ein måte som viser at dei forstår innhaldet i dei."*

(Lærar på U-tinnet)

### ***Om prosjektet***

Prosjektperiode: 2010 – 2013. Eidsvåg barne- og ungdomsskule i Eidsvåg (3 skular) og Indre Nesset barne- og ungdomsskule, Eresfjord (3 skular). Nesset Kommune, Møre og Romsdal.

Omfang: Om lag 25 klassar, 380 elevar, 50 lærarar, 20 assistenter

I Eresfjord er nynorsk opplæringsmålet, i kommunesenteret Eidsvåg er opplæringsmålet bokmål, men på dei fleste trinna er det ein nynorskkasse og ein bokmålsklasse. Gjennom prosjektet ønskte lærarane å styrke alle elevane sine ferdigheter i å skrive fagtekstar på nynorsk. Uavhengig av hovudmål skal alle elevane lære både nynorsk og bokmål, og til eksamen skal jo alle elevane skrive både på nynorsk og på bokmål.

Det overordna målet med dette prosjektet har vore å betre elevane sine dugleikar i å skrive eigne fagtekstar på nynorsk. Med prosjektet ønskte ein også å få elevane til å oppleve at nynorsk skriftspråk eignar seg godt til fagtekstarbeid, gje dei meistringskjensle og gjere dei betre rusta til å ha nynorsk som bruksspråk seinare i livet. Målet var at alle elevane frå 1. -10. klasse i kommunen skulle få styrkt nynorskkompetansen sin, anten nynorsk er hovudmål eller sidemål. Lærarane sin kompetanse i fagtekstarbeid måtte derfor styrkast, slik at dei kunne gje elevane endå betre opplæring i emnet. Eit delmål er også å betre elevane sine dugleikar i å hente ut informasjon frå fagtekstar ved å bruke ulike læringsstrategiar, og ein ønskte å utarbeide manualar for skriving av fagtekst for kvart årstrinn på u-steget ved slutten av prosjektperioden.

### ***I praksis***

Elevane må lære korleis strukturen i ein fagtekst er for å kunne skrive gode tekstar sjølv. Derfor har det vore lagt spesielt vekt på kompetanseutvikling for lærarane i arbeid med å skrive fagtekstar, slik at dei skal kunne formidle og lære elevane det. Dette har skjedd ved ekstern kursing og ved intern opplæring i nettverk med jamlege samlingar i prosjektperioden. Undervegs har det vore gjennomført fleire kortare og lengre kurs. Alle lærarar og assistenter har delteke på kurs/planleggingsdagar om emnet. Dette har vore kursing av personalet med besøk av forelesrarar hovudsakleg frå Nynorsksenteret og Bro Aschehoug kompetancesenter. Anne Kristine Øgreid hadde ein kursdag i oppstartsfasen

i august 2010. Faggruppa og prosjektleiarene har delteke på FoU-seminar i regi av Nynorsksenteret, på alle Nynorskkonferansane i prosjektperioden og dei har vore på skulebesøk ved Nadderud videregående skole.

Det har vore sett av tid og ressursar i heile prosjektperioden til fagleg, forpliktande oppfølging i lærargruppa. Det har vore lagt vekt på å gje lærarane konkrete reiskapar, undervisningsmateriell og metodiske tips i arbeidet med fagtekst knytt til dei ulike faga. Vidare har lærarane overført denne kunnskapen til elevane, og har nytta ulike læringsstrategiar aktivt i arbeidet med fagtekstar, for å både lese og skrive seg til læring.

Prosjektet har vore styrt av ei prosjektgruppe og ei faggruppe. Prosjektgruppa, som har hatt det overordna ansvaret, har bestått av skuleadministrasjonen og faggruppa. Denne gruppa har hatt ansvar for innhald og lagt plan for framdrift. Faggruppa har lagt til rette det faglege innhaldet. Dei har instruert personalet i kvar oppgåve, og hatt ansvar for oppfølging og evaluering av desse. Dette er gjort gjennom regelmessige samlingar i løpet av dei tre åra. Det har vore lagt til rette slik at lærarane har hatt ei oppskrift på korleis dei skal gå fram med sine elevar og kva som har vore viktig å leggje vekt på. Oppgåvene har vore utforma slik at dei kan tilpassast ulike årstrinn og fag. Faglærarane i alle fag og på alle trinn har ansvaret for å utforme ein plan, setje opp vurderingskriterium og gjennomføre undervisningsopplegget i klassen sin. Slik har alle elevane på alle trinn i heile kommunen fått delta i prosjektet.

### ***Oppgåvene***

I løpet av prosjektet har alle lærarar og elevar vore gjennom åtte fagtekstoppgåver. Desse oppgåvene starta med dei grunnleggjande omgrepene "tema og kommentarsetningar". Vidare har dei omhandla oppbygging, produksjon og framføring av ulike fagtekstar. Oppgåvene har vore lagt til rette slik at lærarane har hatt ei oppskrift på korleis dei skal gå fram med sine elevar, og kva som har vore viktig å leggje vekt på. Faggruppa har utarbeidd modelltekstar, avsnittsskjema, ulike skriverammer og andre ressursar som lærarane har fått før dei går i gang med arbeidet i sin eigen klasse. Oppgåvene har vore utforma slik at dei kan tilpassast ulike årstrinn og fag. Faglærarane i alle fag og på alle trinn har ansvaret for å utforme vurderingskriterium og gjennomføre opplegget i sin klasse. Oppgåvene har vore gjennomførte etter denne strukturen:

1. Faggruppa legg fram oppgåve- og framdriftsplan i plenum på faste fellessamlingar.
2. Kvar faglærar utarbeider oppgåvetekst, undervisningsopplegg, tidsbruk og vurderingskriterium til klassen sin, ofte i samarbeid mellom ulike faglærarar på trinnet.
3. Gjennomføring i klasse. Undervegsvurdering.
4. Innlevering av førsteutkast av elevtekstar i Fronter, fellesrom for fagskriving i kommunen.
5. Kollegarettleiring. Erfaringsutveksling. Presentere tekstar og gje kvarandre tips og råd for vidare arbeid.
6. Vidare arbeid i klassen. Undervegsrettleiring og arbeid mot ferdig tekst.
7. Innlevering av andreutkast i Fronter, fellesrom for fagskriving i kommunen.
8. Kollegarettleiring. Erfaringsutveksling.

Denne framgangsmåten har vore gjennomført ved at lærarar og assistenter ved alle dei seks skulane har vore samla, eller ved at personalet har vore delt i Indre og Ytre distrikt

i kommunen. Slik har alle elevane på alle trinn i heile kommunen fått mogelegheit til å delta i prosjektet.

### ***Vurdering frå skulen***

Vi meiner at vi har kome langt i forhold til måla vi sette oss for prosjektet. Vi har både kome langt i forhold til å nå hovudmålet, dvs. betre elevane sine dugleikar i å skrive eigne fagtekstar på nynorsk, og vi har kome langt i forhold til alle tre delmåla:

1. Å få elevane til å oppleve at nynorsk skriftspråk også eignar seg godt til fagtekstarbeid, gje elevane meistringskjensle og gjere dei betre rusta til å ha nynorsk som bruksspråk seinare i livet. Alle elevane vil på den måten få styrkt nynorskkompetansen sin.
2. Styrke lærarane sin kompetanse i fagtekstarbeid, slik at dei kan gje elevane endå betre opplæring i emnet.
3. Betre elevane sin dugleik i å hente ut informasjon frå fagtekstar ved å bruke ulike læringsstrategiar.

I tillegg har vi i arbeid med dette prosjektet utvikla betydeleg vurderingskompetanse, ikkje berre i fagtekstsamanheng, men generelt i alle fag for heile det pedagogiske personalet. Me har styrkt det faglege og sosiale fellesskapet i skulen i heile Nessest kommune, og vi har hausta erfaringar som vi tek med oss i anna utviklingsarbeid seinare.

Samarbeid med eit eksternt kompetansemiljø, i dette tilfellet Nynorsksenteret, har vore til uvurderleg hjelp. Derfrå har vi fått fagleg påfyll og inspirasjon gjennom heile prosjektperioden.

### ***Endring av praksis***

I klasserommet har fleire lærarar på ungdomstrinnet begynt å bruke meir nynorsk i undervisninga si. Fleire lærarar er blitt medvitne om kor viktig det er å bruke dei nynorske omgrepa både munnleg og skriftleg, og elevane er som ei følgje av dette blitt flinkare og meir medvitne på å bruke nynorsk. Vi har fått eit nynorsk fagspråk som vi kan bruke. Lærarane har lært seg metodar som fungerer og har teke dei i bruk som reiskap i undervisninga. Lærarar og elevar har lært korleis fagtekstar skal byggast opp, og vi har fått eit meir medvite forhold til å bruke læringsstrategiar i mange samanhengar. Vi har lært at det er viktig at ein tek seg tid slik at eleven får setje seg godt inn i eit emne før han skriv.

I institusjonen er vi blitt flinkare til å samarbeide på tvers av fag, og vi har fått eit anna forhold til vurdering enn før: å arbeide med vurderingskriterium, kjenneteikn på måloppnåing og undervegsvurdering er no innarbeidd. Ved sentrumsskulen er det blitt kjøpt inn lærebøker på nynorsk i RLE til ungdomstrinnet. Lærarane i faget nyttar nynorsk som målform når dei underviser.

I kommunen er vi blitt flinkare til å samarbeide på tvers av skulane. Den faglege og sosiale fellesskapen er styrkt. Læringsstrategiplanen er blitt implementert i arbeidet vårt, og vi har innført bruk av Fronter gjennom prosjektet. Modellen for utviklingsprosjektet har fungert godt og vil bli nytta vidare

## ***Vidareføring***

Dei erfaringane vi har gjort oss gjennom prosjektperioden vil bli vidareført i det lokale læreplanarbeidet. På bakgrunn av arbeidet som er gjort, er det utarbeidd ein manual. Målet var å lage ein manual for ungdomstrinnet, men prosjektet har vist at dette ønskjer vi å arbeide med gjennom heile grunnskulen. Denne manualen inneholder derfor ein planmessig progresjon for korleis ein skal arbeide med fagtekst på alle trinn frå 1.-10.klasse. Den inneholder ferdig utarbeidde undervisningsopplegg for kvart tema inndelt etter trinn og nivå for måloppnåing. I tillegg inneholder den ein idébank med malar og eksempeltekstar. Prosjektet har slik sett gitt nyttige faglege og metodiske erfaringar og vi har utarbeidd strukturerte undervisningsopplegg som vi gjerne deler med andre. Manualen kan bestillast frå hausten 2013. Nytilsette lærarar må få opplæring i manualen og i fagtekstarbeidet, og dei vil få eit innføringskurs ved semesterstart kvar år framover. Fagtekstarbeidet vil bli følgt opp av leiinga, som skal sette opp ein tabell over i kva fag og til kva tid tekstar skal vere leverte inn i Fronter i kvart semester framover.

Dei viktigaste erfaringane vi har gjort oss er at skriving av gode fagtekstar er tidkrevjande, men det gir resultat. Elevane lærer ikkje berre korleis dei skal skrive ein fagtekst, dei sit også att med mykje kunnskap om emnet dei skriv om. Dei skriv seg til læring. Fagtekstar kan vi skrive og bruke i mange fag, også i dei praktiske faga. Vår erfaring er at fagtekstarbeidet treffer spesielt gutane, kanskje fordi det er meir konkret enn skjønnlitterært arbeid. Elevar og lærarar har sett kor viktig det er med gode vurderingskriterium og undervegsvurdering. Prosjektorganiseringa har heva personalet sin kompetanse, gitt felles fagleg ståstad og utvikla sosialt og fagleg fellesskap og har samla skulane i heile kommunen. Arbeidsomfanget har vore overkommeleg, det har vore ein del av det arbeidet vi skal gjere likevel, men forankringa i organisasjonen kunne ha vore endå betre. Vi kunne informert betre om at noko av vegen blir til medan vi går. Det er viktig å følgje opp innleveringsarbeid og vise at dei blir brukt til noko, t.d. erfaringsutveksling og deling av idear.

## ***Suksesskriterium for kompetanseheving og skuleutvikling:***

Skal fellesprosjekt lykkast, må vi ha organiseringa på plass: leiinga må delta, planleggje og setje av midlar, vi treng dyktige og motiverte fagpersonar til å leie arbeidet internt, og vi treng støtte frå eit fagmiljø utanfrå, her Nynorskcenteret. Vi må også setje av tid over fleire år. Organiseringsmodellen av prosjektet vil bli brukt i nye prosjekt i kommunen, og den prosjektprosesskompetansen vi har opparbeidd oss vil vi byggje vidare på.

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 14/2011-2012:  
<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering14?e=2891840/2015948>

Det har vore laga ein undervisningsfilm frå ein av skulane i prosjektet, Eresfjord barne og ungdomsskule, med tittelen "Lesing og skriving i samfunnsfag":

<http://www.skoleipraksis.no/lesing-skriving/filmar/lesing-og-skriving-i-samfunnsfag/>

## **Straumen skule, Tysvær kommune, Rogaland**

### **"Sjangerstova"**

*"Skuleeigar er blitt mint på og medviten om rolla Straumen skule har som nynorsk-skanse. Straumen skule stiller i fremste rekke her."*

### ***Om prosjektet***

Prosjektperiode: 2009 – 2013. Skjoldastrauen, Tysvær kommune, Rogaland.

Omfang: 5.-7. trinn, ca 40 elevar.

Tysvær kommune er nabokommune til Haugesund. Straumen skule har nynorsk som opplæringsspråk, men ligg tett opp til byen og merkar eit sterkt press frå bokmål. Elevane blandar inn mykje bokmål i skriftlege arbeid, og skulen ville prøve å betre dette gjennom å gje eit betre undervisningstilbod i og på nynorsk.

Prosjektet byggjer på kompetansen lærarar og elevar har fått gjennom prosjektet "Å skrive seg til lesing", eit prosjekt om tekstskaiping i begynnarpoplæringa i samarbeid med Arne Trageton. Skulen ynskte å vidareutvikle denne metodikken. Biblioteket skulle i auka grad formidle aktuell nynorsk litteratur innanfor dei ulike sjangrane og trong oppgradering på nynorsk litteratur. Skulen var i gang med å lage eigen progresjonsplan for læringsstrategiane då dette prosjektet starta.

Måla med dette prosjektet har vore at elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving med utgangspunkt i tekstar på nynorsk, og dei skal sjølv kunne lese og skrive tekstar på nynorsk i sjangrar som er relevante for fag. Med utgangspunkt i gode litterære modellar, skal dei lage ei samling av eigenproduserte tekstar i ulike sjangrar, med hjelp av varierte læringsstrategiar som læresamtale, tankekart, styrkenotat, spoletekst m.fl.

Tiltak som har vore sett i verk for å nå måla:

- Litteraturformidling, bibliotekbesøk før skriving.
- To elevar les den same boka og skal arbeide parvis med boka.
- Skrive bokmelding etter gjevne kriterium
- Elevane skriv prosessorientert.
  - Skrive faktatekst.
  - Elevane laga avis, gjennom elevbedrift
  - Arbeide i par med forteljing.
  - Tolking av dikt parvis.
  - Finne kjenneteikn på eventyr i eit folke- eventyr.
  - Elevane skal samanlikne eventyr frå andre land.
  - Dramatisere eventyr.
  - Elevane skal skrive eventyr eller segn.
  - Laga brosjyre til Verdas minste litteraturfestival.
  - Delta i den kommunale skrivestafetten.
  - Skrive fantasyforteljing

- Skrive ulike typar dikt.(Figurdikt, samanlikningsdikt, lögndikt, forteljande dikt osv.) Mottakarar for figurdikt har vore Comeniuspartnarar i Holland, og dikta måtte difor utformast også på engelsk.
- Elevane har skrive tekstar til boka som blir gitt ut i høve at kyrkja i Skjoldastrumen er 100 år. Elevane laga då dikt og dei valde seg eit interiør i kyrka dei skulle fortelje soga til
- Elevane framfører tekstane sine i gruppa og gir respons til kvarandre sine tekstar.
  
- Ulike “inspirerande oppgåver” underveis: Bruk av sansane i skildringar, munnleg forteljing om ein gjenstand dei har med heimafrå og vere ein god lyttar når nokon fortel noko.
- Skrivekurs “Dolly med dilla”
- Lage animasjonsfilm og vise filmen på skulekinodagen for heile kommunen. Respons på filmen dei hadde laga.
- Vi arrangerte ”Verdas minste litteraturfestival” før jul 2011, der me hadde forfattarar og litteraturformidlar frå Nynorsksenteret på besøk og elevane framførte musikkspillet om Ivar Aasen.
- Leselystprosjekt, deltaking på årlege aksjonar
- Kurs for lærarar på eigen og annan skule i ”Skriving som grunnleggjande ferdigheit – og nynorsk”

### ***Vurdering frå skulen***

Vi har gjennom Sjangerstova forbetra essensielle element i norskfaget. I arbeidet har vi dekt opp dei fleste kompetanseområda i norsk og også nokre mål i Kunst og handverk og Natur og Miljø.

Vi har, som målsettinga var, ei konkret samling av litteratur produsert av elevane gjennom 5 år. Gjennom arbeidet i Sjangerstova meiner vi, utan å ha forskingsmessig dekning for det, å ha auka skrivekompetansen til elevane i større grad enn ved tradisjonell undervisning.

Elevane fekk dette spørsmålet: Kva synest du om Sjangerstova ? Her er nokre av svara:

- Kjempegøy med mange ulike sjangrar.
- Eg likar best når eg får dikte opp ting (eventyr, forteljing)
- Mange gode diskusjonar når me jobbar to og to
- Lærer å samarbeide med andre
- Lærer å skrive på ulike måtar
- Kjekt å skrive tekstar
- Det er kjempegøy fordi då skriv du og lærer mykje, dette er favoritt timane mine
- Det er bra at me har to timer etter kvarandre
- Det er gøy og ein del tenking og skriving skadar jo ingen!!!

Erfaringane vi har gjort oss i Sjangerstova er gode. Elevane har vore aktive og positive til denne undervisningsforma vi har utvikla i Sjangerstova. Organiseringa der 5. -7. klasse

er med ser vi på som positiv for både lærarar og elevar. Vi vil fortsetja med arbeidet og organiseringa av Sjangerstova også etter at prosjektperioden er over våren 2013. Vi ser at dette prosjektet og har hatt bra effekt i «vurdering for læring». Elevane har fått øve seg på kriterium, mål, respons og kameratvurdering i denne forma for arbeid.

### ***Endring av praksis***

Før	No
Få litterære modellar på nynorsk	→ Fleire nynorske modellar
Læreboka sentral	→ Skriv for ulike formål og mottakarar
Grammatikk	→ Grammatikk når det trengst
-svak overføringseffekt til skriving	→ -elevane ser nytten i å lære grammatikk
Handskrift individuelt	→ Maskinskriving i par
Liten produksjon	→ Stor produksjon
Låg motivering for skriving	→ Høg motivering for skriving
Uklåre kriterium	→ Klåre kriterium som elevane er med på å utarbeide sjølv
Lærarrespons etter innlevering	→ Kontinuerleg kameratrespons, grupperespons og lærarrespons før innlevering.
Elevane liten kompetanse på respons	→ Elevane høg kompetanse på respons
Dårleg språkmedvit	→ Betra språkmedvit, (men blandar framleis med bokmål)

Klassane vil bli slått saman slik som no. Sjangerstova dekker store deler av måla i L06 og er ein rasjonell måte å undervise på, og vil bli vidareført i skulen sin profil og undervisningsplan.

Dei viktigaste erfaringane skulen har gjort seg er at

- Det er motiverande for elevane å jobbe saman på mellomtrinnet
- Får bruke kompetansen på ulike nivå til lærarane
- Elevane får god innsikt i sjangrar
- Integrere rettskriving i sjangerskrivinga
- Sjangerstove-opplegget passar alle elevar på ulike nivå

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 11/2011 her:

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering11?mode=window&backgroundColor=%23222222>

## **Os barneskule, Os kommune, Hordaland**

### **«Lese - skrive - snakke» Skriveopplæring i alle fag**

*"Skriveopplæring i alle fag krev satsing over tid. Det er dei oversiktlege opplegga med klare mål, gjerne med mønstertekstar og god oppfølging undervegs som gir dei beste resultata på sikt."*

#### ***Om prosjektet***

Prosjektperiode: 2010-2013. Omfang: 1.-7. trinn, 14 klassar.

Os kommune er nabokommune til Bergen. Skulane i Os har nynorsk som opplæringsmål, men som bynær kommune opplever ein også her eit særleg sterkt press frå bokmål. Det overordna målet med dette prosjektet har derfor vore at elevane skal bli flinkare til å skrive nynorsk i alle fag, at dei skal meistre grunnleggjande ferdigheter i lesing og skriving med utgangspunkt i tekstar på nynorsk, og at dei skal kunna lese og skrive tekstar på nynorsk i sjangrar som er relevante for faga.

Skulen ønskete å heve elevane sin generelle skrivekompetanse ved at skriving som grunnleggjande ferdighet skulle vere tydeleg i alle fag. Dette ville ein få til gjennom kompetanseheving for lærarane og å lage, gjennomføre og evaluere undervisningsopplegg som inkluderer skriving av fagtekstar, knytt til faga naturfag, RLE og samfunnsfag. Det er lærarar på 5.-7. trinn som har arbeidd mest med prosjektet. Dei andre lærarane har delteke på fellessamlingar med kompetanseheving og delt erfaringar. Erfaring viser at skriveopplæring i alle fag krev satsing over tid.

At prosjektet blir kalla «Lese – skrive – snakke» er eit resultat av erfaringane ein har gjort seg ved skulen over tid. Desse dugleikane heng saman, og det vert viktig å sjå dei i samanheng når ein planlegg undervisningsopplegg. Ved Os barneskule har dei gode erfaringar med å lage «undervisningspakkar» kring tema. Desse ønskjer dei å utvikle vidare ved å lage nye undervisningsopplegg, og ved å ha særskilt fokus på bruk av læringsressursar på nynorsk i lærebøker, faglitteratur og digitale kjelder. Skulen har arrangert leseaksjon av fagtekstar, og etterlyser fleire fagtekstar på nynorsk. I tillegg satsar skulen stort på å utvikle skulebiblioteket som læringsarena.

Prosjektet har vore styrt av prosjektleiar i samråd med leiinga ved skulen.

#### ***Ipraksis***

Kompetanseheving for lærarane

- Prosjektleiar har laga og presentert "glansbilete" for kva god skriveopplæring i alle fag inneber.
- Lærarane har fått innspel på/føredrag om kva god skriveopplæring inneber generelt - kva som må leggjast vekt på. Jamfør mellom anna Teksttrekanten og 10 tesar om god skriveopplæring frå Skrivesenteret.
- Lærarane har fått jamne innspel på godt gjennomførte skriveopplegg. Desse opplegga er samla i permar slik at dei lett kan takast i bruk av same trinn året etter.

- Kurs for alle lærarane om "Skriving som grunnleggjande ferdighet – og nynorsk"

Lage, gjennomføre og evaluere undervisningsopplegg som inkluderer skriving av fagtekstar - knytt til faga naturfag, RLE og samfunnsfag

- Skulen har gjennomført fleire skriveaksjonar. Lærarane på alle trinn har teke utgangspunkt i eit skriftleg oppdrag som inneber at dei lagar eit skriveopplegg, prøver det ut - og viser fram og deler erfaringar på fellessamlingar for lærarane i etterkant.

### ***Skulen si vurdering***

Skulen er kome eit godt stykke på veg med å utvikle skriveopplæringa i alle fag. Vi har utvikla generelt god kompetanse på skulen omkring skriveopplæring. Vi har i løpet av prosjektperioden fått nyansert bildet av kva god skriveopplæring inneber i praksis. Det kjem stadig nye lærarar på skulen som må få innføring i korleis vi tenkjer skriveopplæring i alle fag. Framover vil det vere viktig å halda jamt trykk på grunnleggjande ferdigheter i skriving og sjå desse i samanheng med dei andre grunnleggjande ferdighetene, og å kome med innspel og setja i gang aksjonar som kan bidra til at endå fleire lærarar gjer seg erfaringar som dei deler.

Vi ser at det vi legg fram av undervisningsopplegg på fellessamlingar bør vere så konkrete som mogleg og helst vise og drøfte elevtekstar. Å samle desse opplegga i mapper på trinna som også viser eksempel på elevtekstar er lurt.

Hos dei trinna som har arbeidd mest med prosjektet ser vi at elevane får meir overkomelege skriveoppgåver og betre oppfølging både i starten og undervegs. Det vert arbeidd med både form, innhald og føremål (jf. Skrivetrekanten). I tillegg har vi og innarbeidd i skriveopplegga deler av vurderingsområda knytt til utvalsprøvar i skriving: kommunikasjon, innhald, tekstopbygging, språkbruk, rettskriving og teiknsetjing.

Vi arbeider jamt og trutt med å få skriveopplegga, bruk av fagbøker og lesehefte på nynorsk inn i dei lokale halvårsplanane i faga – og at korleis ein vil arbeida med skriving skal kome tydeleg fram i desse planane. I tillegg er ein del av opplegga samla i eigen perm. Nokre opplegg ligg og på læringsplattforma.

### ***Endring av praksis***

Framover vil vi leggje vekt på

- At arbeid med skriveopplæring i skulen krev jamn satsing over tid, dvs. mange år.
- At oppgåvene vi lagar til elevane ikkje må vere for omfattande, - at arbeid med å skriva korte tekstar gir godt språkarbeid.
- At ulike innspel i starten og undervegs i skriveopplegga tener alle elevane på - og er særleg viktig med tanke på tilpassa opplæring.
  - Modelltekst
  - Mönstertekstar
  - Spørsmål

- Start på setningar
- Brubyggjarord
- Oppbygging av avsnitt
- Sjekkliste
- At god lese- og skriveopplæring i alle fag krev jamt arbeid med ord og omgrep for å auke ordtilfanget på nynorsk hos elevane.
- At det å ha reelle mottakarar og å skape meiningsfylte skrivesituasjonar aukar elevane sin motivasjon for skrivinga.
- At det er ein god strategi at alle elevane skriv om same emnet før dei skriv om forskjellige, t.d. alle skriv først fagtekst om Brasil, så kan dei velje eit land i Sør-Amerika som dei vil skrive om etterpå. Dette handlar om å byggje opp ferdigheiter i lag med elevane, gjennomføre læresamtalar undervegs og sjå i fellesskap på kva ein har lært om skriving av fagtekstar.
- At dersom elevane skal bli flinkare å skrive i alle fag må alle lærarar trø til – og vere skrivelærarar.

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 16/2012:

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering16?e=2891840/2015943>

## **Seljord ungdomsskule, Seljord kommune, Telemark**

### **"Seljord – frå ungdom til ungdom"**

*"Mange elevar gir uttrykk for ei meir positiv haldning til nynorsk, og at dei er stolte av heimplassen sin."*

#### ***Om prosjektet***

Seljord kommune, Telemark.

Omfang: 9. kl, to klassar. Prosjektperiode: 2010-2013

I Seljord er opplæringsmålet nynorsk, men dei har lenge sett at stadig fleire elevar vel bokmål som hovudmål når dei startar på ungdomstrinnet. Skulen ynskte å styrke elevane sine ferdigheiter i å skrive tekstar på nynorsk. I tillegg ynskte skulen å gje positive erfaringar med nynorsk for å få motivasjon til å lese og skrive på nynorsk.

Måla med dette prosjektet har vore å:

- Betre haldningane til nynorsk
- Få auka kunnskap om skriving i alle fag, ikkje berre i norskfaget
- Få auka erfaring om skriving av fagtekst og fokus på språk i alle fag
- Få kunnskap og erfaringar med skriving på nynorsk i alle fag
- Få kunnskap og erfaringar med å arbeide med prosjekt, tverrfagleg arbeid og samarbeid på tvers av fag

- Styrke lærarane sin kompetanse i fagtekstarbeidet på nynorsk

Seljord ungdomsskule har valt å arbeide med prosjektet på 9.klassesteg kvart prosjektår. På denne måten ville dei la flest mogleg lærarar og elevar få prosjekterfaring, og i tillegg spreie erfaringane med skriving av fagtekst på nynorsk på flest mogleg elevar. Dei har hatt ulike innfallsvinklar til skriving med ein raud tråd gjennom alle tre prosjektår, i staden for eitt tema for prosjekt gjennom tre år. Dette har stilt krav til at nokon kunne halde kontinuiteten i prosjektet, og Seljord kommune har stilt med pedagogisk konsulent som prosjektleiar i heile prosjektperioden.

Den raude tråden har handla om å bevege seg vekk frå vanleg klasseromsundervisning og bruk av lærebok. Det har handla om å bringe skrivande menneske utanfrå og inn i klasserommet, slik at elevane og lærarane skulle få kunnskap og inspirasjon frå menneske som arbeider aktivt med skriving innafor ulike sjangrar og media. Dei har ynskt at elevane skulle erfare ekte skrivesituasjonar for eit "ekte" publikum, og dermed få større forståing for kor viktig eit godt, levande og korrekt skriftspråk er.

Gjennom desse møta med engasjerte og nynorskmedvitne menneske, håpa dei også å få til motivasjon for nynorsk skriving. Dei har gjennom desse tre åra kopla nynorsk skriving med ulike fag og grunnleggjande ferdigheiter, som samfunnsfag, RLE, Kunst og handverk og digitale ferdigheiter, i tillegg til norsk. Dei har jobba innafor ulike sjangrar, slik som lyrikk, novelle, forteljing/bok, faktatekstar, artikkel, intervju, tekst/bilete og liknande. Eitt av måla med dette prosjektet har vore å ta i bruk nynorsk til å presentere Seljord som heimstad, turistmål og ein plass for ungdom, sett frå ungdomane sin ståstad.

## ***Ipraksis***

Tema og innhald dei ulike prosjektåra:

1.år: Skriving i alle fag: Eit fagdidaktisk "kinderegg" – Samskriving med hemmeleg forfattar.

- Betre dugleikane til elevane i å skrive tekst på nynorsk
- Utøve kritisk lesing og skriving
- Positivt møte med nynorsk litteratur
- Auka leselyst
- Lære djupnearbeid med aktuelle samfunnsfaglege tema for å styrke
- Samskriving/samarbeid med forfattar.

2.år: Skriving i alle fag: Meininga med livet – eit skriveprosjekt om tru og tanke. Arbeid med novelle og lyrikk knytt til faglege og etiske problemstillingar i norsk og RLE.

- Styrke elevane sin kompetanse i skriving av skjønnlitterær tekst og fagtekst på nynorsk
- Kunne reflektere, drøfte og argumentere ut frå problemstillingar rundt etikk, moral, menneskerettar, verdiar, liv og død m.m.
- Motivasjon og engasjement som utgangspunkt for lesing og skriving på nynorsk innan ulike sjangrar, spesielt lyrikk og novelle
- Skriving på nynorsk som grunnleggjande ferdigheit, med vekt på nynorsk grammatikk og rettskriving, presist og variert språk, utvida ordforråd.

3.år: Skriving i alle fag: Ta Seljord i bruk – frå ungdom til ungdom. Bruk av nynorsk for å presentere Seljord som heimstad, turistmål og ein stad for ungdom på eiga heimeside.

- Skriving på nynorsk som grunnleggjande ferdigheit, vekt på nynorsk grammatikk og rettskriving, presist og variert språk, utvida ordforråd.
- Digital kompetanse som grunnleggjande ferdigheit, skriving på web, samanheng mellom tekst og bilet.
- Formidling: få kunnskap om formidling, marknadsføring, presentasjon, kommunikasjon på web, språk, tekst og bilet.
- Skriving for eit publikum, kunnskap om krav til godt språk når ein skriv i det offentlege rom.
- Motivasjon for skriving
- Forståing for samanheng mellom identitet, lokal tilhørysle, dialekt og nynorsk

I det fyrste året med forfattarsamarbeidet, hadde skulen eit e-postsamarbeid med den hemmelege forfattaren. Ho gav elevane oppgåver som dei måtte sende svar på innan ein frist. Elevane jobba i grupper, og dei brukte ulike læringsstrategiar og idémyldringar for å finne idear på kva og kven boka skulle handle om, hovudpersonane, innleiinga, personkarakteristikkar, vidare handling i boka, neste kapittel, og liknande. I tillegg jobba dei i andre fag med bakgrunnsstoff til forteljinga, sende faktakunnskap til forfattaren, ting som kunne nyttast som ramme rundt forteljinga. Klassane jobba og mykje med kjeldekritikk. Elevane arbeidde parallelt med lesing av skjønnlitterære tekstar for å finne varierte og gode døme på bøker, innleiingar, skildringar, personar. Når elevane hadde arbeidd ferdig med tekstoppgåvene og fagstoffet, blei det sendt til forfattar som sydde det heile saman. Så sende ho framlegg til nytt kapittel, framlegg til nye oppgåver og utfordingar. Ho kunne til dømes gje elevane beskjed om å jobbe meir med språket, gje meir detaljerte skildringar av personane, naturen, klimaet, stemningar og liknande, i tillegg kunne ho utfordre dei på meir grundig faktasjekk og kritisk bruk av kjelder. I tillegg bad ho elevane om å lese korrektur på tekstframlegga hennar, og dei kunne gje ho tilbakemeldingar viss det var ting dei ikkje lika ved det ho hadde skrive. Til slutt hadde vi høgtideleg avduking av forfattar, der ho avslørte siste kapittel i forteljinga.

### ***Skulen si vurdering***

Lærarane har fått ny kunnskap, kjennskap til nye undervisningsmetodar og bruk av læringsstrategiar. Dei har plukka opp tips og fagdidaktiske opplegg gjennom kursopplegg, fagsamlingar og ressurssidene til Nynorsksenteret. Lærarane gir uttrykk for meir medvite arbeid med fagtekstar i andre fag enn norsk. Elevane har og gjort seg spennande prosjekterfaringar. Vi ser utvikling i elevane sitt skriftspråk, i bruk av skildringar, lyrisk språk, variasjon, ordforråd, rettskriving og språkleg medvit. Mange elevar er blitt betre skrivarar og dei har utvikla betre digital kompetanse. Lærarane ser ein auka motivasjon for skriving blant elevane. Mange elevar gir uttrykk for meir positiv haldning til nynorsk, og dei er stolte av heimplassen. Dei opplever det som positivt at dei fekk meir ansvar gjennom prosjektjobbinga, at dei fekk vere med å bestemme meir, og styre skuledagen meir sjølv. I refleksjonstekstane etter år nr. 1, skriv fleire elevar at det var spennande, moro og lærerikt å skrive saman med ein forfattar. Mange gir uttrykk for at dei er blitt flinkare til å formulere seg skriftleg, og blitt tryggare på kreativ skriving. Dei fleste syntest prosjektet var ein morosam måte å jobbe på, men ein del opplevde det som vanskeleg å skulle skrive alt på korrekt nynorsk.

I refleksjonstekstane etter det siste året skreiv dei mellom anna:

«Eg synes dette prosjektet var ei fin avveksling frå alt det andre me vanlegvis gjer på skulen. Det var bra det var på nynorsk for det er det me snakkar her i Seljord.»

«Eg opplevde mange positive sider med prosjektet, som at me fikk jobbe på ein anna måte enn me er vande med, og ein måte alle kanskje lika betre, i så fall gjorde eg det. Eg lika det å kunne vera meir ute, snakke med folk og samle inn informasjon ved å snakke med folk, og ikkje bare søke opp ting på nettet. Ein anna ting er at eg føler at eg fekk meir trening i å skrive nynorsk sidan det skulle vera heilt perfekt nynorsk. Noko me måtte rette og lesa korrektur på sjølve.»

«Noko av det viktigaste var å skrive på nynorsk og ikkje ha feil i teksten, så da måtte me få teksten vår korrekturlest av nokon andre, helst fleire enn ein.»

"Noko alle blei betre på er å skrive nynorsk, og det er bare superbra, sidan det kommer me nokså ofte til å ha nytte av"

"Men alt i alt synest eg at det har vere ein bra trening i å jobbe i gruppe og jobbe med prosjekt. Me har fenge betre digital kompetanse i løpet av prosjektet, og me har fått øving i å skrive på nynorsk. Eg synast at dette har vere ein veldig bra trening på oppgåver som ein kjem til å møte på seinare i livet"

### ***Endring av praksis***

Skulen ser at det er nyttig å legge tydelege føringer for at fagskriving skal skje i fleire fag, og at skrivinga ofte bør ha ein "ekte" adressat. Dei erfarer også at det er viktig at det blir lagt til rette for at tverrfagleg arbeid som styrker skrivinga får tilstrekkeleg førebuingstid, og at ein har tydlegare periodevise inndelingar i nynorsk/bokmål slik at det blir eit tydlegare fokus på rettskrivinga.

I klasserommet blir undervisningsopplegg og ressurssidene til Nynorsksenteret brukt meir aktivt enn før, og ein har auka tilfanget av gode fagtekstar og opplegg på nynorsk. Skulen vil fortsette med å gje elevane meir ansvar i fleire samanhengar, bruke prosjektmetodar meir, og dei vil bruke læringsstrategiar meir i undervisninga og arbeide meir med språkleg medvit i fagtekstar i andre fag enn i norsk.

Dette prosjektet viser at elevane jobbar ekstra bra med tekst som skal brukast "offentleg". Dette bør ein difor nytte seg av. Kan ein i tillegg finne oppgåver som elevane finn motiverande, er sjansen stor for god læring. Prosjektarbeid krev tydeleg struktur og klare forventningar til kva arbeid som skal bli gjort. Det 3. prosjektåret hadde svært tydelege rammer, og det gav ekstra gode resultat. Dette kjem skulen til å ta med i det vidare arbeidet.

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 11/2011:

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering11?e=2891840/2015952>

# **Volda ungdomsskule, Volda kommune, Møre og Romsdal**

## **"Skriveopplæring i alle fag"**

*"Det er alt for lite fagbøker på nynorsk!"*

Omfang: 8.-10. kl. 11 klassar. Prosjektperiode: 2010-2013

### ***Om prosjektet***

Volda kommune har nynorsk som opplæringsspråk, og ligg i eit område der nynorsk står sterkt, i det ein kan kalle kjerneområdet for nynorsk. Men ein såg at elevane hadde behov for å auke den skriftlege kompetansen sin, og ikkje minst å arbeide med skriving av fagtekstar. Volda ungdomsskule ønskte derfor å arbeide med skriving som grunnleggjande ferdighet i alle fag, også i dei faga som til no har vore sett på som munnlege fag.

Måla for dette prosjektet er at elevane skal verte meir medvitne språket sitt, og at dei skal utvikle det personlige språket sitt, såvel som fagspråket. Dei skal arbeide systematisk med skriving i alle fag. Det trur ein vil gjere dei meir kompetente i nynorsk, vere med på å auke graden av språkkjensle og i tillegg vere med på å auke kunnskapen og forståinga i dei ulike faga. Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk gjennom bruk av læremiddel og læringsressursar på nynorsk i faga samfunnsfag, naturfag og RLE. Elevane sine grunnleggjande ferdigheter i lesing og skriving skal styrkjast i desse faga.

### ***Ipraksis***

Volda ungdomsskule har innført faste skriveoppgåver i alle fag på alle klassessteg. Desse skal det arbeidast med i timer som blir kalla «Søk og finn». Dette arbeidet er tett knytt til biblioteket, og alle klassar har fått ein time fast på biblioteket. Skriveoppgåvene står nedfelt i planane til kvart einskilt fag, og dei er innskrivne i halvårsplanane. Informasjon til dei aktuelle lærarane har vorte gitt i form av eigne planar for skriveprosjektet kvart år.

### ***Skulen si vurdering***

Prosjektet har vorte implementert på eit årssteg om gongen. Dette har fungert noko lunde, men dersom vi skulle byrje på nytt hadde nok valet vore noko annleis. Det har vorte laga både eigne planar for skriveprosjektet, og vi har endra dei lokale læreplanane våre i tråd med prosjektet. Prosjektleiar kunne nok også ha tenkt seg å ha hatt ei leiing som hadde gitt sterkare og strammare føringar for gjennomføringa av prosjektet.

Leiinga ved skulen har vore positive til prosjektet og ser at det har ført til mykje god læring for elevane. På grunn av omstruktureringar og nye tilsetjingar har ikkje kontinuiteten vore som den burde med tanke på styring frå leiinga si side. Leiinga ser også at det er viktig å halde fram arbeidet med skriving i alle fag, ikkje minst fordi dette har vorte så poengert i utkasta til dei nye læreplanane i samfunnsfag og naturfag.

Lærarane våre seier at det har vorte gjort framsteg når det kjem til å skrive fagtekstar. Før var det ofte slik at dei aller fleste elevane skåra betre på skjønnlitterære enn på

sakprega tekstar. No er dette ikkje tilfelle lenger. Mange av elevane våre gjer det mykje betre på sakprega skriving. Vi har fått løn for strevet! Utfordringa vår er å få alle lærarane med på arbeidet med skriving i alle fag. I samfunnsfag og i RLE har det gått greitt, men når det kjem til naturfag har vi ein veg å gå. Lærarane seier også at det er viktig at dersom ein skal kunne halde fram med dette arbeidet, må rammene vere til stades. Eit slikt arbeid er det vanskeleg å få til utan deling og tid på biblioteket. Lærarane etterlyser også ein felles mal for arbeid med føring av kjelder.

Elevane har vore svært positive til prosjektet. Dei synest at det har vore kjekt å få fordjupe seg i eit emne på biblioteket og å arbeide med å skrive tekst der. Dei kunne ha tenkt seg noko meir tid når det kjem til gjennomføring av skriveøktene. Det har og vorte påpeika at det er lite fagbøker å finne som er på nynorsk.

### ***Endring av praksis***

Dei viktigaste erfaringane vi har gjort oss er at

- Det er viktig med ein fast struktur
- Prosjektet har ført til auka samarbeid mellom lærarar og i dei ulike faga
- Å få heile kollegiet med i arbeidet frå første stund er viktig
- Positivt med deling av klassa ein time i veka
- Elevane har vorte meir kompetente i å skrive sakprega tekstar og å nytte god nynorsk
- Elevane har vorte flinkare i arbeid med kjelder
- Å få tak i gode fagtekstar/bøker som er skrivne på nynorsk kan vere ei utfordring
- Å få arbeidet implementert på alle årsstega med ein gong ville nok vore betre enn å ta årssteg for årssteg, slik vi gjorde
- Ein stadig meir travel skulekvardag gjer at det kan verte uoverkommeleg dersom ambisjonane er for skyhøge - viktig at ein gjer prosjektarbeidet i staden for, ikkje i tillegg til alt anna ein gjer - det er det som vil endre praksis!

Heile skulen har vore med på løftet. Alle klassar har fått ein time med deling. Det fører til at ein ikkje berre får vere på biblioteket med halve klassa, ein får også ein time i veka på klasseromet til å for eksempel jobbe med munnleg engelsk. Norsklærarane har i stor grad endra praksis med tanke på bruk av modelltekstar og ikkje minst arbeid med dei sakprega tekstane, i nært samarbeid med dei andre faga. Dei lokale læreplanane har vorte endra etter kvart som arbeidet med skriveprosjektet har skride fram. Når ein no ser dei nye utkasta til læreplan i samfunnsfag og naturfag, syner det seg at vi er på god veg mot å endre praksis for å få til ei betre opplæring i høve skriving som grunnleggjande ferdighet.

## **Sund ungdomsskule, Sund kommune, Hordaland**

### **"Biletboka på ungdomstrinnet"**

*"Vi har fått eit spørsmål frå barnehagen om vi vil vere med på eit opplegg der våre 9.klassingar kjem på besøk til barnehagen og les sine eigne bøker for borna."*

Omfang: 9. kl, fire klassar, ca 80 elevar

Prosjektperiode: Skuleåret 2009-2012

#### ***Om prosjektet***

Sund kommune ligg utanfor Bergen, og opplever som mange andre bynære nynorskkommunar at elevane i stor grad går over til å skrive bokmål på ungdomstrinnet, og at dei blandar bokmål og nynorsk i skriftlege arbeid.

Biletbokprosjektet er eit fagleg samarbeid mellom norsk, kunst og handverk og biblioteket. Målet med prosjektet har vore firedele

1. at alle elevane på 9. trinn skal få gjenoppdage og gjenoppleve biletboka
2. at dei skal lære kva som ligg til grunn for ei biletbok
3. at dei skal få lære om teorien bak biletbøker
4. at dei skal få lage ei biletbok sjølve

Elevane skal nytte nynorsk språk i tekstane i si eiga biletbok og slik gjere seg erfaringar med nynorsk som litterært språk.

#### ***I praksis***

Elevane skal lage eigne biletbøker på data eller for hand, der dei nyttar relevant biletbokteori som bakgrunn for å lage biletbøkene. Elevane får presentert gode biletbøker og nynorske biletbokforfattarar gjennom eit samarbeid mellom skulen, skulebiblioteket og folkebiblioteket.

For å styrke elevane sitt arbeid med nynorsk skriftspråk har det vore arbeidd grundig med bruk av nynorsk ordbok på nettet. I teksten til biletbøkene må elevane tenkje nøye gjennom korleis dei skal få sagt mykje med få ord. Då må dei jobbe nøye med språket og då blir dei automatisk opptekne av å finne dei besteorda å bruke. Dette er med på å gje dei eit godt syn for det nynorske språket.

I starten av prosjektperioden får elevane ei innføring i biletbokteori og dei får sjå døme frå ulike biletbøker. Dei lærer om fargebruk, retning, lys/mørke, perspektiv og andre teikneteknikkar saman med språklege verkemiddel som metaforar, symbol, bokstavrim osb. Biletbøkene elevane sjølve har laga er fulle av biletbokteori og dei bruker denne teorien heile vegen. Dette gjeld illustrasjonane, fargane og også teksten. Det er lurt å bruke bilete og illustrasjonar frå andre biletbøker, for det er ein ting å høyre om teorien og ein helt annan å sjå døme.

Det neste er felles lesing i heil klasse av *Sinna Mann*, på Power Point. Dette opplever ein at har vore veldig vellukka alle åra det har vore jobba med biletbøker. Elevane har kvart år vore ganske entusiastiske til denne boka. Det er ei bok som både engasjerer og provoserer. Her får elevane prøve å tolke både tekst og bilet, og dei får sjå korleis illustratør og forfattar arbeider saman, og nokre gonger bruker bilet og tekst til å få fram meiningsa, medan dei andre gonger kan legga spor i biletet og andre gongar i teksten. Og då må lesaren leite og tolke fram ei meiningsa, eller fleire. Når elevane får sjå korleis denne boka er bygd opp med biletbokteorien i botnen, blir dei inspirerte til si eiga bok.

Ein elev kan vere flink til å tolke abstrakte symbol og få mykje ut av både bilet og tekst når det gjeld symbol og metaforar, medan ein annan kan ha vanskar med å forstå og sjå det abstrakte, men kan likevel fint få ei forståing av den konkrente handlinga. Meiningsa er at elevane skal få fleire omgrep dei kan arbeide med når dei jobbar med tekstar, og at dette kan ha overføringsverdi til andre tekstar, og slik har det også fungert.

Elevane blir delt inn i grupper på tre eller fire personar. Saman skal dei lagea eigne biletbøker med nynorsk tekst. Dei kan velje om dei vil bruke collageteknikkar, teikne for hand eller bruke datamaskin. Teksten kan dei skrive på data eller for hand, etter eige ønske. Når bøkene er ferdige, skal kvar gruppe presentere si eiga bok, lese boka for resten av klassen, fortelje kva dei hadde tenkt og forklare kva dei har nytta av biletteorien. Etter desse presentasjonane vurderer lærar og bibliotekar bøkene etter dei kjenneteikna elevane har laga på førehand. Til slutt får elevane tilbakemelding på produktet. Dei får ei skriftleg vurdering, og samstundes går lærar og bibliotekar gjennom bøkene høgt i klassen og fortel korleis dei vurderer bøkene, kvar dei har fått trekk og kva som er positivt med bøkene.

Det blir brukt ganske lang tid på dette kvart år, nesten to månader, men gevinsten er at kvar elev får tre ulike karakterar og vurderingar på arbeidet sitt. Elevane får ein veldig god kompetanse på samansette tekstar og dei lærer mykje om korleis dei lagar språklege bilet og fortetta språk. Alt dette er ting både elevar og lærarar har nytte av vidare, og vi meiner difor at det er verdt å bruke tid på dette.

Konklusjonen etter desse åra er at det ikkje er lett å motivere alle lærarane like mykje og få dei til å brenne for prosjektet på same måte som prosjektleiaren gjer. Dei som lettast lar seg engasjere er dei som er ganske trygge på seg sjølv som norsklærarar, som er genuint interessert i å lese, som er open for nye ting og som liker at elevane får vere kreative.

### ***Skulen si vurdering***

Vi hadde tre mål som vi tok frå læreplanen då vi starta. Desse føler vi at vi har nådd. Det første målet var at elevane skulle bruke ulike språklege verkemiddel. Elevane klarer å bruke både samanlikningar, symbol og språklege bilet i bøkene sine. Symbola klarer dei å lage både i illustrasjonane og i teksten. Dei jobbar med kontrastar og mykje humor og ironi, så dette får dei til.

Det andre målet var at dei skulle uttrykkje seg presist og med variert og nyansert nynorsk ordforråd. Elevane har generelt blitt utruleg flinke til å skrive fortetta og å bruke språklege bilet, noko vi trur har samanheng med dette biletbokprosjektet. Eit godt eksempel på at dette er noko vi jobbar med, er ei jente som sat og strevde med å

skriva ein god tekst. Dei skulle lage ein tekst om eit romvesen som keia seg og han skulle sjå ein plakat som freista med romreiser. Teksten hennar var flat og veldig refererande, og ho var ikkje nøgd. Då eg skulle hjelpe henne, snakka vi litt om korleis ho skriv noveller. Dette er nemleg ein elev som er flink til å gå tett på og til å skrive slik at ho treff ein nerve hos lesaren. Då vi snakka litt om at ho også måtte gå tettare på her og ikkje referera så mykje, skulle ho prøve på dette. Dei to tekstane var som natt og dag og eg spurte om ho kunne ta vare på dei slik at vi kunne ha dei som døme til seinare bruk. Det gjorde ho og her ser de korleis ho klarte å gjere teksten betre:

Førsteutkast:

Romvesenet Roger keiar seg på jorda! Det er ingenting å gjere på, no midt i sommarferien. Han har lyst til å oppleve noko nytt, og bestemmer seg for å ta ein ferie i verdsrommet.

Romvesenet Roger planlegg planetloffing, ei skikkeleg oppdagingsferd ute i rommet.

Roger fiksar litt på romskipet sitt, sånn at det ikkje skal bli øydelagd. Han kjenner at han gler seg

Endelege tekst:

Årh! Det er såååå keisamt her, tenkjer Roger-Romvesen. Køyre-bil-keisamt. Ikkje-få-sove-keisamt. Han subbar bortover gata, og plutseleg ser han den store plakaten. At han ikkje har sett den før! Plakaten lyser som ei gruve full av diamantar og påskesol. Roger-Romvesen forsvinn inn i draumen, og bestemmer seg for å reise. No, med ein gong!

Det sitrar i kroppen, Roger sprett rundt, fram, han jublar, hoppar, han er så glad! Han spring og bestiller, og kan reise om nokre timar. Han ser seg sjølv i det kulaste romskipet


Det tredje målet er at elevane skal tolke og vurdere ulike former for samansette tekstar, og det har dei fått god trening i gjennom prosjektet. Vi vil difor påstå at vi har nådd alle dei tre måla, i tillegg har elevane fått erfare at biletbøker er noko for ungdomar også. Mange biletbøker er all-alder-bøker!

### ***Endring av praksis***

I løpet av denne treårs perioden har det vore kompetanseheving på samansette tekstar og biletbøker blant kollegiet. Biblioteket er pålagt samarbeid med skulen, medan skulen kan velje om dei vil samarbeide med biblioteket. Dette prosjektet føler vi har vore med på å vise både for elevane og lærarane at det er nyttig å samarbeide. Samarbeidet mellom oss har vore slik at bibliotekaren har funne biletbøker, vore i klassane og presentert bøker, ho har nokre år vore innom klassane under arbeidet, ho er med på vurderinga, og det er ho som tar bøkene til trykking

Vi har fått eit spørsmål frå barnehagen om vi vil vera med på eit opplegg der våre 9.klassingar kjem på besøk til barnehagen og les sine eigne bøker for borna. Barnehageborna skal då lage enkle bøker i etterkant som igjen er inspirert av ungdomsskuleelevar sine bøker. Dersom våre elevar les bøkene for barnehageborna og snakk med dei etterpå, kan det jo godt henda barnehageborna har forstått bøkene på ein annan måte enn elevane våre hadde tenkt. Møtet mellom bok og lesar og møte mellom forfattar/illustratør/formidlar og lesar er interessant på alle nivå.

Biletbokprosjektet lever vidare på ulike måtar, og neste skritt kan vere å leggja lyd og lydeffektar til bøkene. Kanskje film også ein gong i framtida? Eit utviklingsarbeid skal jo vera i utvikling, og biletbokprosjeket skal halda fram med å vere dynamisk og i endring.



Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 8/2010

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering8?e=2891840/2015958>

## **Bø ungdomsskule, Bø kommune, Telemark**

**"Flink i norsk ved å følgje gamle og nye spor"**

*"Elevane er blitt meir positive til dialekt og mindre imot nynorsk."*

Omfang: 8.-10.kl (8 klassar)

Prosjektperiode: Skuleåret 2010-2013

### ***Om prosjektet***

Bø er randsonekommune for nynorsk midt i Telemark. Frå 81 % med nynorsk som hovudmål for under 10 år sidan, har no nesten 70 % bokmål som hovudmål og svært få elevar snakkar dialekt. Elevane har mista kulturelt fotfeste, men er meir positive til nynorsk når innpakninga er lett tilgjengeleg. Skulebiblioteket hadde før prosjektet få böker på nynorsk og desse var lite populære hos elevane. Kommunen har dårleg økonomi og lite blir brukt til innsats for skuleutvikling, men det er mange hardt arbeidande tilsette med stort elevfokus og positiv administrasjon på skulen.

Det overordna målet med dette prosjektet har vore å skape positive haldningar til dialekt og nynorsk som grunnlag for å bli god til å skrive, ved å skape grunnlag for eit meir positivt syn hos elevane på nynorsk som skriftspråk. For å få til dette ville skulen la elevane bli kjende med og sjå samanhengen mellom lokal historie, språk og kultur, lære om gards- og stadnamn i bygda, lære om eventyrforteljarar og samlarar, lære om bakgrunnen for to skiftspråk, bli kjent med Bø-dialekten og til slutt skrive ei eiga bok.

Prosjektet er innarbeidd i kommunens plan for kvalitetsutvikling i grunnskulen. Institusjonens plan er i tillegg til prosjektets plan å forbetre resultata ved grunnskuleeksamen i norsk, særleg i skriving av fagtekst. Prosjektet har vore organisert av ei gruppe med lærarar frå alle trinn og frå dei fleste fag, med skulebibliotekar og norsk-/engelsklærar som leiar. Med i gruppa var til dømes fagleiar i norsk og musikk samt rektor. Under gjennomføring av nokre av tiltaka var dei fleste lærarane på skulen involverte.

Dei viktigaste tiltaka ein ville sette i verk var

1. Kompetanseheving for lærarane, mellom anna ved å arrangere seminar med alle norsklærarane og planfeste fagdagar med skriving av fagtekst for elevane.
2. Sette opp ein musical på dialekt med lokale segner, folkedikting, folkemusikk og landemerke.
3. Kjøpe inn bøker til gruppelesing og skriving av bokmeldingar.
4. Prøve ut nynorske lærebøker for alle i eit fag i ein klasse.

### ***Ipraksis***

Tiltaka som har vore gjennomførte er t.d. eit svært motiverande besøk av ein lokal musikar frå Ni liv, og ein konkurranse blant elevane om dialektuttrykk på t-skjorter. Her har alle elevane på skulen samla vore med. Det har vore fleire fellessamlingar i personalet med orientering om ymse faglege tema knytt til prosjektet. Vi hadde eit seminar langt av garde over to dagar med alle norsklærarane og Marit Wadsten frå Nynorskcenteret med som ressursperson. Vi har hatt særskilte skrivedagar i klassene i samarbeid mellom til dømes naturfaglærar og norsklærar etter oppskrift frå seminaret.

Heile 9. trinn har på ein eller annan måte vore engasjert i musicalen "Steinodd + Astrid = sant" - med stigande tal på involverte lærarar ettersom generalprøva nærma seg. Det vart arrangert skrivekonkurranse organisert av skulen, der Bø Mållag stilte med premiar og dommar, og skulen fekk pris av mållaget for godt arbeid. Ved avslutninga av heile prosjektet vart det produsert bok og CD frå musicalen, og det er produsert ein Bø-kalender som elevbedrift i ein klasse. Kjeldestoff og bakgrunnsmateriale har vore henta frå bygdebøker og trykksaker produsert av det lokale mållaget.

### ***Skulen si vurdering***

Skulen ser heilt klart at det har vore eit auka fokus og kompetanseheving hos lærarane på bruk av dialekt, nynorsk skriftspråk og skriving av fagtekst. Det har vore meir lesing av gruppebøker spesielt og nynorske bøker generelt. Elevane er tydeleg blitt meir språkmedvetne. Om talet på elevar som vil ha nynorsk som hovudmål aukar, veit vi ikkje. Det ville nok ha vore ein fordel om vi hadde prøvd å engasjere og involvere foreldra meir direkte frå starten av prosjektet enn det som vart gjort. Elevane svarer i skjema at det var moro å prate dialekt under musicalen, og dei er positive til dialekt dersom ein kan det skikkeleg. Elevar som er blitt intervjua kom med fleire tips om korleis ein kunne jobbe med å ta vare på dialekt. Skuleleiinga meiner ein heile tida må jobbe med skuleutvikling og at dette er viktig for å unngå kvalitetssenkning. Prosjektet har i så måte vore vellukka. Gledeleg mange tilsette har vore aktive. Skulen er spent på resultata på fagtekstdelen ved eksamen frametter.

## ***Endring av praksis***

Det er blitt eit generelt større fokus på kva skriftspråk lærarane brukar i undervisninga si i klasserommet, og undervisninga i nynorsk og i fagskriving er klart forbetra. Det er lagt eit godt grunnlag for samarbeid mellom norsklærarane og lærarane i andre fag, noko som må til for å styrke fagskrivinga. Det vil bli gjort ein gjennomgang av lokal læreplan i norsk for komande skuleår, der ein vil gjere endringar som sikrar at fagtekstarbeidet held fram.

Trass i at nesten alle elevane snakkar bokmål uavhengig av kva dialekt foreldra pratar, og trass i at eit stort fleirtal har bokmål som hovudmål, er vårt inntrykk at elevane generelt er blitt meir positive til dialekt og mindre imot nynorsk.

Prosjektet er omtala i Nynorskopplæring nr 15/2012:

<http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplaering15?e=2891840/2029740>

## ***Bratteberg skule, Volda kommune, Møre og Romsdal***

*"Skriving av gode nynorske tekstar i alle fag"*

*"Den nyttigaste erfaringa vi har gjort oss er at elevane vert motiverte og ser nytten av skriving når vi legg opp til autentiske skriveprosessar, og at det er viktig for utviklinga av den språklege identiteten og stoltheita til elevane å samarbeide med eksterne aktørar som er gode nynorskspråklege førebilete!"*

Omfang: 5.-7. årstrinn, 6 klassar

Prosjektperiode: Skuleåret 2009-2013

### ***Om prosjektet***

Bratteberg skule ligg i Volda kommune, som er i nynorsken sitt kjerneområde og skulen har nynorsk som opplæringsspråk.

Målet med dette prosjektet har vore å utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk i alle fag, å utvikle språkleg sjølvtillit og sjølvkjensle og å utvikle og bruke gode læringsstrategiar og evne til kritisk tenking når ein les og skriv. Prosjektet er ei vidareføring av eit satsingsområde i programmet "Frå ord til handling", 2006-2008, initiert av UDIR. Bratteberg skule var deltakar i dette programmet. Prosjektleiar har hatt avsett ein time i veka for å leie og drive fram prosjektet, som har vore ein sentral del av teamet sitt arbeid. Vidare har det vore jamlege "drypp" med kollegadeling i skulen si fellestid. Det har vidare vore tett samarbeid med skuleleiinga, representert ved assisterande rektor.

Tiltak for å nå måla har vore

- Kurs og kompetanseheving for prosjektleiar og andre tilsette

- Samarbeid med eksterne krefter, profesjonelle aktørar i nærområdet som t.d låtskrivarar, reklamebyrå, Aasentunet og Nynorsksenteret
- Auka tekstproduksjon der vi har nytta prosessorientert skriving
- Auka lesnad av saktekstar/fagtekstar, mellom anna gjennom Norsk Barneblad

### ***I praksis***

Tiltaka har vore gjennomførte ved t.d. å arbeide med autentiske skriveprosessar med hjelp frå eksterne samarbeidspartar, t.d reklametekstproduksjon i samarbeid med Kib&Moritz reklamebyrå og skriving av "rap" i samarbeid med Runar Gudnason frå bandet "Side Brok". Skriveprosessar i klassen har resultert i produksjon av tekstar til "Bratteberg Forlag". Det har vore produsert både saktekstar og skjønnlitterære tekstar i prosessorientert skriving med undervegsrespons frå lærar og medelevar. Skulen har vore på besøk i Aasentunet for å verte meir kjent med Ivar Aasen, med påfølgande biografiskriving om han som ledd i identitetsbygginga til elevane, det har vore sett opp ein musikal, og elevar og lærarar har arbeidd med tekstar til musikk og drama.

### ***Skulen si vurdering***

Vi har nådd nokre av måla i høg grad og andre berre i nokon grad. Skriveprosessane med eksterne samarbeidspartnarar har vore ein stor suksess som har vore med på å løfte prosjektet. Dei eksterne samarbeidspartnarane har og vore viktig med tanke på å styrke elevane sin identitet og stoltheita deira over å vere nynorskbrukarar.

Prosessorientert skriving er ei ferdighet som tek lang tid å lære, og vi har nok ikkje funne alle "nøklane" for å få dette til å fungere optimalt enno. Elevane meiner at dei har blitt betre nynorskbrukarar, og alle seier dei er veldig eller noko stolte over å vere nynorskbrukarar. Dei meiner vidare at dei meistrar nynorsk rettskriving i stor eller nokon grad.

Å utvikle elevane si evne til kritisk tenking når dei les og skriv er berre nådd i nokon grad. Evne til kritisk tenking handlar i stor grad om modning. Elevane våre er unge, og dei vil utvikle seg vidare på dette området i tida framover. Dei fleste elevane ligg på nivå 7 i SOL-pyramiden. Det betyr at dei meistrar den tekniske lesinga og er klare for å arbeide meir med innhald, forståing og refleksjon. Lærarane sin kompetanse er viktig med tanke på i kva grad vi lukkast med måloppnåinga. Kurs og erfaringsdeling har gitt viktig "påfyll" i kollegiet. Lærarane er samde om at lesing og skriving er viktige satsingsområde. Skuleleiinga legg til rette for systematisk arbeid gjennom bruk av ressursar og organisering av timeplan. Skuleleiinga vil halde fram med å prioritere ressursar til lesing og skriving.

### ***Endring av praksis***

Dei viktigaste endringane i klasserommet etter dette prosjektet er bevisstgjeringa rundt tekstproduksjon og prosessane kring det å skrive ein tekst. Erfaringa er at vi lykkast best med skriveopplæringa når vi arbeider med skriving som ein autentisk prosess der vi skriv for eit klart formål, når vi skriv ikkje berre for å "øve".

I løpet av prosjektpersonen er det blitt mykje meir lagt vekt på å vere stolt av at vi skriv nynorsk enn det har vore før. Vi erfarer også at tema knytt til prosjektet er blitt ein

naturleg del av erfaringsdeling og kollegarettleiring, og fleire trinn enn dei som har vore med på prosjektet har teke i bruk «Bratteberg Forlag».

Det arbeidet vi har gjort vil naturleg verte implementert i det daglege skullearbeidet framover, og det eksterne samarbeidet har vore så positivt at prosjektleiar vil arbeide for at skulen prioriterer midlar til dette i budsjettet kvart år.

Den nyttigaste erfaringa vi har gjort oss er at elevane vert motiverte og ser nytten av skriving når vi legg opp til autentiske skriveprosessar, og at det er viktig for utviklinga av den språklege identiteten og stoltheita til elevane å samarbeide med eksterne aktørar som er gode nynorskspråklege førebilete.

## **Oppsummering av erfaringar etter prosjektperioden**

- Erfaringane frå alle prosjekta viser at når ein skriv nynorsk i fag er det særstakt viktig at lærarane arbeider grundig med å finne emnehjelp på nynorsk. Elevane les og ser lite nynorsk rundt seg, difor må skulen gje nødvendig hjelp til å utvikle elevane sine språkkunnskapar og språklege tryggleik, anten nynorsk er hovudmål eller sidemål.
- Når elevar skriv om eit fagleg tema, påverkar kjeldene elevtekstane sterkt. Når ein arbeider med skriving som grunnleggjande ferdighet på nynorsk, er det difor viktig å ha tilgjengelege tekstlege førebilete på nynorsk. Det kan vere modelltekstar og mønstertekstar, og det kan vera faglege kjelder i tillegg til læreboka. Nettleksikon som Nynorsk wikipedia (lenkje) og Allkunne (lenkje), dessutan nettavisa Framtida.no. og tekstbasen til Nynorsksenteret kan vera til god hjelpe i dette arbeidet.
- Å lese fagstoff på nynorsk vil også vere ei støtte når det gjeld syntaks, bindeord og anna når ein skriv på nynorsk. Til dømes vert bruk av passivformer framheva som eit trekk ved naturfagleg skriving. Dette gjer ein ikkje likt på nynorsk og bokmål. Døme: «Sukker løses opp i vann» / «Sukker vert løyst opp i vatn» eller «sukker kan løysast opp i vatn».
- Nynorske fagomgrep er mindre frekvente enn det same på bokmål. Difor er det viktig å arbeide grundig med både uttrykk og innhald i fagomgrepa, og at dei vert brukte aktivt i tale og skrift i klasserommet. Dette kan ein mellom anna gjere ved å arbeide med nøkkelord i lærebokteksten/fagteksten, tankekart, og å arbeide komparativt med fagomgrep på bokmål og nynorsk.
- Som fleire av rapportane frå dei enkelte skulane viser, gir det gode resultat når skulen og læraren legg vekt på å arbeide bevisst med språklæringa. Elevane får styrkt den nynorskspråklege kompetansen sin, dei blir tryggare, og det igjen verkar inn på språkleg stoltheit og språkleg sjølvkjensle. Som ein av lærarane ved Eidsvåg barne og ungdomsskole seier: " Frekvensen av låneord på bokmål har gått veldig ned i elevtekstane. Vi har arbeidd mykje med nynorske fagomgrep og nøkkelord, og med primærtrekk på ordnivå. Elevane internaliserer og tek dei nynorske fagomgrepa i bruk både i skrift og tale på ein måte som viser at dei forstår innhaldet i dei." Og erfaringane frå Bratteberg skule med å samarbeide med eksterne aktørar som brukar nynorsk med stoltheit i yrka sine, viser at desse blir språklege førebilete for elevane og at dette samarbeidet styrkjer elevane sin identitet og stoltheita deira over å vere nynorskbrukarar.

## **Andre samarbeidsprosjekt**



Janne Karin Støylen  
Gudrun Kløve Juuhl  
Hjalmar Eiksund  
Nynorsksenteret

Desse samarbeidsprosjekta har ikkje direkte noko med *Tiltaksplanen* å gjere. Nokre fekk støtte eitt år, medan andre har fått midlar over fleire skuleår. Somme av desse skulane har òg framleis eit formalisert samarbeid med oss.

### **Kommunale prosjekt**

#### ***Jølster kommune, Sogn og Fjordane***

##### ***Nynorsk skaparkraft***

Jølster kommune fekk hausten 2012 midlar frå utdanningsdirektoratet gjennom satsinga "kulturskuleløftet", der målet er å gje smakebitar av kulturskuletilbod tilgjengeleg for fleire. I Jølster har vi valt å gjere dette gjennom prosjekt og aktivitetar i alle aldersstega i grunnskulen dette skuleåret. Nynorsk, lokal identitet og elevane si eiga skaparkraft har vore viktig. Prosjektet «Nynorsk skaparkraft» har tatt utgangspunkt i den nynorske identiteten i Jølster og vidarefører tanken om kjennskap til eiga bygd. Ved å knyte kunstnarane Nikolai Astrup og Ludvig Eikaas til nynorsk og skaparkraft har prosjektet arbeidd både språkleg og visuelt. Elevane har fått bruke si eiga skaparkraft og vore kreative gjennom ord og bilete. Gjennom skuleåret har klassane fått besøk av forfattarar og kunstnarar. Elevane har skrive tekstar som til sommaren vert bok og avis, og det er laga ei mengd flotte kunstverk i ulike teknikkar. Elevane har også skrive sine eigne rap'ar på dialekt, og det er laga ei teaterframsyning inspirert av historia til Jølster.

#### ***Stord kommune, Hordaland***

##### ***Fokus på fagtekst***

Stord har nynorsk som skulespråk. Prosjektet omfattar fem av dei elleve kommunale skulane i Stord. Gjennom prosjektet ønskjer kommunen å styrkje lærarane sin kompetanse i fagtekstarbeid på nynorsk, slik at dei kan gje elevane betre opplæring i emnet. Stord kommune ønskjer å få fagtekstskriving inn i alle fag for slik å betre elevane sine dugleikar i å hente ut informasjon frå fagtekstar. Dette gjer ein delvis ved å bruke ulike læringsstrategiar. Kommunen ønskjer å fremje elevane si læring ved aktiv bruk av

tilbakemeldingar og vurdering for læring. Eitt av måla med prosjektet er å utarbeide ein mal for skriving av fagtekst for kvart årstrinn. Høgskulen Stord/Haugesund er òg involvert i arbeid med prosjektet.

## **Einskildskular**

### ***Åssiden vgs, Drammen kommune, Buskerud***

#### ***Leseprosjekt***

Prosjektet har omfatta elevar ved allmenn påbygging. Elevane i prosjektet har i mange tilfelle ikkje vore i kontakt med nynorsk som sidemål sidan tiande klasse. Gjennom faste leseøkter med nynorsk litteratur har lærarane ønskt å gjere elevane kompetente i begge målformene. Prosjektet har hatt både kortsiktige og langsiktige mål. Den umiddelbare nytten for elevane har vore å lykkast med sidemål som fag via lesestunder. På lengre sikt har målet vore å bidra til at elevane blir komfortable med å lese all norsk tekst.

### ***Erdal ungdomsskole, Askøy kommune, Hordaland***

Ved Erdal ungdomsskole har midlane gått til innkjøp av ungdomsromanar til bruk i tverrfaglege prosjekt ved skulen. I norskplanen står det at elevane skal fordjupe seg i eit forfattarskap.

### ***Hop ungdomsskole, Bergen kommune, Hordaland***

#### ***Bruk av nynorsk littteratur i sidemålsopplæringa***

Ved Hop ungdomsskole har støtte frå Nynorsksenteret i stor grad gått til innkjøp av nynorsk litteratur, og då klassesett av fleire bøker til bruk på alle årsstega (8.-10.). Prosjektet har vore leia av bibliotekaren

### ***Torstad skole, Asker kommune, Akershus***

#### ***Nye vegar til betre nynorsk***

Skuleåret 2012-2013 gjennomførte tiande steget ved Torstad ungdomsskole (6 klassar) prosjektet Nye vegar til betre nynorsk. Prosjektet handla om å betre elevane sine haldningar til og prestasjonar i nynorsk som sidemål, knytt saman med arbeid med grunnleggjande ferdigheiter.

Elevane i tiande har arbeidd med munnlege ferdigheiter gjennom dramakurs på Det Norske Teatret og gjennom dramaveka på skulen. Dei har hatt kurs både i å skrive sakleg og spennande på nynorsk, det siste med forfattaren Magnhild Bruheim. Dei har hatt skrivekonkurranse på nynorsk, der vinnarbidraga vart lesne opp for heile skulen og trykte i heftet «Torstad tekst». Arbeid med lesestrategiar har bidrege til at elevane ikkje stoggar opp i møte med nynorske tekstar. Bibliotek og bibliotekar har vore aktivt med, mellom anna gjennom å kjøpe inn og formidle nynorsk litteratur og gjennom å organisere skrivekonkurransen. Elevane vart spesielt inspirerte under arbeidet med drama. Lærarane oppsummerer at munnleg aktivitet og leik ufarleggjorde nynorsken.

Ein del av prosjektet har også vore at kommunikasjon frå lærarane til elevar i vekeplanar og på Fronter har vore på nynorsk, som eit grep for å gjere nynorsk synleg i skulekvardagen. Skuleåret 2013-14 er prosjektet utvida til å gjelde heile ungdomssteget, der ulike tiltak er fordelt ut over trinna, og ei felles nynorskveke bind det saman

# Litteraturliste

- Aasen, P., Møller, J., & Prøitz, T. S. (2009). *Rapport 42/2009 Kunnskapsløftet - tung bør å bære?* Universitetet i Oslo, ILS. NIFU STEP.
- Hertzberg, F. (2011). Skriving i fagene - viktig, riktig og nødvendig. I K. Flyum, & F. Hertzberg, *Skriv i alle fag - Argumentasjon og kildebruk i videregående skole* (ss. 9-20). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jansson, B. K. (2012). Tidlig start med skriving på begge målformer. I S. Matre, & A. Skaftun (Red.), *Skriv! Les! 1 : Artikler fra den første nordiske konferansen om skriving, lesing og literacy* (ss. 101-124). Trondheim: Akademia forlag.
- Jansson, B. K., & Traavik, H. (2012). Tidleg start med nynorsk. *Nynorskopplæring nr. 14.*
- Kulturdepartementet. (2007-2008). *Mål og mening - Stortingsmelding nr. 35.*
- Kunnskapsdepartementet. (2007-2008). *Språk bygger broer - Stortingsmelding nr. 23.*
- Kunnskapsdepartementet. (2006). *Kunnskapsløftet.* Henta frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/kunnskapsloeftet.html>
- Kunnskapsdepartementet. (2012). *Rammeverk for grunnleggende ferdigheter.* Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Nilsen, L. L. (2008). Haugtussa som barnelitteratur. *Norsklæraren nr. 3.*
- OECD. (2002-2004). *Language Education Policy Profile.* Strasbourg: Language Policy Division.
- Smidt, J., & Overrein, P. (2009). Skriving i samfunnsfag i videregående skole - på vei mot samfunnsfaglige fagtekster? I J. Smidt, G. Vatn, & I. Folkvord, *Skriving i kunnskapssamfunnet* (ss. 95-126). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Smidt, J., & Overrein, P. (2010). Begrep og makt - begrepslæring og samfunnsbilder i skriving i samfunnsfag. I J. Smidt, *Skriving i alle fag : innsyn og utspill* (ss. 231-254). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Språkrådet / Synovate. (2011). *Norsklærerers holdning til eget fag.* Henta frå <http://www.sprakrad.no/upload/Norskl%c3%a6rerers%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf>
- Traavik, H. (2011). *Då eg lerte å lesa va det akurat som vera blei snud opp ned.* Henta frå [http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU\\_rapport/HildeTraavik\\_VerdaSnudd.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/HildeTraavik_VerdaSnudd.pdf)
- Traavik, H. (2012). Skriving og lesing hand i hand. Revisjon av fagplanen i norsk. Eit godt høve til å gi elevar ein tidleg start med "det andre skriftspråket". *Utdanning nr. 12/2012.*
- Traavik, H., & Alver, V. (2008). *Skrive- og lesestart. Skriftspråksutvikling i småskolealderen.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Traavik, H., & Jansson, B. K. (2013). *Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7.* Oslo: Universitetsforlaget (u.u.).
- Traavik, H., & Jansson, B. K. (2013). *Norsk boka, bind 1 og 2.* Oslo: Universitetsforlaget (u.u.).
- Utdanningsdirektoratet / TNS Gallup. (2006). *Kartlegging av sidemålsundervisningen på 10. trinn og VK1, allmennfaglig studieretning.* Henta frå <http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Rapporter/Sidemalsrapport.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (2011). *Tiltaksplan for Nynorsksenteret 2009-2012.* Henta frå <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Tiltaksplan2011.pdf>
- Vulchanova, M., Asbjørnsen, M. F., Åfarli, T. A., Riksheim, B. R., Järvikivi, J., & Vulchanova, V. (2013). *Flerspråklighet i Norge.* Trondheim: NTNU/Språkrådet.